


# ÅRSRAPPORT NTNU 2021



# Årsrapport 2021

Årsrapport med årsrekneskap for 2021 og planar for 2022.



NTNU – kunnskap for ei betre verd

Framsidebilete: Studentar på 5-årig master i bygg- og miljøteknikk og på ingeniørvitenskap og IKT i og utanfor Zeb-laboratoriet i Trondheim. Foto: Geir Mogen / NTNU

## INNHOLD

<b>ÅRSmelding for styret ved NTNU .....</b>	<b>5</b>
<b>INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL .....</b>	<b>11</b>
<b>AKTIVITETAR OG RESULTAT I 2021 .....</b>	<b>19</b>
3.1 Gjennomføring av årsplan 2021 .....	21
3.2 Ressursgrunnlaget i 2021 .....	42
3.3 Styringsparametar .....	43
3.4 Rapport om øyremerkte løyingar.....	56
<b>STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA .....</b>	<b>61</b>
4.1 Overordna vurdering av status for 2021.....	62
4.2 Internrevisjonar i 2021 .....	62
4.3 Aktivitetar i 2021 .....	62
4.4 Informasjonstryggleik og GDPR .....	63
<b>FELLESFØRINGAR OG ANDRE KRAV I TILDELINGSBREVET .....</b>	<b>65</b>
5.1 Inkluderingsdugnaden til regjeringa .....	66
5.2 Berekraftsmåla til FN .....	66
5.3 Oppfølging av digitaliseringstrategien for universitets- og høgskulesektoren.....	66
5.4 Samfunnstryggleik og beredskap (SOB) og tryggleik etter tryggingslova .....	66
5.5 Handtering av covid-19-pandemien.....	67
5.6 Likestilling og mangfold.....	69
5.7 Medverknad – oppfølging av Fafo-rapporten om tilsettmedverknad ved NTNU .....	69
5.8 Campusutviklingsplanar og større byggjeprosjekt .....	69
<b>VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER .....</b>	<b>73</b>
6.1 Årsplan 2022 – kvalitet, berekraft og eitt NTNU.....	74
6.2 Budsjett 2022.....	75
6.3 Overordna risikovurdering .....	75
<b>ÅRSREKNESKAP 2021.....</b>	<b>79</b>
7.1 Leiarkommentarar til rekneskapen for 2021.....	80
7.2 Prinsippnote SRS .....	82
7.3 Resultatrekneskap .....	84
7.4 Balanse .....	85
7.5 Kontantstraumoppstilling .....	87
7.6 Løyvingsoppstilling .....	89
7.7 Notar .....	90
7.8 Tabellarar .....	113



1

# ÅRSMELDING FOR STYRET VED NTNU

Gjennom 10 styremøte i 2021 har styret behandla 55 saker og fått 27 orienteringar. Val til nytt styre ble gjennomført våren 2021 og nye styremedlemmar var på plass frå styremøtet i august. Styreleiar Nils Kristian Nakstad blei takka av og erstatta av Remi Eriksen som ny styreleiar. Andre endringar i samansettninga av styret går fram av oversikta under.

Styret har i 2021 tilsett dekanar, direktør for Vitskapsmuseet, og viserektorer i Gjøvik og Ålesund for ein ny åremålsperiode. I 2021 har styret òg vedteke endringar i organiseringa av Fellesadministrasjonen og tilsett ny direktør for organisasjon og infrastruktur.

### VIKTIGE AKTIVITETAR OG RESULTAT I 2021

For 2021 vedtok styret åtte mål for NTNU, tufta på pilaren kvalitet, berekraft og eitt NTNU. Overordna sett er styret nøgd med korleis måla er oppnådd. Verksemda har også i 2021 vore prega av koronapandemien, og styret verdset innsatsen som er lagt ned for å halde hjula i gang, både av studentar og tilsette. Framover vil styret sjå til at NTNU tar med seg innsikta som er tileigna gjennom pandemien. Sentralt i dette vil vere kva NTNU skal ta med vidare av nye måtar å arbeide, undervise og vurdere på.

Pandemien har så langt ikkje hatt negative verknader på samla produksjon av studiepoeng eller graden av gjennomføring i studiane. Det er heller ingen store endringar i framdrifta for ph.d.-kandidatane, og tal for første halvår 2021 tyder på at talet på doktorandar som er ferdig utdanna frå NTNU vil fortsette å auke. Styret vil framleis rette merksemrd mot negative effektar av pandemien på det psykososiale miljøet til studentane, kvaliteten på utdanninga, og læringa til studentar og stipendiatar. Ei anna bekymring er den reduserte tilgangen til faglege nettverk og høve til utanlandsopphold.

NTNU har innanfor forsking oppnådd mange framfrå faglege resultat i 2021. Anders Jahres pris til yngre forskrarar blei i 2021 tildelt NTNU-professor Barbara van Loon for hennar studiar av celler sin respons på DNA-skade – forsking som gjev grunnlag for å utvikle betre kreftbehandling. Forskningsrådets Innovasjonspris 2021 blei tildelt koronatesten som NTNU-forskarane Magnar Bjørås og Sulalit Bandyopadhyay har utvikla. Utviklinga av denne testen viser NTNUs potensial for innovasjon frå langsigkt grunnleggande forsking.

Etter at målet om 1 mrd. kroner frå Horisont 2020 blei nådd, rettar NTNU no merksemra mot å hevde seg i Horisont Europa. Etter at to nye partnarskap kom på plass i 2021, deltek NTNU no i fem partnarskap i

nettverket Knowledge and Innovation Communities (KIC) i Horisont Europa. Våren 2021 fekk NTNU to ERC Advanced Grants. Stadig fleire miljø søker ERC, og fleire går til andre runde. Sjølv om det framleis er ein veg å gå, vil styret gje honnør til den systematiske innsatsen som blir lagd ned for å auke kvaliteten i søkerne. NTNU er det universitetet i Noreg som gjer det best innan prosjekt i Erasmus+. Styret meiner like fullt at NTNU har potensial til å strekkje seg mot endå høgare mål.

NTNU fekk Utdanningskvalitetsprisen for høgare utdanning for andre år på rad i 2021. Emnet Tverrfagleg samarbeids- og endringskompetanse for ein berekraftig utvikling, betre kjent som Ekspertar i team, fekk årets pris. Saman med lærdom frå prosjekta Framtidas teknologistudium og Framtidas HUMSAM-studium, ønsker styret at kunnskap frå dette arbeidet skal spreia til fleire delar av NTNU.

Tal frå Samordna opptak våren 2021 viser at NTNU held statusen som Noregs mest populære universitet ved lag. 17 % av alle søkerar til høgare utdanning hadde NTNU som førsteval, og både Gjøvik og Ålesund sette nye søkerrekorder. NTNU ønsker at alle studentar, utan omsyn til nivå, skal få ei grunnleggande systemforståing av berekraft, og målet er at kandidatar frå NTNU kan bidra til berekraftig utvikling innan sine fagfelt og yrke. Styret følger arbeidet med utvikling av studieporteføljen tett og er opptekne av at berekraft og relevans for arbeidslivet blir forsterka i utdanningstilboda.

NTNU er blant dei største i landet på vidareutdanning som gir studiepoeng. I 2021 er det laga fleire nye studietilbod som legg til rette for livslang læring, blant anna tilbod som møter behov frå industrikynger og bransjar i omstilling. Rolla til NTNU som leverandør av kunnskap og kompetanse krev tett samspel med både privat næringsliv og offentleg sektor. Styret vedtok i 2021 ein ny modell for Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA), og det skal mellom anna opprettast eit nytt NTNU RSA Toppleiarforum.

Styret har følgt dei store investeringsprosjekta Ocean Space Center og NTNU Campussamling tett. Dette er to svært viktige prosjekt for landet og for NTNU. Styret er spesielt uroleg for rammene for NTNU Campussamling og meiner at ytterlegare kutt vil gjere realisering av campussamlinga i Trondheim svært krevjande, om ikkje umogleg.

### BRUK AV RESSURSAR OG INTERNKONTROLL I 2021

Koronapandemien har ført til at både kostnader og inntekter har falle bort, og den samla verknaden i 2021 er eit markert mindreforbruk og auka avsetjingar. NTNU skal bygge ned avsettingane planmessig dei neste åra ved å realisere strategisk viktige investeringar i oppgradering av bygg og infrastruktur.

Styret meiner NTNU har bra styring og kontroll, og forvaltar ressursane forsvarleg og effektivt. Internrevisjonen har i 2021 vurdert status for internkontroll og risikostyring ved NTNU, og arbeidet med å kartlegge risikobilde er utvikla vidare gjennom året. Styret ser fram til ytterlegare metodisk forbetring av risikostyringa i 2022. Styret har også handsama internrevisjon om informasjonssikkerheit og er opptekne av at informasjonssikkerheit og personvernombordet framover blir innlemma i den heilskaplege verksemdstyringa og internkontrollen ved NTNU.

I 2021 har styret handsoma fleire klagesaker om vedtak om avslutting av tilsetting. Slike saker er krevjande. Styret vil følge opp at NTNU tek lærdom av slike saker, mellom anna i leiing og konflikthandtering. Styret har uttrykt bekymring for kapasitet og kompetanse i leiarstøtte på fleire nivå. Føremålet er å hindre at det oppstår konfliktar i arbeidsmiljøet som eskalerer. Styret har initiert og handsoma ei sak om medverking ved NTNU og det blir sett i verk tiltak på område der det er naudsnytt.

Styret er nøgd med at delen av mellombels tilsette minkar, men vil sjå til at vedtekne måltal for reduksjon av slike stillingar blir følgde opp med tiltak framover. NTNU arbeider langs fleire aksar for å skape betre kjønnsbalanse og eit meir jamstilt universitet.

At pandemien har vara så lenge, gir stor slitasje på den enkelte tilsette og student. Verdien av å ha gode arbeids- og læringsmiljø og campus som møteplass for menneske har blitt tydeleg. Etter fleire år med ABE-kutt samtidig med mange parallelle utviklingsprosjekt, opplever tilsette ved NTNU ein slitasje og eit endringstrykk som er stort også utan Covid-19. I sum er dette krevjande for organisasjonen og styret ser med uro på kva for konsekvensar dette kan få for den faglege verksemda ved NTNU.

Styret er spent på korleis rammevilkåra og løvingane til universiteta og høgskulene utviklar seg framover. Styret registrerer meir direkte politisk styring på nokre område, og når løvingane til forsking på sentrale konkurransarenaer samtidig er under press, gir dette avgrensa fleksibilitet.

### STYRETS PRIORITERINGAR FOR 2022

NTNU har over nokre år hatt kvalitet, berekraft og eitt NTNU som sentrale pilarar for arbeidet og dette blir ført vidare, samtidig som det vil bli lagt større vekt på formidling. NTNU sin årsplan for 2022 vektlegg samanheng i planverket. Årsplanen konkretiserer ambisjonane i strategien om å styrke NTNU som universitet, samtidig som den legg opp til å møte behov og forventingar frå samfunnet, mellom anna som resultat av koronapandemien. Under strammare budjetrammer framover vil NTNU måtte prioritere endå tøffare og koordinere ulike utviklingsarbeid betre.

NTNU vil også i 2022 prioritere å ta vare på studenter og tilsette, og vidare utvikling av gode lærings- og arbeidsmiljø. Psykososialt læringsmiljø, arbeidsmiljø, hindring av konfliktar og arbeid for å minke delen av mellombels tilsette er prioriterte tema. Dette byggjer også opp under det langsigkt målet om auka utdannings- og forskingskvalitet.

Arbeidet med ny utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet blir viktig i 2022, og styret ser fram til å samarbeide med departementet om dei sentrale måla for utvikling av NTNU framover.

Trondheim 10. mars 2022



<b>MEDLEMMAR I STYRET - 01.01.21 -31.07.21</b>	
<b>Eksterne representantar</b>	
Styreleiar Nils Kristian Nakstad	
Nina Refseth	
Maria Strømme	
Bjørn Otto Sverdrup	
<b>Interne representantar:</b>	
<i>Representantar for dei vitskapeleg tilsette:</i>	
Kristin Melum Eide	
Aksel Tjora	
Tim Torvatn	
<i>Representantar for studentane:</i>	
Mathilde Eiksund	
Simen Ringdahl	
<i>Representant for mellombels vitskapeleg tilsette:</i>	
Ingvill Stuvøy	
<i>Representant for dei teknisk-administrativt tilsette:</i>	
Kjersti Møller	

<b>MEDLEMMAR I STYRET - 01.08.21 – 31.12.21</b>	
<b>Eksterne representantar</b>	
Styreleiar Remi Eriksen	
Jan-Frode Janson	
Nina Refseth	
Bente M. Stallknecht	
<b>Interne representantar:</b>	
<i>Representantar for dei vitskapeleg tilsette:</i>	
Bjørn Helge Skallerud	
Aksel Tjora	
Ingrid Bouwer Utne	
<i>Representantar for studentane:</i>	
Amalie Farestvedt	
Jørgen Valseth	
<i>Representant for mellombels vitskapeleg tilsette:</i>	
Idd Andrea Christensen	
<i>Representant for dei teknisk-administrativt tilsette:</i>	
Kjersti Møller	

Vedtak i styret 10. mars 2022:

Styret vedtek styrets årsmelding for 2021.

Remi Eriksen  
Styreleder

Jan-Frode Janson

Nina Refseth

Bente M. Stallknecht


Bjørn Helge Skallerud

Aksel Tjora

Ingrid Bouwer Utne

Amalie Farestvedt

Kjersti Møller



2

## INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) er det største universitetet i Noreg, med historie tilbake til 1910 og røter tilbake til 1760 og Det Kongelige Norske Videnskabers Selskap (DKNVS).

Hovudsetet ligg i Trondheim, med campusar i Gjøvik og Ålesund. NTNU har åtte fakultet og einingar som NTNU Vitskapsmuseet og NTNU Universitetsbiblioteket. I 2021 passerte vi 44 000 studentar og har i dag ei bemanning på omtrent 8000 årsverk.

### Vår visjon: Kunnskap for ei betre verdi

Kunnskap gjev menneske moglegheiter og innverknad, og er eit fundament for å gjere gode val. Kunnskap inspirerer og utfordrar, endrar haldningar, tenkjemåtar og korleis vi ser verda. Demokratiet vårt blir styrkt av ein opplyst debatt og faktabasert kunnskap. Kunnskap utvikla ved NTNU skal kome fellesskapet til gode, og ein skal kunne stole på at kunnskap frå NTNU er basert på vitskaplege metodar og har kome fram i tråd med normer for utvikling av god vitskap.

Kunnskap og teknologiutvikling gjer det mogleg å auke den berekraftige verdiskapinga og for å finne svar på store utfordringar. Verda har gjennom FN blitt einige om 17 berekraftsmål. NTNU vil bidra aktivt til å nå berekraftsmåla.

### Samfunnssoppdraget

Samfunnssoppdraget rommar både dei forventningane omverda har til oss, og dei samfunnssoppåvene vi sjølv ønskjer å løyse. Vi har eit generelt oppdrag som er likt det andre universitet har, slik det mellom anna kjem til uttrykk gjennom universitets- og høgskulelova og sektormåla, og eit spesielt oppdrag som gjer oss unike.

### Det generelle oppdraget vårt

Som universitet har NTNU eit ansvar for å bringe fram nye perspektiv for langsigktig, grunnleggjande

forskning og for utdanning av framifrå kandidatar. Vi tilbyr forskingsbasert utdanning på alle nivå. Vi utviklar og formidlar kunnskap og forvaltar kompetanse om natur, menneske, samfunn og teknologi. NTNU er ein kulturberar og bidreg til innovasjon i samfunn og arbeidsliv.

Ei av oppgåvene til universitetet er å delta i ein kunnskapsbasert og faktabasert offentleg debatt. Vi brukar kunnskapen vår til beste for samfunnet. Vi engasjerer oss i å løyse globale utfordringar. Verksemda vår fremjar utvikling, menneskerettar og tverrkulturell dialog.

### Det spesielle oppdraget vårt

NTNU er eit breiddeuniversitet med ein teknisk-naturvitenskapleg hovudprofil, med eit tyngdepunkt innanfor profesjonsutdanning.

Vi bidreg til å utvikle Noreg. Vi skaper verdiar – økonomisk, kulturelt og sosialt – og har ei nasjonal rolle når det gjeld å utvikle det teknologiske grunnlaget for samfunnet i framtida.

Med hovudprofilen vår og den tverrfaglege styrken bidreg vi til å løyse samansette problem. Vi er ein premissleverandør for omstilling og grønt skifte, og vi bidreg til eit konkurransedyktig næringsliv og ein god offentleg sektor gjennom samarbeid om nye praksisar, prosessar og produkt.

Kunstfag er ein sentral del av identiteten til NTNU. Vi har også eit leiande universitetsmuseum med unike vitskaplege samlingar og publikumsutstillingar.

Som fleircampusuniversitet er NTNU ein tydeleg aktør i byane og regionane der vi har hovudaktiviteten vår.

### Organisering

NTNU er underlagt Kunnskapsdepartementet (KD). Styret er det øvste organet ved NTNU og



**Rektor**  
Anne Borg



**Styreleiar**  
Remi Eriksen

Figuren viser organisasjonskartet til NTNU per 1. juli 2021.


### Utdanning

NTNU er den fremste institusjonen i landet for høgare teknologiutdanning og utdanning av ingeniørar. Universitetet har fleire profesjonsutdanninger og eit breitt fagtilbod innanfor naturvitenskap, samfunnsvitenskap, lærarutdanning, humaniora, medisin og helsevitenskap, økonomisk-administrative fag, arkitektur og kunstfag.

Utdanninga ved NTNU skal vere framtidsretta og relevant for studentane, for arbeidslivet og for verda. Når utdanninga er over, skal NTNU-kandidaten kunne faget sitt, vere meir nysgjerrig enn då vedkomande begynte, og ha gode verdiar. Studentane tek kunnskapen med seg ut i verda og tek han i bruk på globale utfordringar. Det gjev «Kunnskap for ei betre verdi» i praksis.

representerer institusjonen overfor offentlege styresmakter. Remi Eriksen er styreleiar ved NTNU. Rektor er sekretær for styret og dagleg leiar ved NTNU. Anne Borg har vore rektor ved NTNU sidan desember 2019.

Verksemda er organisert i åtte fakultet og Vitskapsmuseet.



*Styrken til NTNU  
er den teknisk-naturvitenskaplege  
hovudprofilen vår kombinert med  
fagleg breidd og tverrfagleg arbeid.*



## Forsking og kunstnarleg utviklingsarbeid

Ved NTNU driv vi forsking og kunstnarleg utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå innanfor ei rekke fagområde – og i grensesnittet mellom dei. NTNU har eit særleg ansvar for å drive tverrfagleg forsking og samarbeider tett med næringslivet. Mykje av forskinga krev avansert vitskapleg utstyr, og NTNU har meir enn hundre forskingslaboratorium. Vi har forskingsgrupper og laboratorium i internasjonal toppklasse som gjev rike utviklingsmøgleheieter for unge forskartalent. Målet vårt er å bidra til samfunnsutviklinga i dag og i framtida.

## Doktorgradsutdanning

Doktorgradsutdanninga er ein strukturert grad som normert tek tre år. Det er også vanleg med eit fjerde år der kandidaten underviser. NTNU er partner i ei rekke nasjonale forskarskular innanfor ulike fagområde. Kvar forskarskule omfattar eit nettverk av institusjonar som samarbeider om doktorgradsutdanninga. Ein doktorgrad frå NTNU gjev grunnlag for leiande arbeid i næringsliv, forvaltning, høgare utdanning og forsking.

## Innovasjon, nyskaping og samarbeid med arbeidslivet

Den tverrfaglege profilen og erfaringa vår, og samarbeidet med samfunnet og bedrifter, gjev NTNU eit konkurransesfortrinn. Ambisjonen vår er å vere ein viktig bidragsyta til berekraftig verdiskaping. Innovasjon er meir enn å utvikle bedrifter basert på nye idear. Samfunnet treng nye berekraftige løysingar, oppfinnarar, innovatørar og vidareutviklarar av både metodar, produkt, arbeidspraksis og tenester innanfor eksisterande og nytt arbeidsliv. Det finst knapt noko meir spennande enn at idear blir fødde, konkretiserte og blir til noko nytt. NTNU bidreg til omstilling av det norske arbeidslivet gjennom forskings- og innovasjonssamarbeid med privat næringsliv og offentleg sektor.

## Formidling

NTNU formidlar kunnskap frå forsking, utdanning og nyskaping. Formidlinga vår femner samlingar, kunst og kultur. NTNU skal vere i open og konstruktiv dialog med samfunnet og bidra til kunnskapsbasert, offentleg debatt der også studentar og tilsette deltek. NTNU støttar avgjerdstakrar og næringsliv med forskingsbasert kompetanse. NTNU skal vere synleg, ha godt omdømme nasjonalt og

internasjonalt, og utvikle og ta i bruk nyskapande verkemiddel og medium.

## Museumsverksemد

NTNU Vitskapsmuseet er eitt av i alt seks universitetsmuseum i Noreg, og ein av dei leiande institusjonane i Noreg innanfor sikring, bevaring, tilgjengeleggjering og forsking på natur- og kulturhistorisk materiale frå Noreg og resten av verda.

## Satsingsområde

NTNU har fire tematiske satsingsområde i 2014–2023: NTNU Berekraft, NTNU Energi, NTNU Havrom og NTNU Helse. Dei tematiske satsingsområda til NTNU skal løye komplekse utfordringar som er viktige for samfunnet, gjennom tverrfagleg samarbeid.


Den strategiske satsinga til NTNU på tre mogleggerande teknologiar i perioden 2011–2023 omfattar bioteknologi, IKT og nanoteknologi. Mogleggerande teknologiar er tverrfagleg basert grunnleggjande forsking som bidreg til å utvikle nye næringar, produkt og løysingar på ei rekke samfunnsområde.

## Senter og samarbeid

NTNU er vertskap for to nasjonale senter for framifrå utdanning (SFU), seks nasjonale senter for framifrå forsking (SFF), tolv senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) og tre forskingssenter for miljøvenleg energi (FME). Vi er i tillegg partner i eitt SFU, tre SFF, åtte SFI og seks FME.

NTNU har Kavli Institute for Systems Neuroscience, som blir drive saman med Senter for nevrale nettverk. Vidare har NTNU tre K.G. Jebsen-senter innanfor medisinsk forsking. NTNU er vertskap for ECCSEL, eit europeisk forskingssamarbeid og ein europeisk laboratorieinfrastruktur innanfor fangst, transport og lagring av karbondioksid (CO<sub>2</sub>).

Vi samarbeider tett med St. Olavs hospital, universitetssjukehuset i Trondheim, og Sintef, eit av dei største uavhengige forskingsinstitutta i Europa og ein av dei største organisasjonane i Europa innanfor forskingskontraktar. NTNU er partner i 42 Gemini-senter, som er ein modell for strategisk samhandling mellom parallelle faggrupper ved NTNU, Sintef, Universitetet i Oslo og St. Olavs hospital.



NTNU har eit breitt internasjonalt nettverk og samarbeider med rundt 1500 institusjonar i verda om forsking og utdanning. Vi har eige NTNU-kontor i Brussel, i samarbeid med Universitetet i Bergen og Sintef. Nordic Five Tech er ein strategisk allianse mellom dei fem leiande tekniske universiteta i Norden – Chalmers, KTH, Aalto-universitetet, DTU og NTNU. Frå 2020 er NTNU også del av universitetsalliansen ENHANCE – European Universities of Technology Alliance saman med TU Berlin, Chalmers, RWTH Aachen, TU Warszawa, Politecnico Milano og UP Valencia. ENHANCE har status som europeisk universitetsallianse under Erasmus+,

den nye fyrtårnsatsinga til Europakommisjonen for å auke kvalitet og konkurranseevne til europeisk UH-sektor.

## Hovudtal


Grovt reknar utgjer NTNU om lag 20 prosent av universitets- og høgskulesektoren i Noreg. NTNU har i underkant av 20 prosent av ressursane, står for litt under 20 prosent av utdanningsaktivitetane i sektoren og noko over 20 prosent av forskingsaktivitetene.

Tabellen nedanfor viser hovudtal for NTNU.

## Hovudtal for NTNU (kjelde: DBH / «Utvalgte nøkkeltall»)

Ressursar	2018	2019	2020	2021	Endring 2020-21
Totale inntekter (tal i tusen kroner)	9 124 390	9 575 772	9 864 005	10 372 849	5,2 %
– av dette løying frå KD og andre departement	6 676 692	6 838 201	7 150 913	7 427 173	3,9 %
– av dette løying frå EU og Noregs forskingsråd	1 257 867	1 314 340	1 145 322	1 433 459	25,2 %
Årsverk totalt	7 402	7 601	7 762	7 953	2,5 %
Årsverk i faglege stillingar (etter KD-definisjonen)	4 669	4 827	4 927	5 067	2,8 %
Kjernerwerksemda	2018	2019	2020	2021	Endring 2020-21
Studentar	41 147	41 967	42 379	44 169	4,2 %
Produserte studiepoeng (60-poengseiningar)	29 215	29 814	32 031	32 498	1,5 %
Personar med fullført studieprogram	8 420	8 912	8 909	9 302	4,4 %
Publikasjonspoeng*	5 647	6 084	6 544	-	-
Avlagde doktorgradar	397	377	406	415	2,2 %

\* Tal for 2021 er ikkje klare per dags dato.



CA.  
**44 000**  
STUDENTAR



CA.  
**9000**  
KANDIDATAR  
UTEKSAMINERT ÅRLEG



CA.  
**5 200**  
VITSKAPLEGE  
PUBLIKASJONAR ÅRLEG



**415**  
AVLAGTE  
DOKTORGRADE



**20**  
BEDRIFTER  
ETABLERT KVART ÅR  
med utspring frå NTNU





3

## AKTIVITETAR OG RESULTAT I 2021

Universitets- og høgskulelova fastset føremålet til universitet og høgskular. Vi skal tilby høgare utdanning på høgt internasjonalt nivå, og vi skal utføre forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå. Vidare skal vi formidle kunnskap om verksemda og auke forståinga for prinsippet om fagleg fridom og bruk av vitskaplege og kunstnarlege metodar og resultat. Etter endringane i lova i 2021 går det også fram at vi som universitet har som føremål å bidra til ei miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig utvikling.

Regjeringa fastset mål og langsiktige prioriteringar i langtidsplanen for forsking og høgare utdanning (LTP). I Prop. 1 S under budsjettkapittel 260 har Kunnskapsdepartementet for 2021 fastsett fire nasjonale mål for universitets- og høgskulesektoren:

- høg kvalitet i utdanning og forsking
- forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling
- god tilgang til utdanning
- effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem

I dette kapittelet viser vi korleis NTNU løyser samfunnsoppdraget, og korleis aktivitetane og resultata våre i 2021 bidreg til sektormåla. Dette gjer vi gjennom ei resultatrapportering i samsvar med utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet og verksemadmåla til NTNU, i tillegg til dei nasjonale styringsparametrane. Kapittelet inneholder også rapportering på særskilde område og tildelingar fra regjeringa.



Foto: Per Henning

## 3.1 Gjennomføring av årsplan 2021


Ved NTNU ønskjer vi å bidra til «Kunnskap for ei betre verd». Vi vil arbeide aktivt til å nå berekraftsmåla til FN og være premissleverandør for omstillinga til eit berekraftig samfunn. Strategien til NTNU inneholder 36 utviklingsmål for kva som må utviklast for å realisere ambisjonane innan 2025, og som vi må arbeide systematisk med over tid. Årsplanen til NTNU tek innover seg ambisjonen i strategien om å styrke den posisjonen NTNU har som kunnskapsinstitusjon, samtidig som han legg opp til å møte behov og forventningar som oppstår i kjølvatnet av koronapandemien.

I dette kapittelet går vi gjennom aktivitetar og resultat som er knytte til [årsplanen til NTNU for 2021](#)<sup>1</sup>. Måla viser til område som blei prioriterte i 2021 for å realisere strategien Kunnskap for ei betre verd innan 2025. Årsplanen inneholder ikkje det komplette planverket for NTNU, men har eit endringsfokus og omtalar det vi i fellesskap skal løfte i det komande året. Fordi årsplanen berre viser til bestemte prioriterte område, vil til slutt i kapittelet gje ein kort status for vesentlege aktivitetar og resultat som er knytt til kjerneverksemda, og som ikkje fell inn under målområda.

Årsplanen inneholder åtte mål for NTNU. Dei fem første av dei inngår i utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet (2021–2022), medan dei tre siste er våre interne verksemadmål. Berekraft, kvalitet og eitt NTNU er fellesnemnarar for dei åtte måla og har i 2021 vore retningsgjevande for fellesprioriteringane til NTNU.

Årsplanen inneholder ei skildring av kvart mål og korleis vi vil vurdere måloppnåing. Dette er primært basert på kvalitative vurderingar og skildringar. I tillegg til å vurdere måloppnåing knytt til kvart mål, følgjer vi den langsiktige utviklinga av verksemda gjennom dei nasjonale styringsparametrane til KD. Sjå kapittel 3.4 for vurdering av status og måloppnåing på styringsindikatorane.

Mykje godt utviklingsarbeid frå 2020 heldt fram med full kraft i 2021. Den vedvarande pandemisituasjonen har prega heile NTNU og på enkelte område gjeve meir krevjande arbeidsforhold for tilsette og studentar. Samtidig ser vi at pandemien på same måten som i 2020 har fungert som katalysator for utvikling. Alt i alt er NTNU nøgde med den samla måloppnåinga i 2021, og årsrapporten viser at vi har gjort vesentlege framsteg når det gjeld måla vi sette oss for året.



### Måla til NTNU for 2021 – utviklingsavtalen og verksemdsinterne mål

1. NTNU skal heve kvaliteten i porteføljen gjennom å vidareutvikle studietilbodet sitt, med vekt på utvalde fagområde.
  2. NTNU skal styrke den utdanningsfaglege kompetansen ved systematisk kompetanseutvikling.
  3. NTNU skal utvikle fleire talent og fleire forskingsmiljø på høgt internasjonalt nivå.
  4. NTNU skal synleggjere og auke nyskapingsaktiviteten og bidraget til berekraftig innovasjon med utspring frå klyngjer og senter.
  5. NTNU skal planlegge og vidareutvikle det strategiske grunnlaget for campusane i
- framtida. Dei skal sikre gode arbeidsplassar og godt og forsvarleg arbeidsmiljø for tilsette og studentar, tværfagleg samhandling og sosiale kvalitetar.
6. NTNU skal legge vekt på sterke forskargrupper, internasjonalt samarbeid og open tilgang til forsking.
  7. NTNU skal styrke rolla si som kunnskaps- og kompetanseleverandør for berekraftig utvikling og berekraftige løysingar.
  8. NTNU skal vidareutvikle kvaliteten og effektiviteten i administrative prosessar og tenester.

<sup>1</sup> Vedteken av NTNU-styret i oktober 2020 (S-sak 54/20).

## MÅL 1

### *NTNU skal heve kvaliteten i porteføljen gjennom å vidareutvikle studietilbodet sitt, med vekt på utvalde fagområde*

NTNU jobbar systematisk og kontinuerleg med utvikling av studietilboda. Det systematiske kvalitetsarbeidet dannar eit kunnskapsgrunnlag som blir brukt i strategisk utvikling på program- og porteføljenivå. Dette arbeidet er no styrkt gjennom betre samordning av studieportefølje- og kvalitetsmeldingsprosessen. Med samordninga blir prosessane forenkla for fakulteta, og styret og rektor får eit betre grunnlag for strategiske avgjerder om utviklinga av studieporteføljen på institusjonsnivå.

I kvalitetsmeldingane til fakulteta er berekraft, internasjonalisering, strategisk dimensjonering, digitalisering, livslang læring og fleksible utdanningstilbod sentrale stikkord når det gjeld utvikling av studietilboda. I 2021 blei det vigg mykje merksem til innføring av berekraft i studia. Det blir stadig utvikla emne som tydelegare tek tak i berekraftsmåla til FN, og det blir jobba med å ta inn berekraftskompetanse og -element i studieprogramma. NTNU har høge ambisjonar for internasjonalisering. I 2021 var volumet på studentutveksling lågt, men ambisjonen er å auke mobilitetsgraden, og det blir jobba med ulike løysingar som skal sikre studentane internasjonale erfaringar gjennom studietida.

Dimensjonering av opptaksramme og langsiktige planar for porteføljeutvikling blir sett i samanheng, og både samansettning av studietilbod og opptakskapasitet blir utvikla i takt med endringar i samfunn og arbeidsliv. Fakulteta ved NTNU utviklar strategiar og utforskar eller etablerer nye tilbod for å møte utviklingsbehov innanfor digitalisering, livslang læring og fleksible utdanningstilbod. Erfaringane med digital undervisning legg godt til rette for utvikling av eit breiare tilbod for livslang læring. Fleire fagmiljø opplever samtidig at det er utfordrande å utvide kapasiteten i tråd med etterspurnaden utan at det går ut over annan aktivitet, ettersom dei i liten grad har ledig kompetanse og ressursar til å tilby etter- og vidareutdanning (EVU) som ein del av den ordinære porteføljen.

NTNU arbeider med utvikling og fornying av heile breidda av studietilboden. Innanfor helse- og sosialfag har vidareføring av det omfattande utviklingsarbeidet for nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfaga (RETHOS) vore sentralt i 2021. Lærarutdanningane ved NTNU jobbar med oppfølging av strategien «Lærerutdanning 2025», og det

blir lagt vekt på samordning, styrking av fagmiljø og utvikling av heilsakleg programstruktur. Andre prioriterte område i samband med dette er kommunikasjon, rekruttering og samarbeid med skulesektoren for relevante masterprosjekt og kvalitet i praksis.

I utviklingsavtalen har vi peika særskilt på arbeidet med prosjekta Fremtidens teknologistudier og Fremtidens HUMSAM-studier, og livslang læring.

#### **Teknologistudium for framtida**

Prosjektet *Fremtidens teknologistudier* (FTS), som blei starta opp hausten 2019, hadde sitt avsluttande år i 2021. Mandatet for prosjektet var å lage eit rammeverk som skal leggje til rette for å utvikle teknologistudia ved NTNU så dei er oppdaterte på alle område. Prosjektet omfatta over 150 studieprogram på bachelor-, master- og ph.d.-nivå, med i alt 18 000 studentar i tre byar.

I februar 2021 la prosjektet fram sin andre og tredje delrapport, som heitte høvesvis *Ståstedsanalyse og Visjon og anbefalte prinsipper*. Basert på ei rekke interne og eksterne datakjelder gav ståstadsanalyseren ein gjennomgang og ei vurdering av studietilbodet innanfor teknologi ved NTNU på i alt 13 tematiske område. Sidan porteføljen var såpass omfattande, blei analysen utført på programnivå.

Delrapport 3 inneholdt ein oppdatert visjon for prosjektet: «*NTNUs teknologistudier utdanner skapende kandidater i verdensklasse – som kan og vil bidra til en bedre verden og en bærekraftig fremtid.*» Delrapporten inneholder også ti prinsipp for vidare utvikling av teknologistudia med omsyn til kompetanse, pedagogisk læringsmiljø m.m. for kandidata. I juni 2021 blei desse prinsippa vedtekne av rektor og blei då sette i kraft som ei plattform for vidare utvikling.

Med utgangspunkt i delrapport 2 og 3 arbeidde i alt seks tverrfakultære grupper med meir spissa gapanalysar og vegkart for fire sentrale programtypar, for pedagogiske verkemiddel og for programdriven tilnærming. I løpet av året etablerte FTS også i alt ti pilotar for å prøve ut ulike idear, til dømes programtilpassingar av statistikkemne i ingeniørstudia og nytt bachelorprogram i elektrifisering og digitalisering. To av pilotprosjekta blir gjennomførte i samarbeid med søsterprosjekten Fremtidens HUMSAM-studier.

Sluttrapporten frå FTS-prosjektet blei levert i januar 2022. Rapporten samanfattar det samla arbeidet i prosjektet og inneholder eit sett med konkrete tilrådde hovudgrep og tiltak som kan bidra til å realisere

det rammeverket som FTS har utvikla i form av visjon, kompetanseprofilar og prinsipp for vidare utvikling. Ein føresetnad for å kunne gjennomføre tiltaksplanen er auka ressursmessig handlingsrom på utdanningsområdet, og rapporten føreslår mellom anna eit «*NTNU Utdanningsløft 2030*» for heile utdanningsområdet ved NTNU for å få til dette.

#### **HUMSAM-studia i framtida**

Prosjektet *Fremtidens HUMSAM-studier* (FHS) blei avslutta ved årsskiftet 2021–2022 og har no levert sluttrapport til rektor. Rapporten inneholder ei rekke tilrådingar til oppfølging av prosjektet. Rapporten er delt inn i desse seks prioriterte utviklingsområda:

1. store samfunnsutfordringar
2. tverrfagleg arbeid
3. arbeidslivssamarbeid
4. kommunikasjon
5. utdanningsfagleg kompetanse, læring og undervisning
6. rammer for framtidig porteføljeutvikling – gradsstruktur, økonomi og ressursstyring

Desse tematiske områda er dei mest sentrale i den framtidige utviklinga av HUMSAM-studia. Dei ulike tiltaka og tilrådingane som blir trekte fram i rapporten, er plasserte under eitt eller fleire av dei nemnde utviklingsområda. I tillegg til dei mange tiltaka og aktivitetane som prosjektet sjølv har teke initiativ til, er det lagt stor vekt på å vise fram breidda av utviklingsprosjekt og andre tiltak innanfor utdanningsområdet, som skjer ute i HUMSAM-miljøa uavhengig av sjølve prosjektet.

Tiltak i fase 2 i Fremtidens HUMSAM-studier er mellom anna følgjande:

#### **1. Pilot: Tverrfaglege profilar på 30 studiepoeng innanfor berekraft og digitalisering.**

Pilotprosjektet, som er utvikla i samarbeid med

FTS, er no inne i ein utviklingsfase med sikte på oppstart av tilbodet til studentar innanfor HUMSAM og teknologi studieåret 2022–2023. Det vil også bli tilbode studieåret 2023–2024.

**2. Strategisk organisering av studieløpa**, som inkluderer ulike løysingar for dagens breiddeår i bachelorprogramma. Ei eiga utgreiing om dette blei gjennomført i regi av prosjektet

**3. Kompetanseprofil** for disiplinstudia i HUMSAM-porteføljen. Forslag blei utvikla i regi av prosjektet og følgjer som eige vedlegg til sluttrapporten.

**4. Utvida dialog og samspele med FHS-studentane.** Et eige webinar med studentane blei halde 5. mai 2021.

**5. Betre kommunikasjon av studiane.** Her blir det tilrådd ein eigen HUMSAM-kampanje retta mot nye studentar. Forslaget til kompetanseprofil er også ein viktig del av dette arbeidet.

**6. Konferanse om arbeidslivsseminar.** Prosjeket deltok aktivt i planlegginga og gjennomføringa av konferansen «*Framtidskraft: Kompetanse og læring for morgendagens arbeidsliv*», som blei gjennomført 5. november 2021.

**7. Såkornmidlar.** Prosjeket delte ut såkalla såkornmidlar til utvalde utviklingsprosjekt på utdanningsområdet innanfor HUMSAM i 2021.

#### **Livslang læring**

NTNU opplever auka etterspurnad etter korte, fleksible og arbeidslivsrelevante utdanningstilbod, og i 2021 har mange miljø ved NTNU utvikla etter- og vidareutdanningsporteføljen sin. Omfanget av vidareutdanning ved NTNU har auka frå 2020 til 2021: Talet på årseininger har gått opp frå 1327 til 1444, og talet på avgjorde eksamenar har gått opp frå 8131 til 9020. Talet på studentar på nettbaserte og desentraliserte utdanningar har auka frå 1430 i 2020 til 1604 i 2021.

## **DESIGN I HELSETENESTER**

### **– VELLYKKA STUDENTPROSJEKT MELLOM NTNU OG GJØVIK KOMMUNE**

Studentar frå NTNU i Gjøvik hadde hausten 2021 eit stort samarbeidsprosjekt med Gjøvik kommune og Utviklingssenter for sjukeheim og heimatenester.

Studentgruppene omfatta 21 tverrfaglege grupper med andreårsstudentar frå grafisk design, interaksjonsdesign, webutvikling og teknologidesign og leiing.

Prosjekten er ein del av områdeemnet «*design i helsetenester*» og gjev studentane innføring i samspelet mellom helse, helsefremjing, teknologi, design og samfunn. Emnet skal gjere studentane i stand til å finne innovative løysingar på sentrale utfordringar som er knytte til helsefremjing på tvers av fag, gjennom teamarbeid.

Utlysingar til fleksible utdanningstilbod og bransje-program krev eit tett samarbeid med arbeidslivet – både med enkeltbedrifter og gjennom klyngjer og bransjeorganisasjonar. Totalt fekk NTNU i 2021 inn 25,8 millionar kroner gjennom utlysingar til fleksible utdanningstilbod og bransjeprogram, og program for utsette industriklyngjer. Dette resulterte i om lag 25 nye eller oppskalerte tilbod innanfor etter- og vidareutdanning.

Utvikling av støttetenester for EVU-tilbod er sentralt for måloppnåing, og innanfor digital infrastruktur er det i 2021 jobba med vidareutvikling av plattforma [Digit](#), og digitale konferansenester. Det er vidare jobba med å gjere NTNU meir synleg. Marknadsarbeidet er basert på aktivitet i mange ulike kanalar, mellom anna blogg, nettsider, nyhetsbrev og ulike sosiale medium. NTNU Alumni bidreg i samband med kampanjar og arrangement, og det er oppretta eit nettverk som skal bidra med økonomisk rettleiing og informasjon i samband med utlysingar av midlar til eksterfinansiert EVU.

## MÅL 2

### *NTNU skal styrke den utdanningsfaglege kompetansen ved systematisk kompetanseutvikling*

#### **Tilbod om utdanningsfagleg kompetanseheving**


NTNU jobbar systematisk med å styrke den utdanningsfaglege kompetansen, og i 2021 har eit nytt program for *utdanningsfagleg basiskompetanse* gått frå pilotfase og over i drift. Det nye programmet kombinerer ein felles generell introduksjon og ein avsluttande refleksjonsdel på totalt 120 timer, der deltakarane kan velje mellom eit utval 20-timarsmodular for å fylle dei resterande 80 timane. Modularane i tilboden vil spele ei viktig rolle også i vidareutvikling av pedagogisk kompetanse, ettersom tilsette kan gjennomføre slike modular gjennom heile karrieren. Programma med dei ulike modularane gjev dermed ei robust og effektiv plattform for kontinuerleg, livslang kompetanseutvikling (sjå figuren).

Den modulære tilnærminga og rammeverket har skapt nasjonal interesse, og i 2020–2021 blei det arrangert seminar med fleire andre universitet og høgskular. Målet er å bli einige om eit nasjonalt rammeverk for utdanningsfaglege kompetansemodular. Norsk nettverk for universitets- og høgskulepedagogikk tok over ansvaret for koordinering av dette sommaren 2021.

Tilboden om opplæring for studentassistentar blei i 2021 oppskalert for å tilpasse kapasiteten til den auka bruken av læringsassistentar i fagmiljøa. Ved hjelp av mellom anna midlar frå Kunnskapsdepartementet har NTNU utvida bruken av student- og læringsassistentar for å bidra til auka fagleg oppfølging.

I 2021 sette NTNU ned eit utval som skulle utarbeide forslag til *plan for heilsakleg utvikling av utdanningsfagleg kompetanse* og kartlegge dei ulike kursa, tilboda og tenestene innanfor utdanningsfagleg kompetanse frå alle interne aktørar. Målgruppa er hovudsakleg vitskapleg tilsette, men planen rettar seg også mot teknisk/administrativt tilsette og studentar som har undervisningsoppgåver. Eit utkast til plan blei lagt fram ved årsskriftet. Planen inneholder ambisjonsnivå og overordna mål for arbeidet, og ny modell og prinsipp for utvikling av utdanningsfagleg kompetanse i eit livslangt læringsperspektiv, både individuelt og kollektivt. Utvalet har også føreslått ein samhandlingsmodell for betre koordinering og meir heilsakleg utvikling.

*Utdanningsfagleg leiing* på studieprogramnivå er eit prioritert område, og i mars 2021 starta eit nytt kull på leiarutviklingsprogrammet til NTNU for studieprogramleiarar. Programmet omfattar 4 samlingar à 2 dagar. Ved felles digital samling for alle studieprogramleiarar i september 2021 stod psykososialt



læringsmiljø og mottak av førsteårsstudenten på dagsordenen.

#### **Strategiske satsingar, utviklingsprosjekt og eksterne konkurransarenaer**

Som eit ledd i å styrke utviklinga av utdanningsfagleg kompetanse har NTNU i 2021 sett i verk ei rekke strategiske satsingar, utviklingsprosjekt og arbeid med søkerader til ulike konkurransarenaer.

Satsinga *NTNU DRIVE* har som mål å støtte undervisarar, instituttleiarar og studieprogramleiarar som ville utvikle digital kompetanse. Dette kan gjerast gjennom nettbaserete kurs og utviklingsstøtte, teknisk-pedagogisk støtte til produksjon av nettbaserete kurs og emne, og at undervisarar som vil prøve ut nye digitale tenester, får tilbod om hjel til dette. Satsinga blei som planlagt gradvis fasa ut fram mot sommaren 2021, og aktivitet som er knytt til systematisk digital kompetanseutvikling på utdanningsområdet, blir no ført vidare som ordinær drift.

Satsinga *NTNU Toppundervisning* omfattar ei rekke utviklingstiltak som styrker undervisningskompetanse gjennom utvikling av innovative undervisnings-, lærings- og vurderingsformer, og som skal gje auka læringsutbytte hos studentane. Meritteringsordninga for undervisarar er utvikla vidare ut frå tilbakemeldingane i evalueringssrapporten 2020. Det er utvikla nye kriterium og tydelegare krav til søkerad, og vurderingsprosessen er endra til fagfellevurdering i tråd med tilrådingar frå Kunnskapsdepartementet. Det blir også jobba med ei rekke utviklingsprosjekt som legg vekt på utprøving av studentaktive lærings- og vurderingsformer. NTNU Toppundervisning støttar også miljø som førebud SFU-søknader.

Prosjektet «Heilsakleg læringsstøtte» blei starta i 2021, og føremålet er å kartlegge og skildre status, behov og ambisjonar for støtte til utvikling av læringsaktivitetar ved NTNU. Det skal utformast forslag til modell for heilsakleg samhandling mellom ulike støtteeininger på ansvars- og oppgåvenivå.

NTNU fekk i 2021 utdanningskvalitetsprisen for høgare utdanning for andre år på rad, denne gangen for emnet «Ekspertar i team» (EiT). Emnet er obligatorisk for masterstudentar på NTNU, og i dette emnet utviklar studentane samarbeidsferdigheiter gjennom arbeid i tverrfaglege prosjekt med problemstillingar frå samfunns- og arbeidsliv. I grunngjevinga for pristildelinga framhevar ein den nyskapande haldninga til kompetanseheving, og det blir slått fast at tiltaket har overføringsverdi til

andre fagfelt både når det gjeld arbeidslivsrelevans, tverrfagleg arbeid og studentaktivitet.

I tillegg har NTNU fått fleire tildelingar frå *HK-dir*. Desse tildelingane har kome frå utlysingar som er knytte til program for kvalitetsutvikling av praksis i lærarutdanningane, pilotordning for kommunal praksis i helse- og sosialfagutdanningane og innanfor fleksible utdanningstilbod.

## MÅL 3

### *NTNU skal utvikle fleire talent og fleire forskingsmiljø på høgt internasjonalt nivå*

Resultat som er knytte til mellom anna søkeradskriving, innvilging av prosjekt, publiseringar og doktorgradskandidatar, viser at fakultet og institutt ved NTNU i 2021 har arbeidd systematisk med å styrke forskingsmiljøa. Dette blir mellom anna gjort gjennom tiltak retta mot kompetanseheving, nettverksbygging, internasjonale relasjonar og rekruttering, og generell bygging av forskingskultur.

Søknadstala frå utlysinga til Forskningsrådet i februar 2021 viser at NTNU også gjennom pandemien har hatt stor søkeradsaktivitet. Det blei sendt inn 30 søkerader til store, tverrfaglege forskarprosjekt – Fellesløft V. Av totalt 30 søkerader frå NTNU til Fellesløft V låg 7 søkerader på lista over finansieringsklare prosjekta. Desse prosjekta vil bli finansiert med ein vesentleg eigendel frå NTNU.

NTNU har fått innvilga 12 forskarprosjekt for fornying, 9 forskarprosjekt for unge talent, 4 forskarprosjekt med internasjonal mobilitet, 4 prosjekt innanfor kategorien kompetansebyggjande prosjekt for næringslivet (KSPK) og 5 prosjekt innanfor kategorien samarbeidsprosjekt for å møte utfordringar i samfunns- og næringslivet (KSPS).

Mange av fagmiljøa har vidareutvikla SFF-søknadene sine i den same perioden. 6 av 32 SFF-søknader er inviterte til trinn 2. Dette er lågare enn vårt ambisjonsnivå. Resultatet av denne prosessen vil vere klart etter sommaren 2022.


2021 har vore eit overgangsår mellom det gamle Horisont 2020 og det nye Horisont Europa, rammeprogrammet for forsking og innovasjon frå EU. Med ein samla tilslagsprosent på 12,5 prosent blei NTNU tildelt totalt 260 prosjekt i Horisont 2020, med ei inntekt på 1,45 milliardar kroner. Dette var

vesentleg høgare enn det strategiske målet på 1 milliard. Gjennom desse prosjekta har NTNU tett opp mot 3000 samarbeidsrelasjonar til institusjonar i Europa og globalt.

Innanfor flaggskiputlysinga frå EU om Europas grøne giv (European Green Deal) blei NTNU tildelt 6 prosjekt, og vi koordinerer eitt av dei. I april 2021 blei NTNU tildelt to ERC Advanced Grants, til Kristin Ytterstad Pettersen og Henrik Koch. Utlysingane til Horisont Europa har vore forseinka, og svar på dei første søknadene er forventa tidleg i 2022.

Som institusjon når ikkje NTNU måla sine på eksterne konkurransearenaer for framifrå forsking. NTNU Toppforskning har som mål å bidra til betre utteljing på arenaer for framifrå forsking, og vi ser at det har hatt positiv effekt. Fagmiljø opplever NTNU Toppforskning som eit målretta instrument som saman med dei strategiske prioriteringane til fakulteta bidreg til kvalitetsheving. Det er over fleire år jobba godt med å utvikle søknader til ERC, og [handlingsplanen for ERC](#) gjev resultat. NTNU vil i løpet av våren 2022 vurdere om det er behov for ein ny ERC-handlingsplan.

Majoriteten av søkerar og tildelte ERC-prosjekt har kome som eit resultat av NTNU Toppforskning-initiativ som Stjerneprogrammet og/eller Onsager Fellowship-programmet.




**Stjerneprogrammet** er utvikla for å gje nokre av dei mest lovande forskartalenta ved NTNU gode vilkår. Stjerneprogrammet legg til rette for fagleg utvikling og merittering gjennom konsentrasjon om forsking. Aktiviteten i Stjerneprogrammet er bygd opp med fysiske samlingar som eit viktig tiltak. På grunn av smitteverntiltak i samband med covid-19 blei mange av dei planlagde samlingane i 2021 avlyste. Kull 4 av Stjerneprogrammet er planlagt med oppstart våren 2022.

**Onsager Fellowship** er eit rekrutteringsprogram for særleg talentfulle unge forskrarar. 20 Onsager Fellows har blitt rekrutterte til NTNU som resultat av to utlysingsrundar (2015 og 2017). Programmet blei evaluert i 2021 for å få kunnskap om det har vore vellykka sett opp mot dei måla og ambisjonane som opphavleg var sette. Rapporten konkluderte med at dette har vore eit vellykka instrument som bør vidareførast med nye utlysingar.

NTNU held fram veksten i publikasjonspoeng (7,6 % vekst) og publikasjonar (4,9 % vekst) (DBH, tal frå 2020) og er på fjerde plass blant universiteta i Noreg på publikasjonspoeng per UFF-årsverk<sup>2</sup>. Både Gull OA og hybrid publisering gjennom dei avtalane NTNU har inngått for dette, aukar i 2021, men prosentdelen lukka publikasjonar har stagnert og ligg på om lag 24 prosent (sjå meir i mål 6).

Dei sterke forskargruppene våre spelar ei avgjande rolle for å realisere ambisjonane våre. Vi har derfor utvikla eit eige kurs for faglege leiilarar. Søkinga til desse kursa viser eit behov for kompetansepåfyll i samband med fagleg, strategisk leiing. Kull 3 blei gjennomført studieåret 2020–2021, og kull 4 hadde oppstart i desember 2021 og vil gå ut juni 2022.



Figuren viser prosentdelen publisering i Gull Open Access, hybrid-/avtalepublisert, ope i arkiv, lukka publisering og anna

<sup>2</sup> UFF-årsverk er årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar.


## 130 MILLIONAR TIL NORSK SENTER FOR HOVUDPINEFORSKING

Ei forskingsgruppe frå NTNU og universitetssjukehuset St. Olavs hospital i Trondheim, fekk i desember 2021 ei stor tildeling frå Forskningsrådet for å opprette Norsk senter for hovudpineforskning. Dette vil vere eit av dei største og viktigaste sentera for klinisk hovudpineforskning i internasjonal målestokk.

– Vi skal prøve ut nye behandlingsmetodar både på vaksne og barn, vi skal gje ny kunnskap om kvifor nokre utviklar hovudpinesjukdommar, og vi skal gje pasientar og legar

gode verktøy for å følgje opp desse sjukdommane, seier leiaren av senteret, Erling Andreas Tronvik, professor ved Institutt for nevromedisin og rørslevitskap (NTNU).

Norsk senter for hovudpineforskning er et spleislag mellom Forskningsrådet og sjukehus og universitet i Noreg, og blir leidd frå NTNU og St. Olavs hospital. I tillegg til pasientforeining og næringsliv har senteret sjukehus i alle helseregionar som partner.



Figuren viser utvikling i søknader i Horisont 2020 og Horisont Europa. Mange søknadsfristar i 2021 har vore utsette i overgangen mellom dei to rammeprogramma for forsking og innovasjon, så dette representerer ikkje ein reell nedgang i talet på søknader i 2021.

## MÅL 4

**NTNU skal synleggjere og auke nyskapingsaktiviteten og bidraget til berøkraftig innovasjon med utspring fra klyngjer og senter**

Nyskapingsaktiviteten er eit av særprega til NTNU. NTNU har ambisjon om å bidra til det grøne skiftet gjennom å omsetje meir av kunnskapen og resultat frå breidda av forskningsaktiviteten ved NTNU til nye innovative og berekraftige løysingar til nytte for samfunn og arbeidsliv. Det er i 2021 lagt ned innsats på mange frontar for å støtte opp om dette målet.

### Studentinnovasjon og innovasjon- og entreprenørskapskompetanse i utdanningane

NTNU-studentane hevdar seg framleis godt på den nasjonale innovasjonsarenaen, der 18 av 32 av innovasjonsstipenda frå Forskningsrådet (Stud-ENT) i 2021 gjekk til NTNU-studentar. I Ålesund gjekk tre studentbedrifter vidare til NM, alle med vekt på berekraftige løysingar.

NTNU fekk i 2021 innvilga prosjektet CHIC – *Creating Holistic Innovation Capacity*, finansiert over EIT Innovation Capacity Building for Higher Education i Horisont Europa (pilar 3).

Campuspiloten for studentinnovasjon, Gruva i Oppredningen på Gløshaugen, blei offisielt opna hausten 2021, og har frå første dag hatt stor aktivitet. Fagmiljøet ved Fakultet for økonomi, og spesielt SFU Engage og entreprenørskapsmiljøet ved Institutt for industriell økonomi og teknologileiing (IØT) er viktige bidragsytarar i den faglege utviklinga av Gruva.

### Strategiske samarbeidsavtalar med offentleg sektor

Berekraftsmål til FN ligg til grunn for strategiske samarbeidsavtalar som NTNU inngår. Det er eit mål at partane skal løye problemstillingar gjennom etablering av tverrfaglege team og jobbe for god samanheng mellom forsking, utdanning og innovasjon. Også i 2021 har det vore stor aktivitet i samband med realisering av samarbeidsavtalar der både forsking, innovasjon og utdanning er godt integrerte.

Universitetskommunar som modell gjer det mogleg å samarbeide meir målretta om store samfunnsutfordringar gjennom å binde saman kommunale fagområde med ulike fagmiljø ved universitetet. Universitetskommunen TRD 3.0 har no etablert strukturar som viser tydelege resultat. Seinhausten 2021 var over 95 prosjektsamarbeid i gang. Mellom anna blei det sett i gang fleire nye stipendiatprosjekt som er knytte til Universitetskommunen TRD 3.0, der 6 av 8 stipendiatstillingar er eksternfinansierte. Samarbeidsavtalen mellom Trondheim kommune og NTNU er no forlengd ut 2025, og operasjonaliseringa av samarbeidsavtalane med både Ålesund og med Gjøvik er i gang.

Styret vedtok i 2021 ein ny modell for Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA), NTNU RSA Toppleiarforum, som no er under etablering.

### Vidareutvikling av interne støttefunksjonar og incentiv

Det blir arbeidd systematisk med vidareutvikling av økosystemet til NTNU for realisering av det breie innovasjonsoppdraget, og den breie forståinga av innovasjon får fotfeste. Dette ser vi konkret mellom anna ved Fakultet for naturvitenskap, der ei no begynner å sjå resultat av arbeidet med innovasjonsklimaprojekt<sup>3</sup>. Dette har gjeve mykje innsikt i, kunnskap om og engasjement for innovasjon og nyskaping ved heile fakultetet

Strategisk program for kunnskapsbasert innovasjon (SKI-II) er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å byggje kompetanse og kultur for innovasjon i fagmiljøa. Fase 2 er vedteken vidareført for perioden 2022-2025 med 17 innovasjonsleiarar. Alle fakulteta deltek, og fagmiljøa i alle dei tre campusbyane innår i satsinga.

Innovasjonsstipendet som verkemiddel blei etablert som ei strategisk satsing ved NTNU i 2018, med mål om å vidareutvikle resultat frå ph.d.-arbeidet mot innovasjonsføremål. I perioden 2018-2021 er det behandla 87 søknader, og det er innvilga 31 innovasjonsstipend (fem i 2021) på til saman 15,5 millionar kroner. Hovuddelen av stipenda har gått til ph.d.-kandidatar, men også enkelte masterstudenter har fått innvilga innovasjonsstipend.

### SFI PHYSMET

SFI PhysMet – Senter for en bærekraftig og konkurransedyktig metallindustri – er eit døme på eit forskingsmiljø i verdsklasse på området fysisk metallurgi. Målet med SFI PhysMet er å hjelpe norsk metallbasert industri i det grøne skiftet ved å gå over til meir bærekraftig produksjon og til utvikling og bruk av nye materiale, og bidra til langsigktig kompetansebygging og legge til rette for innovasjon. Senteret starta opp hausten 2020 og arbeider for å legge grunnlaget for ein sterk og levedyktig landbasert metallindustri som sikrar arbeidsplassar og norsk verdiskaping.

NTNU Discovery er eit lågterskeltilbod for tilsette og studentar ved NTNU og Helse Midt-Noreg som ønskjer å teste ut idear som på sikt kan gje grunnlag for kommersialisering og eventuelt selskapsetablering. I 2021 blei det gjeve midlar til 33 forprosjekt (fordelt på alle fakulteta), og 8 tildelingar som toppfinansiering til verifiseringssprosjekt som Forskningsrådet har løyvd midlar til.

NTNU har jobba systematisk vidare med satsing på EiT KIC (European Institute of Innovation and Technology, Knowledge of Innovation Communities, Horisont Europa, pilar III). I løpet av 2021 har NTNU oppnådd medlemskap i to nye KIC-ar: Food og Health, som kjem i tillegg til medlemskap i Climate KIC, InnoEnergy og EiT RawMaterials.

Når det gjeld kommersialisering, ser vi ein auke i lisensieringsavtalar frå 2017 til 2021 frå idear frå fagmiljøet ved NTNU. Nivået på selskapsetablering held seg på eit jamt nivå i same periode.

### Bærekraftig innovasjon med utspring i klyngjer og senter

NTNU deltek i 17 klyngjer i regi av klyngjeprogrammet til Innovasjon Noreg. Eit godt døme på korleis ulike verkemiddel kan gje synergiar, er klyngjesam arbeidet Ocean Autonomi Cluster og Blue Maritim Cluster, som inngår som sentrale partnarar i kapasitetsløftet *Mennesket i fremtidens havromsoperasjoner* (MIDAS). Gjennom desse klyngjeprogramma vil over 150 bedrifter delta i utviklinga av tilbod som møter kompetansebehovet i framtida. SFI Autoship innår som eit viktig forskings- og innovasjonsenter



Foto: Per Henning, NTNU

<sup>3</sup> Innovasjonsklimaprojektoet til NV, sjå side 29 i rapporten «Dokumentasjon og synleggjøring av innovasjon og nyskaping ved NTNU»

### NFRS INNOVASJONSPRIS 2021

Magnar Bjørås frå Fakultet for medisin og helsevitenskap og Sulalit Bandopadhyay frå Fakultet for naturvitenskap fekk NFRs innovasjonspris 2021. Prisen fekk dei for utviklinga av ein teknologi for koronatesting. Teknologien blei tidleg teken i bruk ved norske sjukehus og er også brukt av helsestenesta i andre land.

Det nystarta selskapet Lybe Scientific blei etablert i 2021 på bakgrunn av koronatestteknologien. Det nye selskapet skal mellom anna bidra med nye diagnostikkprodukt for vanleg influensa og andre sjukdommar.



Koronatestlaboratoriet på NTNU. Foto: Geir Mogen /NTNU

i kunnskapsklyngja som er knytt til det tematiske satsingsområdet havrommet i framtida.

Bidraget frå NTNU til innovasjon og omstilling er omfattande. Ei av utfordringane er betre synleggjering av innovasjonar som skjer via kunnskapsoverføring til partnarskap. NTNU er vertskap for høvesvis 12 SFI-ar og 3 FME-ar og partnarar i 14 SFI-ar og 7 FME-ar. Dette er langsiktig forskings- og innovasjonsarbeid der hovudtyngda av innovasjonen skjer hos partnarskapet utanfor forskingsmiljøa.

NTNU har saman med Sintef sett i gang eit arbeid for å synleggjere samfunnsverdien (*impact*) av den forskinga som skjer i langsiktige satsingar som SFI/FME på ein meir populær vitenskapleg måte. Dette arbeidet blir også sett i samanheng med arbeidet med indikatorsett for synleggjering av innovasjonsbidraget frå universiteta.

Arbeidet vårt med søknad om European Digital Innovation Hub har i 2021 bidrege til auka innovasjonsaktivitet og styrkt samarbeid med verksemder og offentleg sektor innanfor kunstig intelligens og digital tryggleik. Auken i talet på medlemmer i dei to næringslivsretta sentera Norwegian Open AI Lab og Center for Cyber Security viser at kompetansemiljøa ved NTNU er svært attraktive for næringslivet.

Andre aktivitetar og resultat i 2021:

- **Innføring av ny IPR-politikk:** Ny IPR-politikk er innarbeidd i ny samarbeidsavtale med NTNU TTO. Den første opplæringsmodulen er lansert og rettar seg mot studentar som skal skrive oppgåve i samarbeid med ei ekstern verksemde.
- **Indikatorsett for innovasjonsbidraget:** Eit indikatorsett for synleggjering av innovasjonsbidraget frå universiteta er prøvd ut av 14

institutt. Resultat og tilrådingar vil vere klare våren 2022.

- **Campus:** Når det gjeld campusutvikling, arbeider NTNU med å sikre at ein gjev rom for berekraftig innovasjon med utspring frå klyngjer og senter. Eit innovasjonssenter i Hesthagen skal bli ei sentral drivkraft for at forskingsresultat skal bli meir tilgjengelege og bidra til nytte for arbeidslivet. I 2021 var NTNU sentralt i arbeidet med fusjoneringa av Innovasjonsdistrikt Elgeseter og Technoport, med etableringa av innovasjonsdistriket Trondheim Tech Port som resultat, der NTNU er ein sentral aktør.

### MÅL 5

*NTNU skal planlegge og vidareutvikle det strategiske grunnlaget for campusane i framtida. Dei skal sikre gode arbeidsplassar og godt og forsvarleg arbeidsmiljø for tilsette og studentar, tverrfagleg samhandling og sosiale kvalitetar*

Campusutvikling handlar om korleis utviklinga av fysisk infrastruktur legg til rette for at NTNU kan løyse samfunnsoppdraget sitt og bidra til omstillinga som Noreg står overfor. Vi skal utvikle bygg og areal som bidreg til å forme eit universitet for framtida. NTNU vidareutviklar og brukar eit samla strategisk kunnskapsgrunnlag i utviklinga av campus i Gjøvik, Ålesund og Trondheim.

### Strategisk grunnlag

Gjennom byggje- og utviklingsprosjekt skal NTNU utvikle areal som støttar opp under dei faglege og strategiske måla våre for kjerneverksemda.

Gjennom året har NTNU jobba tett med byggherrar og andre samarbeidspartnarar for å sikre at det strategiske grunnlaget for NTNU blir teke hand om i utarbeiding og etterleving av leveransar, strategiar, mål og planar.

Kvalitetsmåla til NTNU for bygg og utomhus fastlegg felles prinsipp og mål for utvikling og forvaltning av universitetsbygga og anlegga til NTNU. Våren 2021 blei andre del av kvalitetsmåla ferdige. Kvalitetsmåla byggjer på prinsippa i kvalitetsprogrammet for campusutvikling ved NTNU og vil vere førande når NTNU skal vidareutvikle og fornye infrastruktur for lærings- og arbeidsmiljø.

Samlinga av campus i Trondheim på og ved Gløshaugen inneber at laboratorium og vitskapleg utstyr må flyttast og reetablerast andre stader. Det er viktig både å førebyggje avbrot i den eksperimentelle verksemda i byggje- og anleggsfasen, og å sikre at NTNU har gode og framtidsretta laboratoriefasilitetar. Vi planlegg for framtidig lokalisering og organisering av forskingsinfrastruktur på campus slik at desse behova blir tekne hand om.

### Brukarinvolvering

For å sikre at fagmiljøa ved NTNU får gode løysingar i den nye campusen til NTNU, treng byggjeprosjekta kunnskap frå studentar og tilsette som skal bruke bygga. Med grunnlag i Program for involvering i NTNUs campusutvikling 2016–2025 blir det lagt opp

til omfattande involvering av sluttbrukarane i alle byggje- og utviklingsprosjekta.

I prosjektet Campussamling skjer involveringsarbeidet gjennom oppretting av og arbeid i tre ulike brukargrupper.

NTNU planlegg Senter for psykisk helse, ei samling av fagområde og tenestetilbod innanfor psykisk helse, i samarbeid med Helse Midt-Noreg og St. Olavs hospital. Bygging av felles kultur og organisasjonsutvikling er viktig i etablering av eit felles senter. Som del av konseptfasen starta prosjektet i 2021 planlegging av brukarinvolvering. Ei strategisk medverknadsgruppe med representantar frå påverka fakultet og institutt, tillitsvalde, verneombod og studentar skal sikre at funksjonskrav blir tekne hand om, og at byggjeprosjektet blir basert på kjerneverksemda ved NTNU og St. Olav, den faglege utviklinga deira og strategiane for verksemdsutvikling.

### Forsking og utvikling

Systematisk innhenting av kunnskap frå eksperimentering, pilotar og følgjeforskning skal bidra til å sikre at NTNU får ein ny campus med høg kvalitet.

Som eit ledd i utviklingsavtalen med KD har NTNU forplikta seg til å leggje til rette for forsking, utvikling og evaluering knytt til campussamlinga. Navet i dette kunnskapsarbeidet er FoU-programmet «Fremtidens campus», som starta opp i 2020.

**Hovudbrukargruppa** skal sikre heilskap i prosjektet og sjå til at leveransane er i tråd med ramma frå Kunnskapsdepartementet og premissdokumenta og vedtaka frå NTNU. Hovudbrukargruppa kom i gang i januar 2021.

### TEMABRUKARGRUPPER

Tverrgående temabaserte arbeidsgrupper skal sikre at tema som går på tvers i campusutviklinga ved NTNU blir utforska og tekne hand om.

Våren 2021 blei det etablert fem temabrukargrupper: læringsareal, knutepunkt, spesialareal, drift og forvaltning (med undergruppe for teknisk programmering) og arbeidsplass.

Temabrukagruppene har jobba med premissar og rammer for utvikling av areala ved NTNU, og resultata vil bli ein del av strategisk grunnlag for NTNU etter rektorvedtak i 2022.

### KLYNGJEBRUKARGRUPPER

Klyngjene i Campussamling er ei geografisk områdeavgrensing, og klyngjebrukagruppene omfattar representantar frå institutt og einingar som vil bli geografisk samla, og høyrer og verkar saman organisatorisk og/eller fagleg. Brukagruppene i klyngjene baserer seg på eit prinsipp om å vidareutvikle dei faglege klyngjene.

Arbeid med klyngjebrukagruppene starta opp mot slutten av 2021.

Programmet er finansiert av NTNU og koordinert av NTNU Samfunnsforskning, og skal bidra med originale forskningsbidrag og etablering av kunnskapsstatus. Programmet har fire ph.d.-prosjekt og tolv andre FoU-prosjekt som er knytte til ulike sider av campusutvikling. Kunnskap blir formidla kontinuerleg til NTNU campusutvikling og Statsbygg, som begge er representerte i det faglege rådet, og til allmenta. I tillegg tilbyr programmet møteplassar for tverrfaglege diskusjonar (*Kaffe & Campus*) og har ein ope tilgjengeleg fagleg ressursbank på nettstaden.

Pilotprosjektet ved Institutt for psykologi – Fleksilab – skal få fram ny kunnskap om deling og sambruk av spesialareal. Våren 2021 blei laben klar etter tett involvering av brukarane av laben. I pilotprosjektet ved Tungasletta testar ein nye former for undervisning og studentaktivitet. Erfaringar frå piloten er særleg viktige for utforming av Helgasetr. Både undervisarar og studentar starta i 2021 med å evaluere bruken av «pilotrommet».

I 2021 er det utvikla læringsareal for om lag 27 millionar kroner, hovudsakleg studentaktive læringsareal, seks i talet. Det blei også oppgradert AV-utstyr i læringsareal for om lag 40 millionar kroner. 63 rom blei oppgraderte for digital undervisning, og infrastrukturen blei oppgradert i 41 rom. Det blir no gjennomført ei evaluering av nokre tidlegare utviklingsprosjekt, og det er sett i gang ny evaluering for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag med tanke på den framtidige campusen.

Campusutvikling var per hausten 2021 i gang med å involvere Kunst i offentlege rom (KORO) i forprosjektarbeidet til Campussamling. Dei mange fagmiljøa innanfor arkitektur, kunst og design ved NTNU har potensial til å vere utførande kunstnarar og bidra med ny kunnskap, men dette krev tidleg involvering.

### MÅL 6

**NTNU skal leggje vekt på sterke forskargrupper, internasjonalt samarbeid og open tilgang til forsking**

I 2021 er første utgåve av [Kvalitetsmelding for forskning](#) utarbeidd i samarbeid mellom rektor, fakulteta og Vitskapsmuseet. Kvalitetsmeldinga gjev grunnlag for å diskutere og utvikle forskingskvalitet på ulike nivå ved NTNU og peikar på oppfølingspunkt og område innanfor forsking. For å analysere arbeidet med kvalitetsutvikling innanfor

forsking ser kvalitetsmeldinga til forskingsresultat, doktorgradsutdanning, publisering, eksterne konferansearenaer og samfunnsbidrag (impact) innanfor rammene av kultur og strategi. Kvalitetsmeldinga vil leggje føringar for vidare arbeid med kvalitet i forsking for 2022 og framover.

### Sterke forskargrupper

Det langsigchte arbeidet som blir lagt ned av fakulteta og institutta med vidareutvikling av sterke og robuste forskargrupper er viktig for kvaliteten i forsking ved NTNU. Vi ser ein trend der forskargruppene i større grad enn tidlegare jobbar kollektivt, og det blir stadig fleire og sterke tverrfaglege samarbeidsrelasjonar.

Det er fleire verkemiddel som byggjer opp under arbeidet med sterke forskargrupper. Nedanfor følger ei oppsummering av område der det er lagt ned særleg innsats i 2021.

### Yngre forskarar

Kvalitet i ph.d.-utdanninga er eit viktig bidrag til utvikling av fagmiljø og kvalitet i forskinga. Erfaringsutveksling mellom fakulteta er viktig for samkøyring av ph.d.-utdanninga på NTNU, og i 2021 er det gjennomført to tverrfakultære workshopar – ein om arbeidslivsrelevans og rekruttering og ein om etikk og karriereplanar. Forslag til tiltak og oppfølging blei utarbeidd etter kvar workshop.

For å lykkast med forsking på høgt nivå er det avgjande å leggje til rette for gode karrierevegar i akademia, og som arbeidsgjevar ønsker NTNU både å sørge for at dei tilsette får moglegheit til å utvikle seg, og at vi rekrutterer tilsette som kan bidra til å drive fagmiljøa framover. Postdoktorar er ei viktig gruppe vitskapleg tilsette, og karriereplanar og god oppfølging av dei er avgjeraande for at denne gruppa blir teken hand om. NTNU har i 2021 jobba med desse spørsmåla, og ein politikk for postdoktorar er utvikla for å tydeleggjere ansvaret for korleis vi som akademisk institusjon følgjer opp og tek hand om postdoktorane våre.

I 2021 blei det utarbeidd ein rapport som samanfatta situasjonen for ph.d.-kandidatarar og postdoktorar under pandemien fram til august 2021. Rapporten viser i kva grad ph.d.-kandidatane har blitt forseinka i utdanninga, og korleis NTNU har følgt opp med tilgang til campus, oppfølging, og forlengd tilsettjing. Sjølv med tilrettelegging må vi erkjenne at pandemien har hatt stor innverknad på enkelte kandidatar, og det vil framover vere behov for oppfølging særleg på område som internasjonalisering, nettverksbygging og psykososialt arbeidsmiljø.

Kunnskapssamtalar @NTNU (eng. Science conversations @NTNU) blei etablert i 2021 som eit tiltak for kvalitetsutvikling innanfor forsking. Gjennom samtalar i studio deler vitskapleg personale og andre ressurspersonar erfaringar, råd og idear på tvers av fagmiljø ved NTNU. Samtalane blir tekne opp og lagde ut på nettsidene til NTNU i etterkant. I 2021 blei det laga sju webinar. Kunnskapssamtalar @NTNU har blitt populære, og det er planlagt nye webinar våren 2022.

#### Tematiske satsingsområde

NTNU har fire tematiske satsingsområde i 2014-2023: NTNU Berekraft, NTNU Energi, NTNU Havrom og NTNU Helse. Dei tematiske satsingsområda til NTNU skal løyse komplekse utfordringar som er viktige for samfunnet, gjennom tverrfagleg samarbeid. Dei tematiske satsingane er aktive i den offentlege debatten, og representantar for fleire av dei deltok på Arendalsuka i 2021. Mellom anna overleverte NTNU Energi tre råd til norske politikarar for korleis vi kan bruke Nordsjøen for grøn omstilling av Noreg. Desse råda blei også presenterte under klimatoppmøtet COP26 i Glasgow i november.

Det er ein raskt veksande batteriindustri under etablering i Noreg. NTNU ønskjer å vere med på å definere den internasjonale forskingsfronten innanfor berekraftig produksjon og bruk av batteriteknologi. Vi har derfor i 2021 sett ned ei arbeidsgruppe som har vurdert nødvendige forskingsstrategiske grep og tilpassingar i utdanningstilbodet vårt for å ta denne posisjonen.

#### Forskningsinfrastruktur

God forskningsinfrastruktur er ein føresetnad for å bringe fram ny kunnskap og forskningsresultat av høg kvalitet. Når vi inkluderer personal- og arealkostnader, brukar NTNU årleg om lag ein halv milliard kroner på investering i og drift av forskningsinfrastruktur. Vi har gjennom åra hatt stort gjennomslag i FORINFRA, satsinga på nasjonal forskningsinfrastruktur frå Forskningsrådet, og ved tildelinga i desember 2021 fekk vi tilslag på fire store prosjekt der NTNU er vertskap. I tillegg er vi partnar i ni infrastrukturar som blir leidde av andre.

I 2021 starta NTNU arbeidet med å utvikle eit vegkart for stor, felles forskningsinfrastruktur ved NTNU. Som ledd i dette blei det også oppretta eit utval som

#### FORHOLDET MELLOM HJERNEFORSKING OG KUNSTIG INTELLIGENS



Foto: Kai T. Dragland, NTNU



«Hjernen vår er den mest avanserte computeren i verda. Men ved å forstå hjernen kan vi også fremje utviklinga av kunstig intelligens.» Orda kjem frå professor Edvard Moser ved Kavli Institute for Systems Neuroscience. Han løfta fram eit spennande tverrfagleg perspektiv då han heldt sluttinnlegget på den nye, nasjonale AI-konferansen NorwAI Innovate i Trondheim i oktober.

Sjølv om ein prosessor og levande hjerneceller er vidt forskjellige som «hardware», opererer begge i krinsløp.

Nettverket i hjernen er rett nok ufatteleg stort med nærmare 100 milliardar celler, kvar med 10 000 sambindingar, som gjev hjernen ei unik evne til å handtere enorme mengder informasjon i millionar av kanalar samtidig, i sanntid. Men denne verkemåten med nettverk er den same som hos ein prosessor. Hjernenevrona lærer av å trenre kvarandre – slik også maskinlæring kan.

Kavli og NorwAI ser derfor nærmare på moglegheta for gjensidig nytte av kapasiteten til kvarandre.

greier ut behovet for e-infrastruktur. I løpet av 2022 skal ein første versjon av vegkartet vere klar, med tydelege prioriteringar. Dette vil leggje føringar for investeringsplanane til NTNU i eit tiårsperspektiv.

Det er behov for auka koordinering av e-infrastruktur ved NTNU. I 2021 etablerte rektor eit e-infrastrukturutval på tvers av NTNU. Utvalet har gjennom året kartlagt status og behov for e-infrastruktur ved NTNU, og utvalet kjem med ein statusrapport som skal brukast i arbeidet mot eit vegkart for stor, tung forskningsinfrastruktur.

#### Internasjonalt samarbeid

Koronapandemien har også i 2021 hatt stor innverknad på det internasjonale samarbeidet vårt. Dette ser vi mellom anna i dei låge inn- og utvekslingstala for studentmobilitet, og ved få forskingsopphold for vitskapleg tilsette. Restriksjonane har truleg hatt størst negativ påverknad på studentar, doktorgradskandidatar, postdoktorar og forskrarar tidleg i karrieren, der det har vore meir utfordrande å bygge internasjonale nettverk.

Mange alliansar og institusjonelle partnarskap hadde lågare aktivitet enn normalt. Eit unntak er innanfor universitetsalliansen ENHANCE, som i 2021 fekk tilslag på eit forskings- og innovasjonsprosjekt frå Horisont 2020, som blir koordinert av NTNU. Fokus her er transdisiplinær forsking, berekraftig entreprenørskap og innovasjonsøkosystem, karriereutvikling og forskningsinfrastruktur.

NTNU utnyttar alle verkemiddel innanfor programmet Erasmus+ i EU og var også i 2021 sterkt aktiv i Erasmus+. Studentmobiliteten til land utanfor Europa gjekk kraftig ned i 2021, medan vi fekk ein stor auke i søknader om studentmobilitet til Europa innanfor Erasmus-programmet. NTNU har arbeidd målretta med å forhandle med europeiske samarbeidsinstitusjonar om moglegheita for auka mobilitet innanfor samarbeidsavtalane våre, og for fleire blir det også jobba systematisk med identifisering av moglege nye samarbeidspartnarar. Fleire av dei internasjonale alliansane og nettverka til NTNU, som ENHANCE, T.I.M.E., ATHENS og SGroup Universities, er sentrale i denne samanhengen.

Fakulteta ved NTNU viste i det første året av den nye programperioden for Erasmus+ (2021–2027) størst interesse for tiltaket samarbeidspartnarskap (etterfølgjaren til «strategiske partnarskap»).

NTNU har fleire Erasmus Mundus-masterprogram, som har høg internasjonal prestisje. Det nyleg innvilga Erasmus Mundus-programmet [Coastal and](#)

[Marine Engineering and Management](#) (COMEM+) blir koordinert av NTNU. Vi er partnar i det nye tiltaket Erasmus Mundus Design Measures, som er eit forprosjekt for å vurdere etableringa av eit nytt Erasmus Mundus-program i neste søknadsrunde.

#### Open tilgang til forsking

Open vitskap er eit område i rask utvikling. Rektor har vedteke ein ny politikk for open vitskap, og arbeidet med å innføre denne inneber innsats på fleire område. Universitetsbiblioteket har ei sentral rolle i å bidra til at forskarar og studentar ved NTNU har verktøy og tenester for open og reproducable forsking. I fleire år har NTNU hatt ein auke i open publisering (Open Access), og dei siste åra har også open publisering av datasett frå forsking kome i fokus. Stadig fleire datasett blir gjorde ope tilgjengelege i NTNU Open Research Data, og i andre nasjonale og internasjonale arkiv.

Summen av eigenarkivering og open publisering i tidsskrift var nesten 70 prosent i 2020 – ei tydeleg utvikling frå mindre enn 50 prosent i 2016. Dette er ei ønskt utvikling, samtidig som det gjev ei utfordring i form av utrekning av ressursar som må setjast av til å dekke publiseringavgifter parallelt med prisauke på lesetilgangar. Fagmiljøa legg vekt på å publisere forskningsresultat mest mogleg ope i tilgjengelege kvalitetstidsskrift, men det er ei utfordring at publikasjonar også skjer i gråsonetidsskrift.

I 2021 starta eit større prosjekt for forskingsdata i Digitaliseringsprogrammet ved NTNU. Målet med prosjektet er å ha infrastruktur som sikrar forsvarleg og reproducable forsking, og legg til rette for god dataflyt, FAIR data og publisering av data, kjeldekode og andre resultat. Prosjektet skal også bidra til å styrke og utvide kompetanse og støttetenester som er knytte til forsking, og bygge kultur for beste praksis innanfor open vitskap.

#### Forskingsetiske saker

Forskingsetisk utval (FEU) er utval for reieleg forsking for NTNU og Helse Midt-Noreg. Utvalet har behandla éi sak om mogleg ureieleg forsking i 2021, der det blei konkludert med uheldig praksis, men ikkje lovbro. Dei fleste saker med forskingsetiske problemstillingar oppstår i fagmiljøa og blir løyste på institutt- eller fakultetsnivå utan at FEU blir involvert. I lys av den etterlevingsrevisjonen Riksrevisjonen gjorde av forskingsetikklova og kritikken deira av manglende rutinar og oversikt ved NTNU, blei fakulteta pålagde å rapportere om aktuelle saker i 2021. Samla sett er det rapportert om få saker med forskingsetisk innhald, og dei er anten løyste internt eller framleis under avklaring.

NTNU vil arbeide vidare med prosedyrane for å avdekkje, behandle og rapportere brot på forskingsetiske normer. Vi vil også, i tråd med påpeikingane frå Riksrevisjonen, forbetre og utvide opplæringstilbodet i forskingsetikk.

### Kunstnarleg utviklingsarbeid

I 2021 etablerte NTNU eit Kunstforum som skal fremje spesifikke tiltak for strategiperioden fram til 2025. Kunstforum jobbar med betre rammevilkår for utvikling av kunstmiljøa og med synleggjering og kommunikasjon av kunstnarlege utviklingsarbeid ved NTNU i samarbeid med sentrale fakultet. Vidare jobbar Kunstforum med eit styrkt internt, eksternt og tverrfagleg samarbeid. Kunstforum blir leidd av prorektor forsking og formidling.

Research Catalogue er eit internasjonalt verktøy for å dokumentere kunstnarleg verksemد. Ei tverrfakultær gruppe har levert ein rapport med tilrådingar om korleis kunstnarleg utviklingsarbeid framover kan dokumenterast gjennom bruken av Research Catalogue.

Ph.d.-programmet i kunstnarleg utviklingsarbeid er i vekst, og 18 kandidatar er registrerte på programmet i desember 2021. To kandidatar disputerte i 2021.

### VINNER AV HAUSTUTSTILLINGSPRISEN 2021: KIT-STUDENT EINAR GRINDE



Juryen skildrar verket som unikt, teknisk godt gjennomført og at det «klärer på sofistikert vis å trekke linjer på tvers av tid». Dei framhevar også at han med plasten tek tak i eit materiale frå vår tid: «billig, skjørt, forgjengelig».

Sjølv seier prisvinnaren: «Eg føler at plasten er vår tids marmor. Det er vår tids materiale, og etter oss vil det ligge

tonnevis med mikroplast, i mange tusen år. Det er eit trist faktum, og derfor er det også eit trist sigersmonument eg har laga.»

Haustrutstillinga blir rekna som den viktigaste norske scena for samtidskunst basert på fri innsending.

## MÅL 7

### *Vi skal styrke rolla vår som kunnskaps- og kompetanseleverandør for berekraftig utvikling og berekraftige løysingar*

NTNU har ein ambisjon om å vere ein anerkjend kunnskapsaktør for ei berekraftig framtid, og vil nyte heile den faglege breidda for å bidra til at ein når berekraftsmåla. Vi ønskjer å ta eit heilsaksperspektiv for å sjå korleis dei ulike berekraftsmåla står i relasjon til kvarandre. Sterke og dedikerte fagmiljø ved NTNU jobbar i dag med å realisere dette og med å tydeleggjere breidda av berekraftsperspektiv i fagmiljøa og dei eksisterande studieprogramma. Rektor har starta eit arbeid med å skaffe betre oversikt over ulike tiltak og satsingar, som skal gjere det mogleg å koordinere innsatsen betre og å setje i verk kompletterande tiltak. NTNU ønskjer sterke integrasjoner av og medvit rundt berekraft i utdanning, forskning og innovasjon og vil fostre tverrfagleg arbeid for å bidra til omstilling og berekraftige løysingar. Vi skal skape medvit om og utvikle ein plan for korleis vi skal kommunisere berekraft både internt og eksternt og vil etablere fleire arenaer for utfordrande samtalar og dilemma om berekraftig omstilling.

NTNU har i 2021 også utvikla ei satsing langs to spor:

- Oppstart av eit nytt tverrfagleg forskingssamarbeid for betre systemforståing knytt til transformative endringar på berekraftområdet.

- Betre og meir systematisk integrasjon av berekraft i fagmiljøa og i TSO-ane.

Det er sett av 130 millionar kroner til denne satsinga, som er ei av dei største innanfor tverrfagleg berekraftforskning ved norske universitet. Innanfor spor 1 blei det lyst ut tverrfaglege forskingsprosjekt for betre systemforståing knytt til transformative endringar, og av 60 søknader blei 9 prosjekt innvilga med totalt 43 ph.d.-stillingar. Kandidatane som blir tilsette, skal samarbeide på tvers av disiplinar slik at dei kan møte samansette berekraftutfordringar.

Paul Hebert og Gilbert Laporte blei formelt utnemnde til æresdoktorar ved NTNU 14. september (ved den norske ambassaden i Ottawa). Æresdoktorane har til felles at dei begge bidreg akademisk til ei meir berekraftig framtid, og at forskinga deira er knytt tett opp mot berekraftsmåla til FN.

### Miljøutvikling i eiga drift

NTNU skal aktivt bidra til at ein når berekraftsmåla til FN. Som eit viktig verkemiddel for å oppnå dette vedtok NTNU i 2020 ein miljøutviklingsplan, som legg føringane for korleis NTNU som organisasjon skal redusere miljøpåverknaden sin på kort og lang sikt. Planen set langsiktige mål for perioden 2020–2030 og er avgrensa til miljø knytt til eiga drift. Planen omfattar tiltak innanfor dei mest sentrale områda og skal gjennomgåast med mogleg revisjon i 2023.

NTNU utarbeider eit årleg klimarekneskap, som blir gjort tilgjengeleg for einingsleiarar gjennom verksemdsstyringssystemet BEVISST. Metoden blir raffinert årleg og moglegheita for hyppigare målinnigar blir vurdert.

### UTVIKLING AV METODIKK FOR BEREKRAFTIG UTVIKLING

I Oppdal og Rennebu har universitetsavtalen mellom NTNU, Oppdal kommune og Nasjonalparken Næringshage lagt til rette for at forsking, forvaltning og lokalt næringsliv kan jobbe saman for å finne meir berekraftige alternativ.

Studentar har gjennom prosjektet «Berekraftig fridit» utforska dilemma i skjeringsfeltet mellom økonomisk vekst, næringsutvikling, forvaltning og miljø, og jobba med ulike hyttemodellar, frå urbane sentrumshytter til mobile hytter utan permanente naturingrep, med vurdert material bruk, miljøtilpassing, livsløpsvurderinger og mobilitetsbehov. Dei har sett på korleis hytteutvikling kan ruste lokalsamfunnet, ved bruk av lokal fornybar energi, delingsfunksjonar og som bidrag til lokal stadsutvikling. Gjennom konkrete utviklingsprosjekt med lokale hytteutbyggjarar i Oppdal og



Foto frå arkitektfirmaet Pir II

Rennebu har arkitektar frå Pir II og studentar ved NTNU vore med å utvikle metodikk for korleis vi kan gå fram når vi skal byggje meir berekraftige hytteområde.

## DANNAR OM PLASTAVFALL TIL NY RESSURS

Institutt for kjemisk prosessteknologi og selskapet Quantafuel har inngått offisiell samarbeidsavtale. Dei skal samarbeide om å finne nye og betre metodar mellom anna for å danne om plastavfall til drivstoff.

Foto: Kim Rambergshaug/NTNU



Etter ein vesentleg auke frå 2017 til 2018 (sjå figuren) gjekk fotavtrykket ned i 2019. Dette skjedde trass i ein auke i talet på tilsette i same periode (frå 7400 til 7600). Nedgangen skriv seg mellom anna frå ein reduksjon i talet på reiser, noko som kan forklarast med eit gradvis aukande søkjelys på klimaeffektane av flyreiser. NTNU gjennomførte mellom anna kampanjen «Reiseløftet» i 2019. Naturlege effektar av smitteverntiltak og reiserestriksjonar kan sjåast i resultatet for 2020, med vesentleg nedgang på både reise og energiforbruk.

Til liks med andre samanliknbare organisasjonar i UH-sektoren stammar den største delen av

klimaavtrykket til NTNU frå reise og transport og energibruk, med høvesvis 29 og 28 prosent. Andre faktorar som bidreg til klimaavtrykket vårt er knytte til innkjøp og forbruk, jf. figur.

For å sikre koordinering og systematisk operasjonalisering av planen styrke NTNU i 2021 bemanninga på miljøområdet innanfor både det strategiske og det driftsnære perspektivet. NTNU jobbar med ytterlegare å setje miljøarbeidet i system og utarbeide aktuelle tiltak for vidare operasjonalisering og oppskalering.

## MÅL 2030 (SAMANLIKNA MED 2019-TAL) – I UTVIKLINGSPLANEN FOR MILJØ



**Reise og transport:** CO<sub>2</sub>-utslepp frå reiser skal reduserast med 50 prosent per årsverk.

**Innkjøp:** Sikre at prosessane tek omsyn til innkjøp og berekraftskriterium.

**Energi:** Energiforbruk skal reduserast med minimum 50 prosent.

**Gjenbruk og avfall:** Minimum sorteringsgrad på 65 prosent. Skal sjåast i samanheng med innkjøp.

## ARV

**NTNU leier prestisjeprosjekt: 200 millionar EU-kroner til ARV-prosjektet – med SINTEF og Oslobygg som partnerar**

Prosjektet skal legge føringer og setje eit politisk rammeverk for energieffektive og sirkulære løysingar i byggjebransjen i framtida. Dette inneber etablering av klimapositive område rundt om i Europa, og involverer 36 europeiske partnerar frå u-land.

Dette er eit stort skritt mot målet om å bidra til å realisere berekraftsmål til FN, i tråd med visjonen om kunnskap for ei betre verd. Det er også ei viktig posisjonering i EU og Horisont Europa. Grøn omstilling vil i stor grad prege EU-politikken framover, inkludert forskings- og innovasjonspolitikken, og på område som klima og energi. Med dette tilslaget har vi vist at NTNU blir ein viktig bidragsyta i den omstillinga.


## MÅL 8

**NTNU skal vidareutvikle kvaliteten og effektiviteten i administrative prosessar og tenester**


Vidareutvikling av dei teknisk-administrative tenestene, til beste for studentane og kjerneverksemda, er eit langsigkt arbeid. NTNU arbeider kontinuerleg med å forenkle og standardisere dei administrative tenestene. Vi ønskjer å ta i bruk nye metodar og – ut frå behovet til organisasjonen – utvikle nye og/eller styrke utvalde tenester.

Rektor har definert *kvalitet*, *berekraft* og *eitt NTNU* som retningsgjevande fellesprioriteringar for oppfølginga av strategien for NTNU fram til 2025. Det er sett i gang og blir gjennomført ei rekke aktivitetar og viktige utviklingsarbeid innanfor overskriftene *kvalitet* og *berekraft*, medan *eitt NTNU* førebels er mindre utvikla, foredra og systematisert. Eitt NTNU gjeld både den faglege og administrative verksemda, både kvar for seg (i form av tværfagleg arbeid og heilsakaplede administrative støttefunksjonar) og samla sett (i form av samhandling, integrasjon og samskaping). Det blei hausten 2021 sett ned ei prosjektgruppe som koncentrerer seg om den administrative dimensjonen i *eitt NTNU*. Dette utgjer eit første steg i prosessen med å utvikle eit felles målbilete for NTNU-administrasjon.

Hausten 2021 blei det sett i verk ein gjennomgang av IT-avdelinga ved NTNU der føremålet var å legge grunnlaget for at IT-avdelinga skal ha eit driftsnivå som er samstemt med den digitale ambisjonen til NTNU og med eit avstemt og føreseieleg finansieringsnivå. Eit av resultata frå arbeidet er etablering av ei oppdatert oppdragsskildring og eit tydeleg mandat med rett finansieringsnivå for IT-avdelinga. I tillegg skal det etablerast ein finansieringsmodell for forvaltning og drift av nye digitale løysingar. Det



Figuren viser utviklinga i totalt klimafottrykk og klimafottrykk per årsverk i talet på CO<sub>2</sub>-ekvivalenter.



Figuren viser totalt klimafottrykk 2019 fordelt på artsgrupper – CO<sub>2</sub>-ekvivalenter

er behov for ein heilskapleg og standardisert tenesekatalog med tydelege skildringar av kva som skal leverast, og for å sjå heilskapen i IT-funksjonen ved NTNU er det nødvendig å utvikle ein samarbeidsmodell der basis IT og fagnær IT er kopla tettare saman.

Eit anna viktig tiltak som det blei jobba med i 2021, er *BEVISST plan*. *BEVISST plan* gjev alle einingar høve til ein meir heilskapleg strategisk bemanningsplanlegging. I *BEVISST plan* vil leiar og leiarstøtte kunne ressursplanleggje verksemda og vurdere realismen i planar og budsjett for inntil 10 år framover. I 2021 har dei fleste fakulteta og fellesadministrative einingar jobba ut frå ein felles prosess der leiarstøtteapparatet (HR, controller og kontorsjef/leiarstøtte) jobbar systematisk med bemanningsplanane.

På den studieadministrative sida er det i 2021 gjennomført eit prosjekt som har sett på moglegheitene for betre samordning av studieadministrative tenester i Fellesadministrasjonen. Det er nytta designsprint som metode for å kartleggje dagens utfordringsbilete og utarbeide forslag til løysingar.

I 2021 har universitetsbiblioteket (UB) gjennomført ei utgreiing om framtidig organisering og kva tenester dei skal leve. Rektor har fått utgreiinga, der tilrådinga er ei tenesteorganisering av UB. Dei formelle prosessane som er knytte til organisasjonsendringane blei starta i 2021 med orienteringar i lokale samarbeidsutval og campusråd og vil bli sluttførte i første halvår 2022.

Samanslåing av avdeling for campuservice og eigedomsavdelinga blei vedteke i styremøtet 21. oktober 2021 og blei gjennomført med verknad frå 22. november 2021. Strategisk utvikling av eigedomsmassen og vedlikehald og drift av han heng tett saman. NTNU står overfor store oppgåver og utfordringar når det gjeld å ta vare på verdiane i dagens eigedommar og fysiske infrastruktur, og ikkje minst med omsyn til å førebu seg på den omfattande campusutviklinga som NTNU står overfor i åra framover både i Trondheim, Gjøvik og Ålesund.

Ved fakulteta NV og SU er det i 2021 blitt gjennomført eit felles leiarutviklingsprogram for seksjonsleiarfunksjonen i fakultetsadministrasjonane. Målet har vore erfaringsutveksling, kollegabasert rettleiing og gruppeutvikling. Programmet er basert på leiarutviklingsprogrammet til NUAS og brukar verktøy som er utvikla av mellom andre Difi. Programmet

er gjennomført med interne krefter og i regi av dei administrative leiarane.

Eit viktig tiltak under mål 8 har vore å sørge for tilstrekkeleg ressursar til prioritering, gevinstrealisering og fullføring av pågående utviklingsarbeid. Det er behov for å auke kapasiteten i form av utviklingsressursar, og det blei i 2021 fastsett mandat for eit team på fire årsverk som skal styrke evna til å drive tenesteutvikling i breidda av verksemda til NTNU og på tvers av organisasjonen. Teamet skal koordinere, leie gjennomføringa av og delta i større endringsløp og vil vere tett kopla opp mot tenesteutviklingsprosessar i digitaliseringsprogrammet. Teamet skal også byggje opp eit nettverk, utvikle verktøy og metodar og tilby kompetansepåfyll til andre som deltek i digitaliseringsprosjekt og tenesteutvikling ved NTNU.

I Digitaliseringsprogrammet ved NTNU blei det i 2021 gjennomført 17 prosjekt. Nokre av prosjekta har vore utvikling av eksisterande system, medan andre har inneholdt både systemutvikling og teneste- og prosessutvikling. NTNU er i ferd med å få på plass eit meir heilskapleg prosessforløp som inkluderer både teneste- og prosessutvikling, IKT-utvikling/-innkjøp og førebuingar til innføring som bidreg til digital omstilling.

Ved å gjennomføre prosjekta i Digitaliseringsprogrammet er det forventa uthenting av gevinstar, både kvantitative og kvalitative. Det er i mange tilfelle ei krevjande øving å hente ut økonomiske gevinstar som følgje av prosjekta, fordi den faktiske innsparinga på kvar eining blir lita, og det er krevjande å måle gevinstar i kroner.

**BOTT-prosjekta<sup>4</sup>** inngår i dei 17 prosjekta i Digitaliseringsprogrammet.

- **BOTT ØL:** 2021 har bydd på utfordringar for BOTT ØL – desse har vore knytte til både interne og eksterne forhold, mot BOTT nasjonalt og mot leverandøren (DFØ). Dei interne utfordringane blei løyste, men uvisse knytt til leveransane frå BOTT nasjonalt og DFØ resulterte i at NTNU valde å utsetje innføringa av BOTT ØL til 1. januar 2023.

Fakulteta melder at den interne prosessen for å førebu innføringa av BOTT ØL ved NTNU har vore godt gjennomført, og fakulteta har vore sterkt delaktige. Eit av resultata frå det

<sup>4</sup> BOTT er eit samarbeid mellom universiteta i Bergen, Oslo, Tromsø og Trondheim med mål om å finne felles løysingar som kan brukast av heile universitets- og høgskulesektoren.

## INNOVATIV UTDANNING

Undervisarar ved Institutt for biologiske fag ved NTNU i Ålesund har utvikla ein kjemipodcast for studentane. Podcasten skal vere ein læringsressurs i tillegg til ordinær undervisning, og er populær blant lyttarane.

Foto: Børge Sandvik / NTNU



interne arbeidet hausten 2021 er etablering av eit tenestesenter for løn og lønsnær HR, som samlar fagkompetanse frå Økonomiavdelinga, HR-/HMS-avdelinga og fakultet/institutt. Tenestesenteret har ansvar for løn, reise og fråvær og skal vere ei rådgjevingsteneste for alle fakultet og institutt ved NTNU. Etableringa av tenestesenteret bidrog til at både HR-avdelinga og økonomiavdelinga har arbeidd med intern reorganisering i 2021.

- **BOTT SAK:** NTNU er pilot for BOTT SAK, som i løpet av hausten 2021 blei til UH Sak då dei andre 17 UH-institusjonane også ønskjer å knyte seg til løysinga som er vald. Den nye saksbehandlings- og arkivløysinga er basert på Service Now / Documaster som systemplattformer og blir levert av Sopra Steria. Innføringsprosjektet ved NTNU har vore under oppbygging og innføring i 2021 og er no godt i gang. Fakulteta har etablert sine eigne innføringsprosjekt for å førebu mottak av dei nye systema ØL og SAK.

Innanfor studieadministrasjon har hovudfokuset i 2021 vore innføringa av KASPER (*Kvalitetsutvikling av studieprogram, portefølje, emne og revisjon*) i organisasjonen og vidareutvikling av sjølvverktøyet. Verktøyet KASPER skal støtte god kvalitetsskultur og har modular for studieprogramevaluering, studieplanrevisjon, emneevaluering og administrativ støtte. Det har vore lagt stor vekt på å gje god opplæring til dei som skal bruke KASPER ved NTNU, og på å gjøre hjelperessursar i form av bruksrettelinger på wiki, digitale kurs og videoar tilgjengelege.

NTNU deltek i arbeidet med vidareutvikling av verktøyet Inspera Assessment, som blir bruk til digital vurdering. Våren 2021 blei ei digital løysing for grunngjøring og klage på sensur, og dessutan sensurverktøy på bachelor- og masterinnleveringar, teken i bruk. Det blir jobba med vidareutvikling av desse verktøyta og med automatisering av

eksamsadministrative oppgåver. Våren 2021 starta arbeidet med bruk av digitale teiknебrett på skuleeksamen, med mål om pilotering under eksamsperioden den hausten. På grunn av covid-19 og endring til heimeeksamen gjekk dette ut, men arbeidet held fram i 2022. Andre utviklingsområde i 2022 inkluderer forbetring av løsing for bachelor og master, tredjepartsprogramvare på eksamen og universell utforming.

I 2021 blei det utvikla og teke i bruk ein modul i timeplanleggingssystemet som skal bidra til å sikre kvalitet i prosessane, datagrunnlaget som blir meldt inn, og til slutt timeplanane. Det er utvikla ein pilot for å hente inn grunnlagsdata med mål om å bidra til betre prosessar rundt tildeling av rett type rom til den ønskte undervisningsaktiviteten, og ei meir føreseieleig tildeling av rom frå år til år. Vidare er det i 2021 teke i bruk ny timeplanvising for studentar. Visinga tilbyr studenten å byggje sin eigen timeplan, og dei kan abonnere på eigen kalender.

Den siste måloppnåinga under mål 8 har vore innanfor kompetanseutvikling. NTNU har i 2021 jobba med å etablere ei systematisk kompetanseutvikling på tvers av einingar og nivå, og då spesielt med ein plan for heilskapleg utvikling av utdanningsfagleg kompetanse. Det er utarbeidd ein plan med fire hovudmål som set kurset for dette arbeidet inn i 2022.

## NTNU KVELD – UNGE FORSKERE

Korleis skaper vi både berekraftige og rettferdige løysingar på dei store utfordringane som Noreg og verda står overfor? Dei mange unge forskarane ved NTNU jobbar hardt innanfor felt som helse, natur, klima, energi, transport, utdanning, økonomi og rettferdig fordeling.

På «NTNU Kveld - Unge forskere» blei det i 2021 lagt vekt på områda klima og sosial ulikskap. Ti unge forskarar gav publikum innblikk i forskinga si i løpet av to NTNU-kveldar.



## Andre aktivitetar og resultat

### Arbeids- og læringsmiljøet til studentane

Det å ta hand om og utvikle arbeids- og læringsmiljøet til studentane har vore spesielt prioritert i 2021. Det har vore eit utfordrande år med stor vekt på smittevern, lange periodar med avgrensa høve til oppmøte på campus og mykje digital undervisning. Studiebarometeret og andre undersøkingar viser at mykje digital undervisning går utover motivasjonen til studentane, og studentane rapporterer i større grad enn tidlegare om vanskar med å strukturere studiekvarden, om einsemd, og om psykiske helseplager. Det å ta hand om studentane, både fagleg og psykososialt, har derfor stått høgt på dagsordenen i 2021.

Fakulteta har utvikla eigne handlingsplanar for å sikre eit godt psykososialt læringsmiljø for studentane. Planane omfattar både fysiske og digitale faglege og sosiale tiltak. I utforming av planane, val av tiltak og informasjon til studentane er det lagt stor vekt på tett dialog mellom fakultetsleiing, fakultets- og institutt-tillitsvalde studentar og linjeforeiningar.

Pandemien har ført til bruk av nye og endra løysingar for undervisning, rettleiing, praksis, eksamen og vurdering. Omlegginga og omfanget av digital undervisning har resultert i at det er brukt ekstra ressursar på teknisk utstyr og støttetenester. Innanfor dei gjeldande smittevernreglane har NTNU lagt inn fysisk undervisning og møtepunkt i grupper der dette har vore mogleg. Fleire miljø har i 2021 prioritert kompetanseutviklende tiltak og sett i verk eigne pilotar på utforskande pedagogiske metodar. Eit sentralt tema har vore studentaktiv læring med digitale metodar. Etter gjenopning av campusane er det viktig å ta vare på dei positive erfaringane ved nye metodar og løysingar.

I 2021 er det tilsett ei rekke studentassistentar for fagleg oppfølging av andre studentar, og dette er i stor grad finansiert av supplerande tildeling frå Kunnskapsdepartementet (sjå meir om dette i kapittel 3.5.4).

2021 har vore eit krevjande år for både studentar og undervisarar. Tilbakemeldingane frå studentane er nemnde innleiingsvis, og omlegging av undervisning og arealrestriksjonar på campus gjev også auka arbeidspress for undervisarar. Overgangen til heil eller delvis digital undervisning er tid- og ressurskrevjande, og ein del undervisning er vaniskeleg å gjennomføre godt digitalt. Fleire forhold tilseier auka risiko for lågare gjennomføringsgrad og høgare fråfall. Vi følgjer derfor utviklinga i indikatorane som skildrar dette nøyne. Resultata for 2021 er kommenterte saman med andre nasjonale styringsparametar i kapittel 3.3.

### Kunnskapsformidling

Vitskapleg publisering er ein viktig del av formidlinga til NTNU. Dette er omtalt i samband med mål 6: *NTNU skal legge vekt på sterke forskargrupper, internasjonalt samarbeid og open tilgang til forsking.*

NTNU arbeider for å gjere kunnskapen vår kjend på mange ulike måtar og i ei rekke ulike kanalar. Nettstadene Gemini og Norwegian Sci Tech News samarbeider begge med Sintef for å formidle forskingsnyheiter. I 2021 publiserte Gemini 294 artiklar på norsk. Dette inkluderer kortnytt og kronikkar som ofte også er publiserte i DN, Aftenposten eller Adresseavisen. Den engelske utgåva – Norwegian Sci Tech News – publiserte 169 artiklar i 2021.

NTNU driv utstrekkt formidlingsarbeid gjennom Store norske leksikon (SNL). Det er 90 fagansvarlege personar som er knytte til NTNU, i leksikonet. Dei har ansvar for 406 fagområde og 9793 artiklar. SNL er den største kunnskapsbasen med kvalitetssikra

innhald i Noreg, og er også den største nettstaden for forskingsformidling i landet. Artiklane som fagfolk ved NTNU har ansvar for i SNL, blei lesne 6,7 millionar gonger i 2021, ein auke på 15 prosent frå 2020.

I 2021 lanserte vi podkastseriane «De store spørsmålene» og «63 Degrees North». Dei har blitt godt mottekte med høvesvis 18 000 og 6500 avspelingar i 2021, og vi har derfor valt å halde fram med ny sesong i 2022.

Foredragsserien «NTNU Kveld» er eit døme på formidling gjennom breitt fagleg samarbeid mellom forskarar ved NTNU. Etter seks års drift og over 40 arrangement har meir enn 15 000 publikummarar og 100 forskarar delteke. Trass i koronapandemien gjennomførte vi fem NTNU-kveldar med i alt 16 foredragshaldarar i Trondheim i 2021. Foredraga blei også strøymde.

### NTNU Vitskapsmuseet

NTNU Vitskapsmuseet har fått eit utvida formidlingsoppdrag med å lage utstillingar og samarbeide med fagmiljøa om arrangement og formidling av tema frå den faglege breidda til universitetet og visjonen «Kunnskap for ei betre verd». I 2021 resulterte det mellom anna i oppstarten av prosjektet «Futurum digital» i samarbeid med [NTNU Bærekraft](#), delvis finansiert av Noregs forskingsråd. «Futurum digital» skal skape ein digital versjon av sentralt innhald i utstillinga FUTURUM 2050, der forskarar gjev sine moglege løysingar på dei store miljøutfordringane, til bruk for vidaregåande skule og ungdomsskule i undervisning om berekraft.

Besök til utstillingane til Vitskapsmuseet på Kalvskinnet blei omrent det same i 2021 som året før, men nesten 40 prosent lågare i 2021 enn 2019. Nedgangen i besøket til utstillingane kjem av

### HISTORIA OM DEN NORSCHE ULVEN



Foto: Åge Hojem / NTNU Vitenskapsmuseet

Den norske ulvedebatten er karakterisert av steile frontar. Stortinget bad i 2016 om ei ny vitskapleg utgreiing om opphavet til den norsk-svenske ulvestammen. NTNU Vitenskapsmuseet fekk dette oppdraget, og i 2021 blei det publisert ein rapport som svar på spørsmål som Stortinget stilte. Rapporten var eit resultat av tre års internasjonalt samarbeid, med basis i museale samlingar og det fremste innanfor molekylær teknologi og analysemetodikk. Funna som blei offentleggjorde fekk stor merksemnd både

nasjonalt og internasjonalt. Samtidig med offentleggjering av rapporten opna museet også ei stor ulveutstilling, «Ulv! Ulv!», med vekt på kva plass ulven har i skandinavisk natur og kultur gjennom historia. Signaturmelodi til utstillinga blei komponert og framført av rockebandet Motorpsycho.

Utgreiinga og utstillinga er eit godt døme på synleggjering av berekraftsarbeidet ved NTNU.

koronapandemien, med stengt museum i seks veker og mindre besøk frå skular og barnehagar. I sommarperioden, då restriksjonane i samband med pandemien ikkje var så omfattande, blei det gjennomført ei rekke omvisingar og familiearrangement. Nokre temaa var insekt og småkryp, klimadagar, våpen frå steinalder til jernalder, vitskap i utkanten av verda og samisk kultur. Med utgangspunkt i eit oppdrag om å kartlegge genomet til den norske ulvestammen produserte Vitskapsmuseet i samarbeid med Miljødirektoratet utstillinga «ULV! ULV!». Utstillinga viser biologien og levesettet til ulven og kva verdi han har i historia og kulturen vår.

Trass i pandemien auka talet på gjennomførte opplegg for skulane i 2021. Dette gjeld samla sett for museet på Kalvskinnet, undervisning knytt til utgravingsprosjekt i felt og dei eksterne arenaene «Newtonrommet», Klemenskirken og ved SeeSalmon. Vitskapsmuseet har prosjektleiaransvar for Forskingstorget og Ungdommens forskarnatt under dei årlege Forskinsdagane. Ungdommens forskarnatt blei i 2021 gjennomført fysisk – med 400 elevar på besøk i Realfagsbygget – og ho blei strøymd til fleire skular.

## 3.2 Ressursgrunnlaget i 2021

Alle data som skildrar utviklinga av styringsparametrar, er henta frå DBH/KD-portalen. Alle dataseriar som er presenterte i rapporten for åra 2013–2015, viser summen for fusjonspartnarane, og deretter det fusionerte NTNU frå 2016.

### Utvikling i faglege årsverk

Faglege årsverk er ingen eigen styringsparameter, men inngår i fleire andre som «nemnar i brøken». Ein vesentleg vekst i denne stillingsgruppa vil gje negativ utvikling i styringsparametrar dersom «teljaren i brøken» har ein lågare vekst.


I 2021 hadde NTNU om lag 5000 årsverk i faglege stillingar. Veksten i faglege stillingar var noko høgare i 2021 enn i 2020, og var på 2,8 prosent. Veksten er framleis lågare enn før pandemien, og noko av forklaringa kan på same måten som i 2020 knytast nettopp til pandemirelaterte utfordringar og forseinkingar i rekrutteringsprosessar.

Prosentdelen rekrutteringsstillingar av faglege stillingar har auka frå 40,4 prosent i 2015 til 42,9 prosent i 2021. Satsinga på rekrutteringsstillingar er


**UTVIKLING I ÅRSVERK, FAGLEGE STILLINGAR (KJELDE: DBH)**

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Undervisings- og forskarstillinger og prof. II	2 452,9	2 544,56	2 668,3	2 741,3	2 808,9	2 895,8
Postdoktorar	370,5	407,9	435,6	444,9	389,0	374,4
Stipendiatar	1 355,4	1 462,2	1 565,5	1 640,7	1 729,2	1 796,8
<b>SUM, faglege stillinger</b>	<b>4 178,8</b>	<b>4 414,7</b>	<b>4 669,4</b>	<b>4 826,9</b>	<b>4 927,1</b>	<b>5 067,0</b>
<i>Endring i prosent, NTNU</i>	6,5 %	5,6 %	5,8 %	3,4 %	2,1 %	2,8 %
Prosentdel rekrutteringsstillingar av faglege stillinger	41,3 %	42,4 %	42,9 %	43,2 %	43,0 %	42,9 %
Prosentdel faglege stillinger av årsverk totalt	60,3%	61,9%	63,1%	63,5%	63,5%	63,7%

**Årsverk i faglege stillinger**



**Faglege årsverk per årsverk i leiing, adm. og fagnær støtte**



ein medviten strategi frå NTNU si side for å styrke og stimulere fagmiljøa.

Tabellen nedanfor viser utviklinga i faglege årsverk. Oversikta viser framleis ein nedgang i talet på postdoktorstillingar. Vi har ingen sikre forklaringar på nedgangen, men moglegårsaker kan vere forseinkingar i tilsetjingar på grunn av pandemien og ei dreining mot å tilsetje forskarar i staden for postdoktorar.

### Støtte til dei faglege stillingane

NTNU har dei seinare åra følgt opp ABE-reforma frå regjeringsa for å avgrense veksten i administrativ bemanning, og samtidig arbeidd med prosessforbetring og digitaliseringstiltak. Vi jobbar også med å finne rett nivå på kvaliteten i administrative tenester for å støtte opp under kjerneverksemda.

Konsekvensane av ABE-reforma er merkbare i organisasjonen, fordi kutta over tid har ført til at endrings- og utviklingskapasiteten vår er svekt. Vi ser også at vi i den ordinære administrative drifta av NTNU er prega av redusert kapasitet. Figuren viser forholdstalet mellom faglege årsverk og det samla støtteapparatet i form av leiing, administrasjon, teknisk og fagnær støtte. NTNU har, som figuren viser, auka forholdstalet mellom faglege årsverk og støtteårsverk vesentleg over år, men har stabilisert dette dei siste åra.

## 3.3 Styringsparametrar

I dette kapittelet går vi gjennom korleis NTNU vurderer resultata på dei nasjonale styringsparametrane. Omfanget av omtalen under kvar styringsparameter varierer, og der utviklinga og innsatsen til NTNU på området er inngående skildra under kapittel 3.2, er skildringa i dette kapittelet kortare.

Strukturreforma i universitets- og høgskulesektoren blir følgd opp med ein overordna gevinstrealiseringsplan, og det er sett måltal for utvalde indikatorar som skal måle gevinstane av fusjon for NTNU. Vi

gjev i dette kapittelet ei vurdering av måloppnåing på desse indikatorane. Enkelte av indikatorane omtalar vi under kvart av sektormåla, medan dei andre er omtalte avslutningsvis i kapittelet saman med ei overordna vurdering av måloppnåing på fusjonsgevinstindikatorane.

### 3.3.1 Sektormål 1: Kvalitet i utdanning og forsking


#### Prosentdel studentar som gjennomfører på normert tid

Prosentdelen studentar på bachelorutdanning som gjennomfører på normert tid, har auka jamt i perioden, og gjekk opp med heile 4 prosentpoeng frå 2020 til 2021. NTNU ligg no godt over gjennomsnittet for statlege institusjonar.

Prosentdelen studentar på masterutdanning som gjennomfører på normert tid, var låg i 2020, men har auka med nesten 5 prosentpoeng frå 2020 til 2021, og er no tilbake på same nivå som i åra før pandemien. Også for denne indikatoren ligg NTNU høgare enn gjennomsnittet for statlege institusjonar.

Ein stor del av fråfallet skjer tidleg i studia, og gjer etter første studieår. Det er derfor viktig med godt profileringss- og informasjonsarbeid slik at søkerar er godt førebudde på kva studiet dei har valt, inneber. NTNU har svært god søking og høg inntakskvalitet til dei fleste studieprogramma, men for å halde

**Prosentdel studentar på bachelorutdanning som gjennomførte på normert tid (%).**



**PROSENTDEL STUDENTAR PÅ BACHELORUTDANNING SOM GJENNOMFØRTE PÅ NORMERT TID (%). (KJELDE: DBH)**


	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>NTNU</b>	46,75	49,32	48,91	49,94	52,8	56,82
<i>Endring NTNU</i>	2,69	2,57	-0,41	1,03	2,86	4,02
Snitt statlege institusjonar	46,50	47,40	47,90	48,84	50,72	53,50

### PROSENTDELEN STUDENTAR PÅ MASTERUTDANNING SOM GJENNOMFØRTE PÅ NORMERT TID. (KJELDE: DBH)

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
--	------	------	------	------	------	------

<b>NTNU</b>	52,62	53,17	53,57	56,34	52,24	57,18
<i>Endring NTNU</i>	5,59	0,55	0,40	2,77	-4,10	4,94
Snitt statlege institusjonar	50,60	51,80	52,80	54,59	52,14	56,27

#### Prosentdelen studentar på masterutdanning som gjennomførte på normert tid (%)



på studentane gjennom heile løpet må vi ikkje berre tiltrekke oss gode og nok søkerarar, men dei rette og motiverte søkerarane. NTNU har jobba målretta med å tydeleggjere innhaldet i studietilboda gjennom rekrutterings- og informasjonsarbeid på nettsider og andre digitale plattformer, og resultat frå Studiebarometeret viser at studentane på NTNU er meir nøgde med tilgangen til informasjon om studieprogramma i 2021 enn tidlegare.

Fakulteta har lagt stor vekt på studiemiljøet, og har sett i verk fleire tiltak for auka gjennomstrøyming og reduksjon av fråfall. Det blir jobba aktivt med tiltak på studieprogramnivå for at alle studentar skal finne ein «heim», både fagleg og sosialt. Fleire fakultet jobbar med å kartleggje heile studentreisa frå rekruttering til fullføring for å utforme utviklingsplanar for rekruttering, studierettleiing, mentorering og anna type oppfølging av studentane. I 2021 blei det tilsett ei rekke studentassistentar for fagleg oppfølging av andre studentar, finansiert av supplerande tildeling frå KD. Erfaringane med bruk av student- og læringsassistentar for å bidra til både støtte og opplæring til studentar og tilsette er gode. (Sjå eigen omtale av supplerande tildelingar i kapittel 3.5.).

Arbeidet med studentaktiv læring og godt læringsmiljø bidreg til å auke trivselen og læringslengda blant studentane, og dette inngår i det langsiktige arbeidet med å auke gjennomstrøyminga og førebyggje uønskt fråfall. I 2021 er det utvikla nye tilbod om

utdanningsfagleg kompetanseheving, og støttene nestene er utvida. Det er brukt ekstra ressursar på oppgradering av læringsareal og digital infrastruktur, men likevel melder fleire fakultet gjennom kvalitetsmeldingane at tilgangen til areal og infrastruktur framleis set grenser for kva for undervisnings- og læringsformer som kan nyttast. Tilgang til identitetsskapande areal frå det første studieåret er viktig for studiemiljøet ved alle program. Dette behovet blei forsterka under pandemien, og det skapte naturlege kohortar.

I perioden med pandemi har svært mange søkt seg til høgare utdanning i Noreg. Dette heng truleg saman med uvisse i arbeidsmarknaden og avgrensa mogleigheter for studium i utlandet, noko som vil endre seg når pandemien er over. Studentane stadfestar i fleire undersøkingar at dei to siste åra har vore tøffe, både sosialt og fagleg, og vi ser at mange mistar motivasjonen av mykje digital undervising. På bakgrunn av dette vil vi følgje nøyne med på utviklinga i desse to indikatorane framover.

#### Prosentdelen ph.d.-kandidatar som gjennomfører i løpet av seks år

Prosentdelen doktorgradar som blir gjennomførte i løpet av seks år, var i 2021 over 73 prosent. Sidan 2018 har prosentdelen som gjennomfører innanfor seks år, lege relativt stabilt og godt over snittet i sektoren. I 2021 ser vi ein svak nedgang i prosentdelen som gjennomfører i løpet av seks år, men har rekordhøg tildeling av doktorgradar, på 415.

At vi ikkje aukar meir, kan kome av ein nedgang i disputasar ved Fakultet for medisin og helsevitenskap, der fleire kandidatar har blitt forseinka fordi dei har vore kalla ut til teneste på grunn av pandemien.

Ph.d.-utdanninga har vore under sterkt press på grunn av pandemien, og vi er svært nøyde med at


	2017	2018	2019	2020	2021
Kandidatar	362	397	377	406	415
Ph.d.-avtalar	2555	2645	2755	2815	2950

### TALET PÅ PH.D.-KANDIDATAR SOM GJENNOMFØRER I LØPET AV SEKS ÅR.

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
--	------	------	------	------	------	------

<b>NTNU</b>	72,29	69,37	75,91	75,14	75,53	73,36
<i>Endring (prosentpoeng)</i>	7,68	-2,92	6,54	-0,77	0,39	2,17
Snitt statlege institusjonar	67,90	66,10	68,30	66,27	70,25	67,90

#### Talet på ph.d.-kandidatar som gjennomfører i løpet av seks år.



ph.d.-utdanninga ved NTNU framleis er i vekst, og at tala held seg relativt stabile over tid. Veksten har samanheng med at vi også over tid har teke opp fleire doktorgradskandidatar, og vi forventar ein svak auke i talet på uteksamerte kandidatar dei neste åra. Målalet for fusjonsgevinstar er sett til 450 avgelde doktorgradar i 2025. Utviklinga viser at vi er på god veg til å nå dette målalet.

#### Oppfatninga av studiekvalitet blant studentane


Tilbakemeldinga frå studentane i Studiebarometeret på om dei alt i alt er tilfredse med studieprogrammet sitt, har vore relativt stabil dei siste åra, men er noko lågare i 2020 og 2021 enn i 2019. NTNU ligg litt over gjennomsnittet for statlege institusjonar. Resultatet viser at tiltaka som er sette i verk for å motverke negative effektar av pandemien, har hatt effekt.

I Studiebarometeret melder studentane at dei er meir nøyde med fagleg rettleiing og diskusjonar

med fagleg tilsette no enn i 2020, og dei er meir nøgde med den administrative tilrettelegginga av studieprogrammet (timeplan, studieplan osv.). Studentane ved NTNU gjev god tilbakemelding (høg skår) på spørsmålet om dei meiner studieprogrammet er fagleg utfordrande. Vidare er studentane også nøgde med at eksamenar, innleveringar og andre vurderingsformer har kravd forståing og resonnement, og har handla om sentrale delar av lærestoffet. Studentane melder at dei opplever betre mogleigheter for å gje innspel på innhald og opplegg i studieprogrammet no enn tidlegare, og at dei fagleg tilsette har høge faglege ambisjonar på vegner av studentane.

Tilbakemeldingane i studiebarometeret peikar også på utviklingstrekk og område vi må sjå nærmare på. Studentane ønskjer seg betre opplæring i bruk av digitale verktøy/program som er relevante for

#### Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten



### SKÅR PÅ KORLEIS STUDENTANE OPPFATTAR STUDIEKVALITETEN. (KJELDE: DBH)

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
--	------	------	------	------	------	------

<b>NTNU</b>	4,07	4,05	4,07	4,13	4,05	4,01
<i>Endring NTNU</i>	-0,07	-0,02	0,02	0,06	-0,08	-0,04
Snitt statlege institusjonar	4,05	4,03	4,03	4,07	4,03	3,95

fagområdet, og meir tilbakemelding frå fagleg tilsette. Vi må også sjå på korleis studentane opplever arbeidsrelevans ettersom ein del spørsmål som kan knytast til dette, får låg skår, mellom anna spørsmål om studentane opplever at representantar frå arbeidslivet bidreg i undervisninga, om det er mogleg å jobbe med prosjekt/oppgåver i samarbeid med arbeidslivet, og om studentane opplever å få innføring i korleis dei kan formidle eigen kompetanse til potensielle arbeidsgjevarar.

26 prosent av studentane svarar at alt eller nesten alt av undervisning frå hausten 2020 og fram til no har gått føre seg på nettet. Over halvparten av studentane meiner kvaliteten på nettundervisninga ikkje er like god som fysisk undervisning.

Ein av ambisjonane i fusjonsplattforma til NTNU var at studentane våre skal oppleve undervisning, læring og læringsmiljø med høg kvalitet og høge kvalitetskrav. I tillegg til å vere ein nasjonal styringsparameter er skår på *korleis studentane oppfattar utdanningskvaliteten* også ein indikator i gevinstrealiseringssplanen for fusjon. NTNU nådde måltalet på 4,1 i 2019, men i åra med pandemi har studentane vurdert studiekvaliteten som lågare. Dei to siste åra har vore spesielle når det gjeld gjennomføring av studium. Framover blir det viktig å bruke det vi har lært i perioden med pandemi og tilhøyrande omlegging av læringsaktivitetar til å utvikle kvaliteten på utdanningane vidare. Når studium og læringsaktivitetar igjen kan gjennomførast som normalt, har vi god tru på at studentane vil vurdere studiekvaliteten som høgare, og at NTNU derfor vil nå måltalet for denne indikatoren.

#### Fagleg tidsbruk blant heiltidsstudentar

Den faglege tidsbruken per veke blant heiltidsstudentar har gått ned dersom ein ser på heile perioden frå 2016, men har vore stabil dei siste tre åra. Gjennomsnittet for ein NTNU-student er nesten to timer høgare per veke samanlikna med gjennomsnittet for alle statlege institusjonar.

I Studiebarometeret svarar NTNU-studentane at dei har brukt noko meir tid på læringsaktivitetar som er


organiserte av institusjonen i 2021 samanlikna med 2020, samtidig som tida til eigenstudium har gått noko ned. Det har truleg samanheng med at vi i 2021 var betre førebudde på omlegging av organiserte læringsaktivitetar til digital gjennomføring enn vi var i 2020. Studentane brukar meir tid på betalt arbeid no enn før, og tidsbruka på betalt arbeid går opp med gjennomsnittleg 0,4 timer per veke.

På spørsmål om i *kva grad studieprogrammet bidreg til motivasjon for studieinnsats*, gjev studentane noko lågare skår i 2021 enn dei gjorde i 2020. Også skår på vurderinga om studentane opplever at studieinnsatsen er høg, går noko ned. Det heng truleg saman med studiemiljøet og læringsaktivitetane det har vore mogleg å gjennomføre i tida med pandemi. Heile 43 prosent av studentane våre svarar i Studiebarometeret at dei synest nettundervisning er mindre motiverande enn fysisk undervisning.

#### Publiseringspoeng per fagleg årsverk

Publiseringspoeng for 2021 kjem først i april 2022, og vi rapporterer derfor på 2020-tal. Talet på publiseringspoeng per fagleg årsverk auka med 0,07 prosentpoeng frå 2019 til 2020. Dette er spesielt gledeleg med tanke på at talet på faglege årsverk også har auka i den same perioden. NTNU har hatt god vekst i talet på publiseringspoeng og ligg no over gjennomsnittet til statlege institusjonar. Basert på registreringane så langt for 2021 ser vi at talet på forskingspublikasjonar ligg litt over det som blei

#### Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar.




#### FAGLEG TIDSBRUK (TIMAR) PER VEKE BLANT HEILTIDSSTUDENTAR (KJELDE: DBH)

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>NTNU</b>	37,67	36,78	36,55	35,95	35,94	36,02
<i>Endring NTNU</i>	0,85	-0,89	-0,23	0,60	-0,01	0,08
Snitt statlege institusjonar	35,50	34,90	34,40	34,34	34,11	34,29

#### PUBLISERINGSPONG PER FAGLEG ÅRSVERK. (KJELDE: DBH)

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>NTNU</b>	1,21	1,17	1,21	1,26	1,33	-
<i>Endring (prosentpoeng)</i>	-0,03	-0,04	0,04	0,05	0,07	-
Snitt statlege institusjonar	1,15	1,16	1,18	1,21	1,26	-

#### Publiseringspoeng per fagleg årsverk



#### Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk

Verdien av Horisont 2020-kontraktar som er signerte i 2021 per FoU-årsverk, er litt lågare enn i 2020. 2020 var eit toppår, med signerte kontraktar med ein verdi på over 30 millionar euro, medan det i 2021 var nærmere 27,7 millionar euro. NTNU har oppnådd større tildelinger i 2020 og 2021 samanlikna med tidlegare år. FoU-årsverkindikatoren i 2020 og 2021 er den same, sidan han blir oppdatert annakvart år.


Ein tilgrensande indikator er EU-inntekt per fagleg årsverk med eit måltal på 75 000 i 2025. Med den store veksten i faglege årsverk dei siste åra, kombinert med hard konkurransen om EU-midlane vil det bli svært krevjande å nå dette målet.

#### Utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av det totale talet på studentar

Prosentdelen utvekslende utvekslingsstudentar på Erasmus+ av det totale talet på studentar var svært låg i 2021. NTNU ligg likevel godt over gjennomsnittet for statlege institusjonar.

Pandemien har i stor grad påverka studentutvekslinga. I 2019 hadde NTNU 700 utvekslingsstudentar

#### Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk, i euro



#### VERDIEN AV HORISONT 2020-KONTRAKTAR PER FOU-ÅRSVERK, I EURO. (KJELDE: DBH)


	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>NTNU</b>	5 995,61	5 706,92	7 984,54	7 252,2	10 325,06	9 526,96
<i>Endring NTNU</i>	-2 994,00	-288,69	2 242,62	-696,34	3 072,86	-798,10

### PROSENTDEL UTREISANDE UTVEKSLINGSTUDENTAR PÅ ERASMUS+ AV DET TOTALE TALET PÅ STUDENTAR (DBH)

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
--	------	------	------	------	------	------

<b>NTNU</b>	1,00	1,24	1,36	1,55	1,16	1,02
<i>Endring (prosentpoeng)</i>	0,28	0,24	0,12	0,19	-0,39	-0,14
Snitt statlege institusjonar	0,94	0,96	1,11	1,20	0,75	0,80

#### Prosentdel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av det totale talet på studentar (DBH)




på Erasmus+, og dette gjekk ned til 540 studentar i 2020 og 465 studentar i 2021.

Det totale talet på utvekslingsstudentar er blitt kraftig redusert, både i 2020 og i 2021. I 2019 hadde NTNU totalt 1490 utreisande studentar. Talet gjekk ned til 1020 i 2020, og blei halvert til 550 i 2021.

I 2021 drog heile 84 prosent av utvekslingsstudentane til europeiske institusjonar, medan dette talet

#### Prosentdel masterkandidatar i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning



#### PROSENTDEL MASTERKANDIDATAR I RELEVANT ARBEID EIT HALVT ÅR ETTER FULLFØRT UTDANNING. (KJELDE: NIFU/KANDIDATUNDERSØKING)

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
--	------	------	------	------	------	------

<b>NTNU</b>	-	75,74	-	82,00	77,40	
-------------	---	-------	---	-------	-------	--

i eit normalår er 50 prosent. Vi forventar at dette mønsteret normaliserer seg noko i 2022.

I oktober 2020 kom Mobilitetsmeldinga frå KD (Meld. 7 [2020–2021]), og i 2021 utarbeidde NTNU ein utviklingsplan for det internasjonale området. Sentrale mål frå Mobilitetsmeldinga er innarbeidde i denne utviklingsplanen, og planen blir førande for det vidare arbeidet med mobilitet ved NTNU i åra framover.

Når det gjeld prosjektprogramma, er deltakinga høg, og vi forventar vesentleg auka deltaking i det nye Erasmus-programmet.

#### 3.3.2 Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

##### Prosentdel masterkandidatar i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning

Det ligg ikkje føre nye data for denne nasjonale styringsindikatoren. Dataa som er publiserte i DBH for 2019, blei kommenterte i årsrapporten til NTNU det same året. NTNU har i 2021 starta arbeidet med å planleggje ei kandidatundersøking som blir gjennomført i 2022.

##### Bidragsinntekter frå Forskningsrådet – per fagleg årsverk

Aktiviteten innanfor NFR-finansierte prosjekt har auka samanlikna med 2020. Auken har fleire årsaker. Ein ting er korrekjonar i rekneskapen for 2021 på grunn av feil frå tidlegare år som flyttar 100 millionar kroner i aktivitet frå næringsliv til NFR. Dette har ikkje noko med aktiviteten i 2021 å gjøre, men påverkar tala. Auken kjem også av at det har vore lettare å gjennomføre aktivitet i 2021 enn i 2020, og

til slutt kjem noko av auken av SFI-tildelingar i 2020 som er sett i verk i 2021.

Bidragsinntektene frå Forskningsrådet varierer i takt med større tildelingar av senter som SFF, SFI, FME og infrastrukturmidlar. Dette gjer at målalet på 280 i 2025 er avhengig av ei større tildeling i 2024 og igangsetjing av store tildelingar i 2025. Det viktigaste for denne målindikatoren er derimot at vi held opp same aktivitet som før, eller ser ein jann vekst i svingingane framover. Det er ikkje sjølv sagt at Forskningsrådet vil ha ein vekst i åra framover, og med den aukande konkurransen om midlane tilseier dette at det vil vere krevjande å nå målet i 2025.

##### Andre bidrags- og oppdragsinntekter utanom EU og Forskningsrådet – per fagleg årsverk

I 2021 ser det ut til å vere ein nedgang i bidragsfinansiert aktivitet finansiert av næringsliv ved NTNU samanlikna med tidlegare år. Dette er ikkje ein reell nedgang, men ein korrekjon av inntekter frå andre bidragsinntekter til NFR-inntekter. Saman med

ein auke i faglege årsverk slår dette negativt ut på forholdstalet.

#### Forskningsinnsats i MNT-fag

Nye tal vil vere klare ultimo 2022, etter oppdatering av FoU-statistikken for 2021, som blir gjort av SSB våren 2022.



#### 3.3.3 Sektormål 3: God tilgang til utdanning

##### Kandidatmåltal på helse- og lærarutdanningane

NTNU har kandidatmåltal for 18 utdanningar, 13 innanfor helse og 5 innanfor lærarutdanningane. Grunnskulelærarutdanningane og jordmorutdanningane har ikkje ordinær kandidatproduksjon i 2021. Ut over dette er kandidatmåltala ikkje oppfylte for 2 av helseutdanningane og 2 av lærarutdanningane:

Jordmorutdanninga har fram til no hatt opptak kvart andre år og har derfor ikkje ordinær kandidatproduksjon i 2021. Denne utdanninga er lagd om frå ei vidareutdanning til ein mastergrad og vil frå 2022 ha opptak kvart år.

##### Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk




##### BIDRAGSINNTEKTER FRÅ FORSKNINGSRÅDET PER FAGLEG ÅRSVERK (KJELDE: DBH)

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>NTNU</b>	216,11	232,57	228,59	237,39	202,48	247,22
<i>Endring (prosentpoeng)</i>	13,57	16,46	-3,98	8,80	-34,91	44,74
Snitt statlege institusjonar	154,80	159,50	157,00	166,91	148,43	165,09

##### ANDRE BIDRAGS- OG OPPDRAGSINNTEKTER PER FAGLEG ÅRSVERK. (KJELDE: DBH)

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>NTNU</b>	191,13	174,85	180,05	186,42	179,96	158,13
<i>Endring (prosentpoeng)</i>	-38,36	-16,28	5,20	6,37	-6,46	-21,83
Snitt statlege institusjonar	143,80	140,30	143,10	158,07	158,79	165,83



*Teiknspåk og tolking* uteksaminerte 10 kandidatar i 2021, medan måltalet er 20. Dette bachelorprogrammet har hatt utfordringar med fråfall og er derfor lagt om slik at det no omfattar to studieløp: eit profesjonsstudium for sertifiserte tolkar og ei fordjuping i norsk teiknspåk kombinert med 60 studiepoeng i andre fag. Omlegginga gjeld frå og med studieåret 2019–2020. Vi forventar at omlegginga vil ha ein positiv innverknad på kandidatproduksjonen på sikt, men det er for tidleg å sjå effekt av dette før første bachelorkull med ny studieplan har fullført.

På *radiografutdanninga* blei det uteksaminert 50 kandidatar. Kandidattalet varierer noko frå år til år, men ligg dei fleste år rundt måltalet på 51. Vi forventar å nå kandidatmåltalet på denne utdanninga også framover.

*Grunnkulelærarutdanningane (GLU1-7 og GLU5-10)* uteksaminerte i 2021 samla sett 15 kandidatar, som var fordele på 5 på 1-7 og 10 på 1-10. Måltalet er høvesvis 149 og 97, til saman 243. Den unormalt låge kandidatproduksjonen i 2021 er ein konsekvens av overgangen frå fireårig til femårig grunnkulelærarutdanning, fordi det ikkje er nokon kull som avslutar studiet dette året, utanom studentar som er blitt forseinka i det gamle løpet. Ordinært oppfyller

grunnkulelærarutdanningane ved NTNU samla sett kandidatmåltalet, og sidan opptaket til den femårig grunnkulelærarutdanninga har vore stabilt høgt og fråfallet ser ut til å halde seg på eit lågt nivå (<20 %), gjev det grunn til å forvente at kandidatproduksjonen for grunnkulelærarutdanningane kjem til å ta seg kraftig opp att i 2022.

*Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) og praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag (PPU-Y)* uteksaminerte 165 kandidatar i 2020. Kandidatmåltalet er 222. Hovudårsaka til at det ved NTNU og ei rekke andre institusjonar blir uteksaminert færre kandidatar no enn tidlegare, er innføringa av krav om mastergrad som hovudregel for opptak til PPU og fleksibel PPU i 2019. Dette har naturleg nok ført til færre søkerar som er kvalifiserte for utdanningane og eit mindre opptaksgrunnlag.

*Den treårige yrkesfaglærarutdanninga* uteksaminerte i 2021 40 kandidatar, medan måltalet er 69. Gjennom mange år har NTNU hatt for få kvalifiserte søkerar til denne utdanninga, og alle som er kvalifiserte, blir tekne opp. Eit internt utval har utarbeidd ei ny organisering og ein revidert studieplan for yrkesfaglærarutdanninga, som blir sett i verk frå og med hausten 2022. Ambisjonen er at desse endringane

vil føre til noko betre rekruttering og på sikt fleire ferdigutdanna yrkesfaglærarar årleg.

### 3.3.4 Sektormål 4: Effektiv, mangfoldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem

#### Studiepoeng per fagleg årsverk

Talet på studiepoeng per fagleg årsverk har gått litt ned i 2021 samanlikna med 2020, og NTNU ligg under gjennomsnittet for statlege institusjonar. NTNU har hatt ein vekst i studiepoengproduksjonen, men han er noko mindre enn veksten i talet på faglege årsverk. Dette resulterer i ein nedgang i talet på studiepoeng per fagleg årsverk.

I denne styringsindikatorene er stipendiatar tekne med når faglege årsverk er rekna ut. Dette er årsverk som primært bidreg til forskingsaktivitet. Ein stor del av veksten i faglege årsverk frå 2020 til 2021 ved NTNU er knytt til ein auke i stipendiatårsverk, og utan denne veksten ville talet på studiepoeng per fagleg årsverk vore på om lag same nivå i 2021 som i 2020.

Denne indikatoren måler effektivitet. Dette må balanserast opp mot forhold som er viktige for gjennomstrøyming og førebygging av fråfall, til dømes studentane sitt behov for kontaktid med faglæraren, tid til rettleiing og personlege tilbakemeldingar på utført arbeid.

#### Kvinner i dosent- og professorstillingar

Prosentdelen kvinner i dosent- og professorstillingar har ein positiv trend sjølv om endringane frå år til år er marginale. NTNU jobbar systematisk med å auke kvinnedelen spesielt innanfor dei tradisjonelle teknisk-naturvitenskaplege fagprofilane. Fleire

einingar jobbar aktivt med søker-/leitekomitear for å finne godt kvalifiserte kvinner til dosent- og professorstillingar.


Rekrutteringsgrunnlaget for kvinnelege dosent- og professorstillingar aukar både innanfor førsteamanuensis og førstelektor og innanfor stipendiatkategorien. NTNU har hatt ein svak nedgang når det gjeld kvinnelege postdoktorar.

Omtalen av tiltak som er sette i verk, er teken med i kapittel 5, «Likestilling og mangfold». NTNU jobbar aktivt med å etablere ein kompetanse- og karriereutviklingsplan for dei vitskapleg tilsette. Sjå meir om dette i kapittel 3.2, under mål 8 i årsplanen.

#### Mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar

NTNU har sidan 2020 hatt ytterlegare fall i mellombels stillingar og ligg på 10,54 prosent. Snittet ved BOTT-universiteta er 14,93 prosent (ikkje medrekna NTNU). Prosentdelen eksternt finansierte forskarar

#### Studiepoeng per fagleg årsverk



#### STUDIEPOENG PER FAGLEG ÅRSVERK. (KJELDE: DBH)



	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>NTNU</b>	398,92	379,63	363,46	358,21	378,25	372,51
<i>Endring (prosentpoeng)</i>	-15,45	-19,29	-16,17	-5,25	20,04	-5,74

Snitt statlege institusjonar

#### KVINNER I DOSENT- OG PROFESSORSTILLINGAR (DBH)

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>NTNU</b>	23,85	25,02	25,95	26,45	27,35	27,83
<i>Endring (prosentpoeng)</i>	-0,43	1,17	0,93	0,50	0,90	0,48

Snitt statlege institusjonar

**Prosentdel kvinner i professor- og dosentstillingar****Prosentdel mellombels tilsette i UF-stillingar****PROSENTDEL MELLOMBELS TILSETTE I UNDREVNSINGS- OG FORSKARSTILLINGAR (DBH)**

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>NTNU</b>						
Endring (prosentpoeng)	15,83	15,05	15,40	12,62	11,35	10,54
Snitt statlege institusjonar	-0,49	-0,78	0,35	-2,78	-1,27	-0,81

(1108 forskar, 1109 forskar og 1183 forskar) i mellombels stillingar held fram med å gå ned, frå 44,00 prosent i 2020 til 38,70 i 2021. Andre stillingsgrupper med relativt høg prosentdel mellombels stillingar finn vi innanfor ingeniørkategorien og universitetslektorar. Fleire faste tilsette på eksternt finansierte prosjekt kan føre til fleire oppseiningssaker. Sentralt tilsetningsutval (SAO) har i 2021 gjort vedtak om 23 oppseiningar. 20 av desse skriv seg frå bortfall av ekstern finansiering. Desse fordeler seg igjen på 17 forskarar, 1 universitetslektor og 2 overingeniørar. Måltaket for mellombels tilsette ved fakulteta og Vitskapsmuseet blir følgt opp kontinuerleg, og dette gjer det mogleg med målretta tiltak.

**Prosentdel av samlingane og objekta som er tilfredsstillande sikra og teken vare på**

NTNU forvaltar store kultur- og naturhistoriske samlingar og brukar dei i forsking, formidling og undervisning.

Vitskapsmuseet arbeider etter dette verksemdmålet for sikring og bevaring av samlingane: *NTNU skal sørge for å sikre og ta vare på dei vitskaplege samlingane ved Vitskapsmuseet og gjere dei tilgjengelege for forsking, undervisning, forvaltning og allmennretta formidling*.

Museet har utarbeidd ein samlingsplan for perioden 2018–2025. Planen rettar spesielt merksemda mot aktiv bruk og behov for utvikling av samlingane, innanfor dei gjeldande krava til sikring og bevaring. Resultat for 2021 og mål for 2022 for sikring og

bevaring av dei vitskaplege samlingane, og prosentdel digitalisering og tilgjengeleggjering på nettet finst på [DBH](#).

**Sikring og bevaring**

Det kontinuerlege arbeidet med sikring og bevaring av samlingane blir gjennomført i fagmiljøa medan større prosjekt og bygningsmessige tiltak blir prioriterte i samband med årsplanane til museet og i samarbeid med NTNU Egedom, som er eigedomsavdelinga ved NTNU.

Ei prosjektgruppe frå NTNU Egedom og Vitskapsmuseet har i 2021 arbeidd med å etablere nytt magasin for kulturhistoriske arkiv. Magasinet blei klart til innflytting ved årsskiftet, og arkivmaterialet er pakka ned og går gjennom desinfeksjon før innflytting i 2022. Prosjektet omfattar også avbøande tiltak med omsyn til vasskaderisko i eksisterande samlingsmagasin og utbetring av kapasitet i kulturhistoriske magasin gjennom nye innreiingar. Sistnemnde er forseinka på bygningssida og blir ikkje fullført før i 2022. Dei to førstnemnde tiltaka fører til noko forbetring med omsyn til risiko for vass-skade for kulturhistorisk materiale. Tiltaka blir delfinansierta av Kunnskapsdepartementet etter søknad frå NTNU i 2020.

Den geologiske samlinga (om lag 9000 objekt) blei flytta i 2021 til eit oppgradert magasin der bevaringsforholda er vesentleg betre for materialet, spesielt med omsyn til luftfukt.

NIDARK-prosjektet, eit arbeid med å betre tilgangen til det byarkeologiske materialet, gjere det meir brukbart og gjere dokumentasjonen betre blei avslutta i 2021 etter ein treårig prosjektperiode med ein arbeidsinnsats på nærmere 15 årsverk. I prosjektet har ein arbeidd med materiale som er samla inn ved undersøkingar av Riksantikvaren og seinare NIKU i byrunnen i Trondheim etter 1970. Materialet utgjer om lag 250 000 gjenstandar frå over 315 separate undersøkingar / lokalitetar i byrunnen. Alt bymaterialet har no ein digital representasjon i gjenstandsbasen, og datasett og katalogsamndrag for lokalitetane som er ferdig reviderte, er tilgjengelege på nettet.

Det har vore god framdrift i arbeidet med rutineutvikling for dei kulturhistoriske samlingane der museumsstyret vedtok nye kassasjonsrutinar i desember 2021. For dei naturhistoriske samlingane har ein lagt ned stor innsats i 2021 med digitalisering og tilgjengeleggjering av restansar frå tilvekst og gáver frå tidlegare år. For samlingsarbeidet har ein stort sett klart å halde oppe normal drift og bemanning trass i pandemien.

Dei store attståande utfordringane på sikringssida gjeld spesielt risiko som er knytt til vass-skade og manglande evakueringsmoglegheiter frå magasin. På bevaringssida er utfordringane å oppnå tilfredsstillande klimaregulering med tanke på luftfukt og temperatur for tørrmateriale i dei naturhistoriske magasina, og restansar som er knytte til preventiv konservering av kulturhistorisk materiale.

**Risiko og tiltak**

Dei største utfordringane for sikrings- og bevaringsarbeidet både på kort og lang sikt er framleis mangel på tilfredsstillande magasin for delar av samlingane og magasinkapasitet. Sistnemnde ser ut til å kunne handterast i eit 3-5-årsperspektiv gjennom sluttføring av prosjekt i 2022. Manglande evakueringsmoglegheiter for fleire magasin er ei beredskapsutfordring som ikkje kan løysast ved å utvikle betre rutinar eller planverk. Regjeringa vedtok 19. januar 2018 konsept for samling av campus NTNU. Konseptet inneber også ombygging for magasinlokala ved Vitskapsmuseet. Dei største utfordringane med omsyn til kvalitet og kapasitet i magasina blir først løyste ved realiseringa av campusprosjektet.

**3.3.5 Overordna gevinstrealiseringsplan for oppfølging av strukturreforma**

Hovudgrunnlogeingane for fusjonen mellom NTNU og høgskulane i Ålesund, Gjøvik og Sør-Trøndelag i 2016 var knytt til å utvikle fagleg kvalitet. NTNU har sidan den gongen arbeidd svært aktivt med fagleg

integrasjon og utvikling av sterke fagmiljø. For å vurdere gevinstar av fusjon fastsette KD måltal for 2025 for utvalde indikatorar. Indikatorane som blir brukte for å vurdere gevinstar av fusjonen, er i nokon grad samanfallande med eller tilgrensande til styringsindikatorar frå Kunnskapsdepartementet, og vurderingar av måloppnåing for fleire av indikatorane er derfor gjort ovanfor.

Alle dei fem måla i utviklingsavtalen til NTNU har vore viktige både for å realisere strategien til NTNU og for å realisere gevinstane av fusjonen. Utvikling innanfor måla i utviklingsavtalen er derfor ein god indikator for realisering av gevinstane av fusjonen og bør sjåast i samanheng med utviklinga på fusjonsgevinstindikatorane.

Nedanfor følgjer vurderingar for dei indikatorane som ikkje er omtalte ovanfor.

**Arsverk i førstestillingar av fagleg tilsette**

I 2021 hadde NTNU om lag 5000 årsverk i faglege stillingar (ein auke på 2,8 prosent) frå 2020. Prosentdelen av desse som er tilsette i førstestillingar, har hatt ein jamn auke sidan fusjonen, og NTNU ligg no på 79,2 prosent – altså over måltaket på 78 prosent.

Det har sidan fusjonen vore eit viktig arbeid ved NTNU å kunne gjere det mogleg for tilsette å byggje opp førstekompetanse og då spesielt innanfor førstelektor-/dosentlopet. Det blei i 2019 etablert eit førstelektorprogram som har bidrige til auken i førstekompetanse.

**Studentar på nettbaserte og desentraliserte utdanninger**

Talet på studentar som var registrerte på nettbaserte og desentraliserte utdanninger, var lågt i 2020, men er tilbake på eit meir normalt nivå i 2021. Utviklinga sidan 2018 viser ein svak nedgang.

Ein av ambisjonane i fusjonsplattforma var at NTNU skulle utvikle og samordne studieporteføljen slik at vi sikrar relevant kompetanse og beste praksis, og at utvalde utdanninger skulle bli tilbodne gjennom fleksible og desentraliserte ordningar. NTNU er blant dei største i landet på studiepoengjevande vidareutdanning og har framleis ambisjonar om å utvikle tilboda våre om etter- og vidareutdanning og meir fleksible utdanninger. I tillegg til å jobbe for målet om volumvekst er NTNU opptekne av at også nettbaserte og desentraliserte utdanningstilbod skal halde høg kvalitet.

Det går føre seg mange interessante utviklingsprosjekt innanfor livslang læring og desentrale studielibod, og den kompetansen vi har fått på digital undervisning i perioden med pandemi, kan brukast inn mot utvikling av eit breiare tilbod for livslang læring. For å treffe fleire målgrupper blir det utvikla fleire nettbaserte og fleksible tilbod, der digital undervisning og oppfølging frå fagmiljøa gjerne blir kombinert med lokale samlingar. I strategien til NTNU er det eit mål at ny teknologi skal brukast for å gje studentane tilgang til aktiviserande og varierte lærings- og vurderingsformer og for å gje god tilgang til livslang utdanning. Vi vil derfor prioritere dette området og jobbe med å auke talet på studentar på denne typen utdanninger framover. NTNU vurderer det som truleg at vi vil nå måltalet som er sett, innan 2025.

#### Administrative stillingar av det totale talet på årsverk

NTNU er det største universitetet i Noreg med totalt 7952 årsverk. Av desse er 1893 årsverk administrative stillingar. NTNU er i dag det universitetet i Noreg med lågast prosentdel administrative stillingar i forhold til faglege årsverk, og samanlikna med dei andre universiteta i Noreg har NTNU også lågast del årsverk i fellesadministrasjonen i forhold til talet på årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (UFF-stillingar). NTNU er godt under det oppsette måltalet, og dette er dels ein konsekvens av fusjonen i 2016 og medfølgjande administrativ omorganisering, og dels ein konsekvens av ABE-kutta sidan 2015.




NTNU har høge ambisjonar og har mange utviklingsløp gående samtidig. I tillegg har vi vore gjennom ein krevjande pandemi. NTNU erkjenner at vi har ein risiko for at høgt ambisjonsnivå og endringstrykk kan skape stor belastning og slitasje blant tilsette, og at dette på sikt kan føre til manglande måloppnåing. Denne risikoen må NTNU balansere opp mot forventa strammare økonomiske rammer for UH-sektoren framover.

#### Oppsummering

Totalt sett vurderer NTNU at vi har tilfredsstilende utvikling på fusjonsgevinstindikatorane. Systematisk arbeid og innsats i kvart enkelt fagmiljø og fakultet har bidrige til at vi stadig strekkjer oss mot høgare kvalitet og å vere eitt NTNU. Strategiske omstillingssidelar blir forvalta av rektor og tildelte til fagmiljøa gjennom viktige langsiktige satsingar som Toppforskningsprogrammet.

Toppundervisningsprogrammet, oppbygging av og støtte til senter (som SFF, SFI og SFU), Strategisk program for kunnskapsbasert innovasjon, m.m. Desse satsingane har vore sentrale i arbeidet med å heve kvaliteten innanfor alle kjerneområda våre. Felles digitale løysingar, plattformer og verktøy er også viktige byggjeklossar når vi vidareutviklar og forbetrar NTNU og slik realiserer gevinstane av fusjon. Les meir om dette, og om andre element i det langsiktige kvalitetsarbeidet ved NTNU, i kapittel 3.1.

## Utvalde mål i strukturreforma med indikatorar og måltal



#### Utvalde mål i strukturreforma med indikatorar med måltal

	Mål 2025	Resultat			
		2018	2019	2020	2021
<b>1: Utdanning og forskning av høg kvalitet</b>					
Vitskapleg publisering: Publiseringspoeng per fagleg årsverk	<b>1,4</b>	1,21	1,26	1,33	-
Tildeling fra Forskningsrådet per fagleg årsverk (1000 kr)	<b>280</b>	229	237	202	247
Tildeling fra EU per faglege årsverk (1000 kr)	<b>70,0</b>	44,9	43,0	35,8	44,2
Prosentdel årsverk i førstestillinger av fagleg tilsette	<b>78</b>	77,1	78,2	79,0	79,2
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (skala 1–5)	<b>4,10</b>	4,07	4,13	4,05	4,01
Avlagde doktorgradar	<b>450</b>	397	377	406	415
<b>3. God tilgang til utdanning og kompetanse over heile landet</b>					
Studentar på nettbaserte og desentraliserte utdanninger	<b>1900</b>	1783	1665	1428	1604
<b>4. Regional utvikling</b>					
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (1000 kr)	<b>220</b>	180	186	180	158
<b>5. Verdsleiane fagmiljø</b>					
Prosentdel internasjonalt samfottatterskap	<b>60,0</b>	52,7	54,3	57,9	-
<b>6. Effektiv ressursbruk</b>					
Prosentdel administrative stillingar av det totale talet på årsverk	<b>22,0</b>	19,0 %	18,9 %	19,2 %	19,3 %

## 3.4 Rapport om øyremerkte løyingar

### 3.4.1 Samfunns- og effektmål for byggjeprosjekt

Alle dei større byggje- og utviklingsprosjekta ved NTNU har definerte samfunns- og effektmål, og det vil bli rapportert på desse måla ved ferdige byggjeprosjekt.

#### NTNU Campussamling

[Prosjektet NTNU Campussamling](#) er per 2021 i designfasen.

Samfunnsmåla til prosjektet: *NTNU er ein attraktiv utdannings- og forskingsinstitusjon som tek hand om samfunnssoppdraget sitt på eit anerkjent høgt internasjonalt nivå. NTNU har ein robust og fleksibel fysisk infrastruktur som styrker tverrfagleg arbeid og gjev gode vilkår for å hente ut synergiar.*

Effektmål:

1. *NTNU driver framtidssretta utdannings-, innovasjons- og forskingsaktivitetar med gode faglege og sosiale kvalitetar.*
2. *NTNU fremjar tverrfagleg samarbeid og synergiar.*
3. *NTNU har ein effektiv og berekraftig campus.*
4. *NTNU er open og inviterande mot omgjevnadene og tilbyr formidling av høg klasse.*

#### Helgasetr

[Prosjektet Helgasetr](#) har sidan hausten 2020 vore i byggjefasen.

Samfunnsmåla til prosjektet: «*Ein nasjonalt leiane arena for tverrfagleg profesjonsutdanning, forsking og kunnskapsutvikling innanfor helse- og sosialfag, med faglege synergiar med samfunns- og næringsliv.*»

For å oppnå den ønskte gevinsten av prosjektet for NTNU skal desse effektmåla vere oppnådde:

1. *Auke i tverrprofessionell samarbeidslæring i løpet av to år etter innflytting.*
2. *Auka søkjarmasse, betra gjennomstrøyming og redusert fråfall i løpet av fem år etter innflytting.*
3. *Auke av tverrfaglege forskingsprosjekt i løpet av tre år etter innflytting.*
4. *Varig meir tilfredse tilsette og studentar når det gjeld arbeids- og læringsmiljøet ved NTNU, målt ved jamlege undersøkingar blant tilsette og studentar.*



Illustrasjon: Link Arkitektur

5. *Meir tilfredse tilsette og studentar når det gjeld det fysiske arbeids- og læringsmiljøet ved NTNU i løpet av to år etter innflytting.*
6. *Reduksjon av driftsutgiftene til NTNU, særleg med vekt på energibruk og transport, i løpet av fem år.*
7. *Auke i talet på trenande i idrettsdelen per dag innan 2 år etter innflytting.*
8. *Høg bruk og sambruk av bygget gjennom døgnet.*

#### Senter for psykisk helse

[Prosjektet Senter for psykisk helse](#) er per 2021 i designfasen.

Samfunnsmål for prosjektet, for NTNU: «*NTNU er ein attraktiv utdannings- og forskingsinstitusjon som tek hand om samfunnssoppdraget sitt på eit framifrå internasjonalt nivå. NTNU har ein robust og fleksibel fysisk infrastruktur som styrker tverrfagleg arbeid og gjev gode vilkår for å hente ut synergiar.*»

Våren 2021 blei det utarbeidd effektmål for prosjektet:

- *Senter for psykisk helse støttar opp under framifrå behandling, utdanning, innovasjon og forsking.*
- *Senter for psykisk helse bidreg til forløp som startar godt, heng saman og støttar opp under medverknad og betringsprosessar.*
- *Senter for psykisk helse skal vere så ope som mogleg og så lukka som det må.*
- *Senter for psykisk helse har fleksible løysingar som gjev rom for sambruk og endring.*

- *Senter for psykisk helse har ei utforming som fremjar god ressursutnytting og berekraft.*
- *Senter for psykisk helse gjev gode arbeidsvilkår for tilsette og studentar.*

#### Ocean Space Centre

[Prosjektet Ocean Space Centre](#) er per 2021 i designfasen.

Samfunnsmåla til prosjektet: *Tiltaket skal sikre verdiskapning for Noreg gjennom konkurransedyktige norske havromsnæringer.*

Effektmål: *Ocean Space Laboratories skal gjere dei norske havromsnæringerane meir produktive gjennom*

- *kunnskaps- og teknologiutvikling*
- *kunnskapseksternalitetar*
- *verdsleiane utdanningsmiljø*
- *bidrag til omstilling av næringsliv*

lokale med tilstrekkeleg kapasitet fram til nye magasinareal kan takast i bruk.

#### Status

NTNU har i 2021 gjennomført ombyggingstiltak for magasin og dokumentarkiv på Kalvskinnet for til saman 20,1 millionar kroner. Hovuddelen av arbeidet er knytt til rehabilitering av Gunnerusbiblioteket, med sikring av samlingane mot vassinntrenging. Utskifting og oppgradering av klimastyring vil bli sluttført i 2022. Magasinkapasiteten for samlingane er auka med 2500 hyllemeter.

### 3.4.3 Midlar som er tildelte over andre kapittel

#### Budsjettvedtak kap. 241, post 21 – Universell

Universell har endra tilhøyrsel og blei overført frå NTNU til HK-dir. 1. juli. Årsrapportering for Universell finst derfor i årsrapporten til HK-dir.

#### Budsjettvedtak kap. 275, post 21 – Partnarskap i lærarutdanningane

Kunnskapsdepartementet tildelte i 2021 5 960 000 kroner til NTNU til utvikling og drift av partnarskap i lærarutdanningane. Midlane er brukte til å styrke praksis og FoU-samarbeid gjennom lærarutdanningsskulor, med bakgrunn i strategien Lærarutdanning 2025. Institutt for lærarutdanning har i 2021 nytta midlane til desse tiltaka:

- Drift og utvikling av partnarskap i master i grunnskulelærarutdanning 1.–7. trinn (MGLU). Det skjer eit kontinuerleg arbeid med utvikling av partnarskap saman med praksisskulane. Dette utgjer om lag to årsverk (internt tilsette) og nokre frikjøpte ressursar eksternt i praksisskulane. I 2021 har dette samarbeidet gått føre seg mest digitalt, og det har vore éi fysisk samling i løpet av hausten.
- Årleg møte for rektorar ved alle praksisskulor som instituttet samarbeider med, der om lag 100 av dei er GLU<sup>5</sup>-praksisskulor. I 2021 blei møtet halde digitalt med temaet Rektor som lærarutdannar. Alle studieprogram og studentrepresentantar deltok.
- Partnarskapet deltek i utvikling av hospitersordningar for tilsette både på campus og i skulen saman med universitetsskulane. Dette skal følgjeforskast. Det same gjeld prosjekt rundt master for GLU. Prosjektet er leidd av prosjektleiarene for oppvekst og utdanning i universitetskommuneprosjektet. Her skal ein sjå korleis partnarskapet kan brukast når



### 3.4.2 Midlar til oppgradering av forskings- og læringsareal

#### Magasin- og samlingsareal på campus

##### Kalvskinnet

Kapasitet og tilstand på magasin ved Kalvskinnet er kritisk som følgje av auka tilvekst i samlingsmateriale. I påvente av ei langsiktig løysing med auka magasinkapasitet i prosjektet NTNU Campussamling, er det nødvendig å oppgradere dei eksisterande magasina og arkiva. Kunnskapsdepartementet gav i supplerande tildelingsbrev brev (kap. 260, post 50) 5 millionar kroner til oppgradering av magasin og samlingsareal ved Vitskapsmuseet.

Effektmål for prosjektet er ei sikker og forsvarleg bevaring av historisk materiale som NTNU har ansvar for. Resultatmål for prosjektet er funksjonsdyktige

- studentane skal samle empiri. Dette skal også følgjeforskast.
- Utvikling av IKT-løysingar som effektiviserer og forenklar samhandlinga mellom studentar, praksisstad og NTNU. Arbeid som er gjort i 2021, er relatert til mål 8 i årsplanen.
  - Skikkavurderingsseminar for oppfølgingslærarar ved Institutt for lærarutdanning blei gjennomført i 2021 i samarbeid med ansvarleg for skikkavurdering. Det er i tillegg oppretta ei arbeidsgruppe som jobbar med kontinuerleg skikkavurdering i alle ledd, både på campus og i praksis.

#### **3.4.4 Andre midlar i supplerande tildelingsbrev**

##### **Supplerande tildelingsbrev – statsbudsjettet**

###### **kap. 260, post 50 og 70 – Løn til studentar**

NTNU fekk i 2021 tildelt 21 237 000 kroner til å løne studentar som kunne bidra til betre fagleg oppfølging av andre studentar. Midlane er hovudsakleg brukte til utviding av kontraktar for studentassistentar og tilsetjing av fleire studentassistentar, som eit bidrag til å styrke læringsmiljøet i studieprogramma både psykososialt, digitalt og pedagogisk. Studentassistentane har mellom anna bidrige til auka undervisningskvalitet, fagleg støtte og gjennomføring av studentretta motivasjonsbringande tiltak. Som døme kan vi nemne:

- Støtte til meir studentfokusert oppfølging og rettleiing, generell studiehjelp, teknisk-pedagogisk støtte og hjelp i hybride og heildigitale førelesingar.
- Fleire studentassistentar og læringsassistentar på ulike emne – mellom anna styrkt assistanse i samband med ferdighetstrening og støtte på laboratorie- og feltkurs.
- Eigne ordningar med studentmentorar og studentkontaktar for utvalde program og emne, og eigne studentmentorar for internasjonale studentar og utvekslingsstudentar.
- Arrangering av kollokviegrupper og skrivegrupper, kjeldebrukskurs, semesteroppgåvekurs, seminar med eldre/erfarne studentar (i relevante emne) som fortalte om studie-/leseteknikk til yngre studentar (spesielt førsteårsstudentar), m.m.
- Produksjon og vidareutvikling av materiale for å auke læringsutbytet i ulike emne og program, til dømes arbeid med nettsider og andre digitale verktøy.
- Støtte til eksamensførebuingar for dei ulike trinna (spesielt første- og andreårsstudentar),

- inkludert informasjon om digital eksamensgjenomføring og støtte til eksamenslesing på ulike emne.
- Gjennomføring av ei rekke tiltak som skal auke motivasjon og trivsel, inkludert etablering av fagleg-sosiale nettverk (også på tvers av studieprogram og årskull), og tilsetjing av trivselsleiarar med ansvar for gjennomføring av lågterskeltilbod, gjerne fysiske fagleg-sosiale treff.
- Ekstra førebuingar i samband med mottak av nye studentar hausten 2021. Dette inkluderer arbeid med å planleggje, gjennomføre og evaluere studiestart, oppstartsveke og fadderarrangement, og gjennomføring av tiltak som informasjon til nye studentar via sosiale medium.





## STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA



## 4.1 Overordna vurdering av status for 2021

NTNU følgjer dei grunnleggjande styringsprinsippa i staten og har system, rutinar og tiltak for internkontroll som skal førebyggje styringssvikt, feil og manglar. Den overordna vurderinga er at nivået på internkontrollen i verksemda held seg relativt stabilt, sjølv om internkontrollen framleis kan bli betre med tanke på heilskapleg systematikk.

Trass i at pandemien har gjeve store utfordringar også i 2021, har NTNU stort sett oppnådd fastsette mål og halde lover og reglar, samtidig som resultat- og rekneskapsinformasjonen har vore pålitelig. Vurderinga er som tidlegare at styringssvikt, feil og manglar blir avdekte og handterte, men framleis er ikkje handteringa godt nok systematisert for alle område. Dei svake sidene som er avdekte, er som tidlegare ofte knytte til uklare ansvarsforhold eller ufullstendige kontrollar og dokumentasjon av dei. Det er også framleis manglar når det gjeld dokumentasjon av internkontroll på operativt nivå. Under pandemien er det i aukande grad gjennomført risikovurderinger på ulike nivå og for ulike prosessar, men det er behov for klarare prosedyrar og betre dokumentasjon av gjennomførte risikovurderinger og fastsette kontrolltiltak. Under pandemien er det starta eit systematisk arbeid på dette området, som også omfattar risikovurdering som ein integrert del av verksemssstyringa.

Nedstenginga har ført til forsert digitalisering, men det har gjennom året vore lite rom for planmessig prosessutvikling. Det er forventa at digitaliseringa har skapt eit potensial for effektiviseringsgevinstar i arbeidsprosessar, som det vil bli arbeidd vidare med framover.

Dei seinare åra har det vore arbeidd systematisk med å forbetre verksemssstyringa ved universitetet. NTNU har utvikla systemet BEVISST, som gjev styrings- og leiingsinformasjon til ulike einingar og nivå i organisasjonen. BEVISST støttar opp under funksjonar som planlegging, innsikt, analyse og styring, og er eit viktig verktøy i arbeidet med å sikre og forbetre styring og kontroll i heile verksemda.

### Oppfølging av revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen

NTNU hadde ingen vesentlege merknader frå Riksrevisjonen for 2021.

### Vesentlege forhold ved styring og kontroll

Utover det som går fram i årsrapporten, har det ikkje vore vesentlege forhold innanfor styring og kontroll som departementet må kjenne til.

## 4.2 Internrevisjonar i 2021

Avtalen mellom NTNU og ein ekstern leverandør av internrevisjon gjekk ut 31. desember 2020, og etter anbodskonkurranse inngjekk NTNU ny avtale med leverandør i mai 2021.

På bakgrunn av den krevjande situasjonen pandemien førte med seg for verksemda, blei det fastsett ein rådgjevande og avlastande plan for internrevisjonsarbeidet i 2021. Det blei vorte oppfølgsrevisjonar av dei to hovudrevisjonane som blei gjennomførte i 2020: risikostyring og internkontroll, og styringsmodellen til NTNU for informasjonstryggleik og personvern. På begge områda blei det etablert arbeidsgrupper med ressurspersonar frå NTNU og rådgjevarar frå internrevisoren.

Arbeidsgruppene har prioritert desse delområda:

1. Internkontroll og risikostyring: Felles metode for risikovurderingar og heilskapleg risikobilete for NTNU.
2. Informasjonstryggleik og personvern: Rolleavklaringar og gjennomføringsevne.

Begge gruppene arbeider med vidareutvikling av rutinar, rettleiingar og malar, og støtte og rettleiing til leiing og koordinatorar ute i organisasjonen. Arbeidsgruppene har halde fram arbeidet sitt i 2022.

## 4.3 Aktivitetar i 2021

### Utviklingsarbeid for auka styring og kontroll

Ein stor del av utviklingsarbeidet for auka styring og kontroll i verksemda er knytt til arbeidet med å realisere årsplanen. Det er gjort greie for ulike utviklingsaktivitetar innanfor dei ulike målområda i kap. 3. Føringer i tildelingsbrevet stiller også krav til utviklingsarbeid som er knytt til styring og kontroll. Det er gjort greie for dette i kap. 5.

### Risikovurderingar i verksemssrapportar

NTNU orienterer i tertialvise verksemssrapportar til styret om det samla risikobiletet og risikohandteringa i verksemda. I 2021 har utforminga av tertialrapporten og metode og prosess for risikovurdering blitt vidareutvikla. Vurderingane av risikoar og tiltak blei i mindre grad prega av pandemisituasjonen og speglar no dei strategiske utfordringane til NTNU i åra framover.

## 4.4 Informasjonstryggleik og GDPR

NTNU har i 2021 innført fleire tekniske tiltak som i sum har løfta tryggleiksnivået i IKT-infrastrukturen. Det er mellom anna innført totrinnsinnlogging på Microsoft Office 365, som har redusert talet på hendingar på kompromitterte brukarkontoar frå 485 i 2020 til 81 i 2021. Det er også sett i gang eit større investeringsprosjekt for å løfte det generelle tryggleiksnivået og redusere teknisk gjeld.

NTNU har i 2021 også vidareutvikla arbeidet som blei gjort i personvernprosjektet i 2019. Det har vore retta ein særleg innsats mot vedlikehald og utvikling av rutinar og prosedyrar, systematikk og arbeidsflyt for å sikre at ein held GDPR-krav.

Overføring av personopplysningar til tredjeland i lys av Schrems II-avgjerda har bydd på utfordringar, særleg for forskingsprosjekt med samarbeidspartnarar i tredjeland/USA. Det er ressurskrevjande å kartleggje og reforhandle eksisterande leverandør- og samarbeidsavtalar. Det er også utfordrande å sikre at nye avtalar vi inngår, er lovlege. I praksis kan det berre unntaksvis inngåast avtalar som fører til overføring av personopplysningar til leverandørar og samarbeidspartnarar i tredjeland. Dette fører til at mange noverande leverandørar

og samarbeidsrelasjonar ikkje kan føra til vidare og at det er vanskeleg å finne nye leverandørar og samarbeidsrelasjonar.

For å betre kunnskapen til dei tilsette innanfor informasjonstryggleik har NTNU gjennomført tryggleiksmånaden i oktober. I tillegg har «Personvernspellet» også blitt gjennomført for mange avdelingar gjennom året.

Den gjennomsnittlege årlege auken i hendingar innanfor informasjonstryggleik har vore på 26 prosent i perioden 2017–2021. Den jamne auken dei siste åra skildrar eit stadig meir utfordrande og eskalerande trusselbilete.

I 2021 blei det meldt inn 85 avvik innanfor informasjonstryggleik og personvern, der 6 blei kategoriserte som alvorlege, og 1 blei meldt til Datatilsynet for vurdering. Det blei handtert totalt 1431 digitale tryggleikshendingar, ein auke på 31 prosent frå 2020. Av dei 1431 hendingane blei 10 vurdert som alvorlege. Det er ein liten nedgang i forhold til 2020, men nedgangen skriv seg primært frå endring i kriteria for klassifisering av hendingar og er ikkje ein reell nedgang.





5

FELLESFØRINGAR  
OG ANDRE KRAV I  
TILDELINGSBREVET

## 5.1 Inkluderingsdugnaden til regjeringa

NTNU har i 2021 halde fram arbeidet for eit inkluderande arbeidsliv gjennom haldningsskapande arbeid blant leiarar og HR-medarbeidarar, dialog med tillitsvalde og formalisert samarbeid med lokale Nav-kontor.

Vi har totalt 1080 nyttilsetjingar i faste og mellombelse stillingar, og av desse har ni nedsett funksjonsevne eller hòl i CV-en.

Det siste året er det utarbeidd ein ny standardekst for mangfaldserklæring i stillingsannonsane våre, der kvalifiserte sökjarar med nedsett funksjonsevne og/eller hòl i CV-en blir oppmoda om å sökje. Tilrettelegging for deltaking i Traineeprogrammet i staten er ein del av arbeidet med auka mangfald og inkludering.

Det mest vellykka tiltaket ved NTNU det siste året har vore samarbeidsavtalane vi har inngått med lokale Nav-kontor. Avtalane omfattar samarbeid om rekruttering av både mellombelse og faste tilsette, der Nav legg særskild vekt på å presentere kandidatar i målgruppa for inkluderingsdugnaden. Avtalen gjeld for Nav-kontor i alle tre campusbyane, og med Nav St. Hanshaugen i Oslo. Eit anna viktig tiltak det siste året har vore endringa i personalreglementet til NTNU, der det no, etter avtale med tillitsvalde, er opna opp for mellombels tilsetting i 12 månader for denne målgruppa utan føregåande kunngjering.

NTNU opplever framleis utfordringar omkring sjølve rapporteringa om talet på nyttilsette i målgruppa for inkluderingsdugnaden, og vi etterlyser eit godt rapporteringsverktøy. NTNU ventar framleis på avklaringar frå departementa når det gjeld kva for verksamdsområde og yrkesgrupper måla skal gjelde for. I utdanningssektoren har vi tilsetjingar (både i undervisnings- og forskarstillingar) som har eigne forskrifter som gjev nokre utfordringar når det gjeld sökjarar med hòl i CV-en. I tillegg har UH-sektoren fleire tilsetjingar i ulike stillingsdelar (20, 50, 60 og 80 prosent), og det er heller ikkje her kome tydelege retningslinjer på om dei skal teljast med når dei er i målgruppa for inkluderingsdugnaden. Dette bør også avklara av departementet.

Det er viktig å presisere at NTNU held fram med å tilby ordinære praksisplassar som ikkje er ein del av målgruppa for inkluderingsdugnaden. Ordinære praksisplassar er ikkje med i rapporteringa, men NTNU opplever likevel at dette er eit viktig bidrag til mangfaldsarbeidet ved NTNU.

## 5.2 Berekraftsmåla til FN

Ei utgreiing om korleis NTNU bidreg for å innfri berekraftsmåla er teken med kapittel 3.2 om gjennomføring av årsplanen, under mål 7, «Vi skal styrke rolla vår som kunnskaps- og kompetanseleverandør for berekraftig utvikling og berekraftige løysingar». Her ligg det også ei overordna skildring av arbeidet ved NTNU for å redusere eige klima- og miljøavtrykk.

## 5.3 Oppfølging av digitaliseringsstrategien for universitets- og høgskulesektoren

Digitaliseringsstrategi for UH-sektoren blei lansert september i 2021, og NTNU har vore delaktig i utforminga av han gjennom fleire høyringsrundar. Dei seks innsatsområda i strategien speglar digitaliseringsarbeidet ved NTNU. I det vidare arbeidet med digital omstilling vil den gode utviklinga frå åra med pandemi bli ført vidare. I lys av utviklinga dei seinare åra og etableringa av digitaliseringsstrategien til KD til NTNU i 2022 utforme ein digital ambisjon som vil gje retning for den digitale omstillinga i organisasjonen.

Når det gjeld universell utforming av IKT-løysingar, er NTNU ikkje i mål med dette, men vi følger dei gjeldande overordna arkitekturprinsippa frå Digdir. Universell utforming av IKT-løysingar vil vere eit av områda som NTNU vil legge meir vekt på framover.

I samband med prosjekt Forskinsdata, der vi jobbar med datafangst, dataomarbeiding, bruk av data, datalagring og -deling, lagar vi system, arbeidsprosessar og tenester som følgjer FAIR-prinsippa.

## 5.4 Samfunnstryggleik og beredskap (SOB) og trygg-leik etter tryggingslova

Ein overordna ROS-analyse for NTNU blei gjennomført i 2017, og det er på høg tid å revidere han. I 2017 blei desse viktige områda identifiserte: alvorlege hendingar på og utanfor campus, tilsikta hendingar, alvorlege hendingar som rammar kritiske ressursar og informasjonstryggleik. Ein eigen ROS-analyse for informasjonstryggleik blei gjennomført i 2020.

Det blei i 2020 avgjort at tidlegare sentral og stadleg beredskapsplan skal vere gjeldande for heile NTNU.

Nødvendige tilpassingar blei utførte og godkjende av rektor i august 2021. Det står att noko arbeid med støtteplanar som til hovudplanverket, og dei skal fullførast i 2022. Planverket omfattar beredskapsmetodikk, varslingslister og støtteverktøy, og elleve definerte farar og ulykkeshendingar (DFU) som kan påverke samfunnssoppdraget til NTNU. Planverket og beredskapsorganiseringa vil bli gått gjennom og revidert basert på evalueringa av pandemihandteringa, jf. kapittel 5.5.

Utrulling av digitalt hendingshandteringsverktøy (CIM) blei sett i verk i 2021 og er venta å vere ferdig i 2022. Hendingshandteringa av pandemien har gått føre seg sidan slutten av januar 2020. NTNU har brukt metodikken i beredskapsplanverket, og dette har fungert som kontinuerleg trening/øving gjennom året.

Det har ikkje vore kapasitet til å gjennomføre øvingar på sentralt nivå, men sommaren 2021 blei det gjennomført «tabletop»-øvingar for å trenre lokale beredskapsleiingar i samband med innføringa av CIM som beredskapsverktøy. Dei viktigaste funna var:

- Det er behov for meir trening på verktøyet CIM.
- Det er behov for å knyte verktøyet CIM opp mot eksisterande kunnskap om hendingshandtering.

Siste samvirkeøving i eit større omfang blei gjennomført i 2019 (øvinga Nordlys). Læringspunktene fra denne øvinga var mellom anna:

- Det er behov for å auke den generelle kunnskapen rundt beredskapsmetodikk på alle nivå (sentral, stadleg og lokal).
- Det er behov for ei klarare definering av hendingseigar når hendingar skjer på tvers av ulike aktørar.

Etter fleire hendingar gjennom 2021 ser vi at læringspunktene framleis er gjeldande. Det blir arbeidd med å utvikle ein fleirårig, rullerande øvingsplan for NTNU. Tilsvarande vil kapasiteten på tryggleiks- og beredskapsområdet bli styrkt i 2022, og det vil bidra til auka aktivitet på området.

## 5.5 Handtering av covid-19-pandemien

På oppdrag frå NTNU har Safetec gjennomført ei ekstern, uavhengig evaluering av handteringa vår av covid-19-pandemien. Safetec konkluderer i rapporten med at NTNU har evna å handtere pandemien

på ein god måte som tok omsyn til kjerneverksemda til organisasjonen:

*«NTNU framstår som en utpreget 'fleksibel' og 'motstandsdyktig' organisasjon når det gjelder å håndtere hendelser som det i utgangspunktet ikke er tatt høyde for, i form av planverk, formell organisering og tilgjengelige ressurser. Ansatte på alle nivåer har tatt initiativ på vegne av organisasjonen, utvist stor evne til improvisasjon, og nedlagt en betydelig arbeidsinnsats. Imidlertid har denne innsatsen ført til stor slitasje på ansatte i hele organisasjonen.»*

Safetec peikar samtidig på fleire forbettingspunkt. Mellom anna viser dei til at beredskapsplanane til NTNU først og fremst har vore innretta for å handtere akutte og kortvarige hendingar. Eit anna sentralt funn er at tilsette på operativt nivå i organisasjonen (fakultet, institutt, drift og administrative støttetester) har opplevd ein mangel på proaktiv strategisk leiing frå sentralt nivå. Evalueringssrapporten omtalar fleire uklare detaljar i rollefordelinga mellom strategisk og operativ/taktisk leiing under beredskapshandteringa.

Safetec foreslår 17 konkrete lærings- og forbettingspunkt for å gjøre NTNU betre rusta til å møte framtidige beredskapshendingar. Samanfatta kan forslaga grupperast innanfor tre område:

- tydeleggjere roller, ansvar og mynde i handteringen av beredskapshending
- forbetre beredskapsplanane til NTNU
- generelt lære av erfaringar frå pandemihandteringa

Rektor vil setje i verk brei oppfølging med basis i evalueringssrapporten, og gjennomføre ei høyringsrunde med beredskapsorganisasjonen, tillitsvalde og hovudverneombod, både for å få synspunkt på tilrådingane frå Safetec og for å hauste erfaringar og lærdommar om pandemihandteringa frå alle delar av organisasjonen.

Beredskapsorganisasjonen til NTNU er i første rekke innretta mot å handtere akutte og meir kortvarige krisehendingar som brannar, ulykker, straumbrot o.l. Når ein skal handtere kriser som er så langvarige som pandemien, krev dette at vi også utviklar måten beredskapsleiinga og den ordinære linjeleiinga samhandlar og samverkar på. Samkøyringa som har vore gjord av dagleg leiing og beredskapsleiing har vore eit medvite, strategisk val

som har vist seg å vere rett og nødvendig jo lenger pandemien har vart.

Prosessene med å forbetre planverk og organisering vil bli sett i gang så snart høyringsrunden er gjennomført. Blant dei praktiske oppfølgingstiltaka som er mest aktuelle, er mellom anna å

- gå gjennom og oppdatere beredskapsplanverket, med tydeleggjering av roller, ansvar og mynde

- sjå på samansetninga av Sentral beredskapsleiing og koplinga til rektor og leiargruppa til rektor
- utarbeide ein støtteplan for handtering av langvarige hendingar
- opprette ei lokal beredskapsleiing for Fellesadministrasjonen

## KJØNNSBALANSE I TEKNOLOGISKE FAG OG REALFAG



NTNU-forskar Mathilde le Moullec er ei av fire sentrale forskarstemmer i dokumentaren. Foto: Idun Haugan / NTNU

I ein ny dokumentarfilm frå den nest største TV-kanalen i Frankrike, France 2, er NTNU vidd relativt stor merksemd.

Dokumentaren «La science a mauvais genre» handlar om utfordringar med å skape kjønnsbalanse i teknologiske fag og realfag. Dokumentarfilmen viser, med NTNU og Noreg som døme, korleis det er mogleg å endre kjønnsbalansen ved å jobbe strategisk med rekrutteringstiltak.

Filmteamet brukte i fjor haust ei vike ved NTNU for å intervju forskarar, studentar og prorektor Toril Nagelhus Hernes om dette. Hernes leier utvalet for likestilling og mangfold ved NTNU.

Mellom anna gjorde filmteamet opptak på studieprogrammet kybernetikk og robotikk. Dette er eit av studieprogramma der rekrutteringsprosjektet Ada har jobba aktivt i over 20 år med å rekruttere fleire kvinnelege studentar.

Statistikk frå dei siste 15 åra viser at prosentdelen kvinnelege studentar har auka frå 7 til 35 prosent i snitt på studieprogramma kybernetikk og robotikk, elektronisk systemdesign og innovasjon, kommunikasjonsteknologi og tryggleik, og datateknologi.

Dokumentaren presenterer også fleire andre tiltak NTNU har gjort for å rekruttere fleire kvinner inn i vitskaplege stillingar.

## 5.6 Likestilling og mangfold

NTNU arbeider med å fremje like karrieremogleger for kvinner og menn i akademia gjennom ulike kjønnsbalansetiltak. Slike tiltak knyter seg mellom anna til betre mogleger for opprykk gjennom kvalifiseringsstipend, mentorordning og startpakkar. Den største prosentvise forskjellen mellom kjønna finn vi i dei akademiske toppstillingsane (professor og dosent) der om lag 72 prosent er menn og 28 prosent er kvinner.

Utvalet for likestilling og mangfold ved NTNU tilde勒 midlar for å betre kjønnsbalanse og mangfold ved NTNU. Tiltaka det kan søkjast på, er innanfor kategoriane kvalifiseringsstipend, startpakkar og fakultet/instituttbaserte tiltak. Utvalet fekk i 2021 svært mange søknader, og omtrent 50 prosent var retta mot startpakkar og kvalifiseringsstipend, og om lag 30 prosent handla om rekruttering. 28 ulike tiltak blei tildelt midlar i 2021.

NTNU har ein [handlingsplan for likestilling og mangfold](#) i tråd med krava frå Horisont Europe.

Det er stort mangfold ved NTNU, med tilsette frå 104 ulike nasjonalitetar. Nasjonalitetane som er sterkest representert, er Tyskland, Kina, Iran og India. 74 prosent av dei tilsette er frå Noreg.

NTNU har starta arbeidet med lønskartlegging og oppfylling av dei ulike krava i aktivitets- og utgreiingsplikta. Lønskartlegginga for 2021 blei fullført medio februar 2022 og omfattar løn, permisjon og foreldrepermisjon. Vi har så langt ikkje lykkast i å etablere ein god måte å samle inn data om ufrivillig deltid på.

Arbeidet med aktivitets- og utgreiingsplikta og etablering av gode rutinar er noko forseinka.

## 5.7 Medverknad - oppfølging av Fafo-rapporten om tilsettmedverknad ved NTNU

Etter initiativ frå styret gjennomførte Fafo i 2020 ei kartlegging av korleis dei tilsette opplever medverknaden sin ved NTNU. Høyringsprosessen i 2021 engasjerte tilsette og tillitsvalde i heile organisasjonen og stadfestar at involvering av tilsette gjev betre avgjerder og løysingar. Det blei identifisert ei rekke

utviklingsområde, mellom anna at ei formalisering av nivå 4 vil kunne styrke moglegeheitene for direkte medverknad ved dei store institutta.

Brukarmedverknaderviktig ved utvikling og innføring av nye digitale løysingar. Arbeidsmiljøundersøkinga som blei gjennomført hausten 2021, er den største medverknadsprosessen ved NTNU. Som ei oppfølging av Arbeidsmiljøundersøkinga blir alle tilsette inviterte til å delta i utviklinga av eige arbeidsmiljø, samtidig som det også blir lagt til rette for å fange opp innspel frå tilsette til institusjonelle forbeteringar.

## 5.8 Campusutviklingsplanar og større byggjeprosjekt

### 5.8.1 Campussamling

[Samlinga av NTNUs campus i Trondheim](#) Samlinga av NTNU-campusen i Trondheim til området rundt Gløshaugen vil forbetre kvalitet i utdanning, forsking, innovasjon, kunst og formidling ved å legge til rette for meir tværfagleg arbeid og samarbeid. Statsbygg er byggherre for prosjektet som inneber nybygg og ombygging av nærmare 129 000 kvadratmeter. I statsbudsjettet for 2022 blei det løyvd 365 millionar til Statsbygg for vidareføring av forprosjektet med å samle NTNU-campusane. NTNU fekk i tillegg ei løying på 10 millionar kroner for vidare arbeid med prosjektet.

Prosjektet var opphavleg planlagt med ei økonomisk ramme på 14,3 milliardar kroner (2020-kroner). I 2020 vedtok regjeringa og Kunnskapsdepartementet at prosjektet skal planleggjast innanfor ei absolutt kostnadsramme (design-to-cost) på 11,6 milliardar (2020-kroner). Nedskaleringa av prosjektet ut frå kostnadsramma inneber ei justering av basisprosjektet. 16. september 2021 gav NTNU-styret sine tilrådingar til kva for nedskaleringstiltak som gjev størst effekt for NTNU utan at mål og funksjonalitet for kjerneverksemda eller miljøambisjonen blir vesentleg svekt.

I 2021 har prosjektet i tråd med oppdragsbrev frå Kunnskapsdepartementet ([Revidert oppdragsbrev for forprosjektet 17.12.2020](#)) lagt vekt på leveransar inn til ekstern kvalitetssikring<sup>6</sup>, med mellom anna oppdatering av basisprosjekt, kontrakts- og gjennomføringsstrategi, gevinstrealiseringssplan,

<sup>6</sup> KS2 trinn 1

overordna kravdokument og sentralt styringsdokument for mottaksprosjektet.

Reguleringsa av campussamlinga er delt inn i fem planområde, og i 2021 er det blitt arbeidd med reguleringsplanar for kvar av dei, inkludert utarbeiding av alternativ og konsekvensutgreiingar. I samband med vedtak om prinsippsak for delområde 1, Høgskoleveien/Grensen, og delområde 2, Hesthagen/del av Høgskoleparken, blei det levert tilrådde alternativ for delområda til Bygningsrådet i april. Med dette som grunnlag blei planforslag for delområde 1, som det første av planområda, sendt inn til førstegangsbehandling i Trondheim kommune i desember. NTNU og Statsbygg har i samarbeid med Trondheim kommune halde fleire medverknads- og informasjonsmøte, og det er gjeve informasjon gjennom [medverknadsportalen](#), slik at naboar og andre interessentar har kunna gje sine innspel.

Eksternt eiga innovasjonssenter i delområde 2 - Hesthagen/Vestskråningen - vil saman med innovasjonsklyngja vere ein sentral del av og drivkraft for Innovasjondistrikt Trondheim Tech Port. Konseptet for senteret inngår i reguleringsplanarbeidet for NTNU Campussamling.

Modernisering og ombygging av magasina ved **NTNU Vitskapsmuseet** inngår som del av kostnads- og arealramma til prosjektet campussamling. Den stadig veksande samlinga, som er ein viktig del av forskingsinfrastrukturen ved NTNU, treng både modernisering, teknisk oppdatering og auka kapasitet. NTNU ønskjer å sjå ombygginga av magasin i samanheng med nye utstillingsareal, som må finansierast utanfor ramma av campussamling. I 2021 har det blitt arbeidd med modellering av eksisterande bygningsmasse som grunnlag for ombygging og nybygg.

**Senter for psykisk helse** blir planlagt i samarbeid med Helse Midt-Noreg og St. Olavs hospital. Senteret er eit viktig element for ein samla campus. St. Olavs hospital er byggherre og har støtte frå Sjukehusbygg til prosjektgjennomføring. NTNU deltek med representantar frå fagmiljøa i felles medverknadsgruppe, prosjektorganisasjon og prosjektstyre.

I juni 2021 blei Senter for psykisk helse skilt ut av totalramma for campussamlingsprosjektet til eit eige prosjekt. Prosjektet følgjer tidlegfaserettleiinga for Sjukehusbygg, og våren 2021 blei det gjennomført eit arbeid med prosjektinnramming. Her blei det definert at Institutt for psykologi og Institutt for psykisk helse utgjer NTNU-delen av senteret. Frå

august 2021 gjekk prosjektet over i konseptfasen av planlegginga, som går fram til desember 2022. Konseptfase steg 1 blei avslutta i 2021, og underlag for avgjerdspunkt B3A blei levert. For den vidare prosjektutviklinga har prosjektstyret vedteke å leggje til grunn ein miljøambisjon med fem hovudmål, forankra i strategien til NTNU og helseføretaka.

### 5.8.2 Ocean Space Center

[Ocean Space Centre](#) blir planlagt som eit nytt nasjonalt kunnskapssenter for havromsteknologi frå NTNU og Sintef. Senteret vil forskingsmiljø og havindustri med høgteknologiske fasilitetar og forsøkslaboratorium saman kunne skape eit verdsleande utdannings- og kunnskapsmiljø. Senteret skal gje viktige bidrag til det grøne skiftet og forsking og utdanning innanfor havrommet, og dermed sikre utviklinga av norsk og internasjonal havnæring for framtida.

Havromsvitskap og -teknologi er eitt av fire tematiske satsingsområde ved NTNU og realiseringa av Ocean Space Centre gjev nødvendig infrastruktur og kompetanse på dette satsingsområdet. For å oppnå ein framtidsrettet utdannings- og forskingsinfrastruktur er hovudgrepene i prosjektet ei oppgradering, utvikling og utskifting av det marintekniske senteret på Tyholt i Trondheim, i tillegg til ny infrastruktur for Fjordlab ved Trondheim biologiske stasjon i Heggdalen, og dessutan i Ålesund og på Hitra/Frøya.

I mars 2021 leverte Statsbygg forprosjektet for bygg og utstyr for senteret til Nærings- og fiskeridepartementet. Reguleringsplan for senteret blei vedteken i bystyret i Trondheim kommune i september, med påfølgjande annonsering frå næringsministeren om at regjeringa vil løyve 6,9 milliardar kroner for bygging av senteret. Stortinget vedtok i desember finansieringa av ei samla kostnadsramme på 8,1 milliardar kroner, som sikrar byggjestart for Ocean Space Centre i 2022.

### 5.8.3 Helgasetr

I Elgeseter gate 10 på Øya er [Helgasetr](#) under bygging. Her blir helse- og sosialfag og andre fag innanfor medisin og helse samla med serverings- og idrettstilbodet til Studentsamskipnaden (Sit). Helgasetr blir bygd og eiga av Statsbygg. NTNU skal leige om lag 13 000 kvadratmeter til ca. 200 tilsette og om lag 2000 studentar. Dei andre 5000 kvadratmetrane blir eigde av Sit.

I 2021 har arbeidet vore koncentrert rundt detaljprosjektering. I tillegg har det blitt arbeidd vidare med brukarinvolvering for å sikre gode løysingar

for fagmiljøa. Saman med interiørarkitektane har fagmiljøa i løpet av året fullført møbleringsplan for byggpåverkeleg brukarutstyr og kome i gang med ein felles plan og tidslinje mot innflytting. I siste halv

del av 2021 varsla Statsbygg forseinka framdrift på grunn av forureining i grunnen. Prosjektleiinga kartlegg i samarbeid med fagmiljøa kva konsekvensar ei forskyving av innflyttingstidspunkt vil få for NTNU.



Foto: Julie Gloppe Solem/NTNU



6

## VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

NTNU vil halde fram det systematiske arbeidet med å vidareutvikle relevante og forskingsbaserte utdanninger og ei tverrfagleg tilnærming for å bidra til å nå bredda av berekraftsmåla. Vi vil også møte behovet for å tenkje nytt om tilrettelegging av studietilboda våre for livslang læring og desentralisert utdanning. Tverrfagleg arbeid, innovasjon og arbeidsrelevans i utdanningsverksemda er område som skal prege utviklinga av utdanningsverksemda ved NTNU framover.

Læringsmiljø og læringsutbytte har vore særleg utfordra under koronapandemien. Tida med pandemi har gjeve mykje læring innanfor omlegging av utdanning, men erfaringane er ulike, og vi vil framover jobbe målretta med nye former for undervisning, vurdering og studentaktiv læring, og sikring og forbetering av læringsmiljø.

NTNU har høge mål og ambisjonar innanfor forsking, og for å realisere desse er vi avhengige av ulike finansielle verkemiddel. Ein vesentleg del av forskingsmidlane våre kjem gjennom ekstern finansiering. Det er framleis eit potensial for å auke både søknadsvolum og talet på tildekte prosjekt frå Forskningsrådet, og auka tilslag på søknader med EU-finansiering er eit innsatsområde. Noreg har forplikta seg til å delta i Horisont Europa, og NTNU vil møte klare forventningar til bidraget vårt her i åra som kjem. Konkuransen om forskingsfinansiering er venta å bli ytterlegare skjerpa i tida framover. Dette stiller krav til vidare arbeid med å heve den faglege kvaliteten gjennom å identifisere og vidareutvikle talent og miljø, rekruttere målmedvite og setje fleire forskingsmiljø i stand til å oppnå gjennomslag. Pandemien har hatt stor innverknad på internasjonalisering, og vi vil framover ha særleg merksemrd på utvikling av strategiske internasjonale samarbeid, partnarskap og mobilitet.

NTNU vil framover prioritere å ta vare på studentar og tilsette og vidareutvikle gode lærings- og arbeidsmiljø. Psykososialt læringsmiljø, arbeidsmiljø, hindring av konfliktar og arbeid for å minke prosentdelen mellombels tilsette er prioriterte område.

Dei økonomiske ressursane er ein vesentleg rammevilkår for realiseringa av strategien, og NTNU legg vekt på langsiktig styring av økonomien. Før vi fordeler årlege rammevilkår, gjer vi vurderingar av framtidsutsiktene både når det gjeld inntekt frå KD, kostnadsutvikling og nivået på ubrukte løyingar, og utviklinga i totale inntekter og styringa av totaløkonomien. Løvingsøkonomien til NTNU er robust for 2022 og utover i langtidspersonen, men vi opplever større uvisse for framtidige rammer enn tidlegare år

og ei større uvisse rundt bidrags- og oppdragsfinanserte aktivitetar på lang sikt.

## 6.1 Årsplan 2022 – kvalitet, berekraft og eitt NTNU


Årsplan 2022 inneheld åtte mål for NTNU. Av desse inngår fem mål i den reviderte utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet.

1. *NTNU skal heve kvaliteten i porteføljen gjennom å vidareutvikle studietilboden sitt, med vekt på utvalde fagområde*
2. *NTNU skal styrke den utdanningsfaglege kompetansen ved systematisk kompetanseutvikling.*
3. *NTNU skal utvikle fleire talent og fleire forskingsmiljø på høgt internasjonalt nivå.*
4. *NTNU skal synleggjere og auke nyskapingsaktiviteten og bidraget til berekraftig innovasjon med utspring frå klyngjer og senter.*
5. *NTNU skal planlegge og vidareutvikle det strategiske grunnlaget for campusane i framtida. Dei skal sikre gode arbeidsplassar og godt og forsvarleg arbeidsmiljø for tilsette og studentar, tverrfagleg samhandling og sosiale kvalitetar.*
6. *Vi skal vidareutvikle sterke forskargrupper, internasjonalt samarbeid og open vitskap.*
7. *Vi skal styrke rolla vår som kunnskaps- og kompetanseleverandør for berekraftig utvikling og berekraftige løysingar.*
8. *Vi skal vidareutvikle kvaliteten og effektiviteten i tenester og prosessar som støttar opp om kjerneverksemda.*

Årsplanen inneheld ikkje det komplette planverket for NTNU, men har eit endringsfokus og omtalar det vi i fellesskap skal løfte i det komande året. **Berekraft, kvalitet og eitt NTNU** er fellesnemnarar for dei åtte måla og skal vere retningsgjevande for fellesprioriteringane til NTNU. Måla er alle viktige område som skal prioriterast i 2022 for å realisere strategien Kunnskap for ei betre verd innan 2025.

**Kvalitet** er fundamentet for å realisere strategien. NTNU skal vidareutvikle sterke fagmiljø med høg kvalitet og internasjonal orientering. Vi har framleis ein veg å gå, både med tanke på kvalitet i breidd og utvikling av fleire spissar.

**Berekraft** handlar om vårt bidrag til eit meir berekraftig samfunn, både gjennom kva utdanning vi tilbyr studentane våre, kva vi forskar på, og korleis vi formidlar og bidreg til å omsetje kunnskapen vår. Dette handlar også om korleis vi utformar vår eiga verksemd og driftar våre eigne campusar.



Bakgrunnen for overskrifta **Ett NTNU** er behovet for å arbeide vidare med utvikling av organisasjonen, for å byggje éin felles kultur, utvikle og ta i bruk digitale løysingar og å vidareutvikle støtteapparatet. Eitt NTNU handlar også om innsatsen vi skal leggje ned i å utvikle og utnytte tverrfagleg arbeid og å støtte opp under tverrfagleg arbeid som eit berande prinsipp for forsking, utdanning og innovasjon. Tverrfagleg arbeid og styrkt samspel internt og eksternt vil igjen støtte opp under kvalitetsutvikling og bidra til å utvikle berekraftige løysingar på utfordringane for morgondagen.

## 6.2 Budsjett 2022

NTNU-løyvinga for 2022 er 7,332 milliardar kroner, som svarar til ein realnedgang på 1,1 prosent.

Prinsippa i rammefordelingsmodellen vår ligg til grunn for fordelinga mellom einingane.

Ramme for strategi og omstilling finansierer/delfinansierer store strategiske satsingar, omstilingsaktivitetar og andre fellestiltak på NTNU-nivå. Prosentdelen har dei siste åra lege på 14 prosent av løyvinga frå KD. Nytt frå og med 2022 er ei deling av ramma mellom 1) *ramme for strategi- og omstilingsmidlar (RSO)* og 2) *ramme for rekrutteringsstillingar (RRS)*. RSO skal med forankring i strategiske ambisjonar årleg utgjere minimum 6 prosent av rammeløyet til NTNU. For 2022 legg rektor opp til at strategi- og omstillingstiltak utgjer 6,5 prosent av løyvinga. Dette svarar til 479 millionar kroner. Tiltaka støttar opp om områda som er skildra i årsplanen og er i stor grad ei følgje av dei strategiske prioriteringane frå tidlegare år.

NTNU budsjetterer også i 2022 med høgare kostnader enn inntekter, og ei nedbygging av dei ubrukte løyvingane med 63,8 millionar kroner. I tillegg er det forventa ein BOA-aktivitet på om lag 2,455 milliardar kroner.

## 6.3 Overordna risikovurdering

Årsplanen for NTNU for 2022 teiknar eit overordna risikobilete av verksemda. NTNU vurderer at risikonivået er akseptabelt og arbeider kontinuerleg med tiltak for å handtere risikoane. Medan sjølvé årsplanen er utarbeidd med utgangspunkt i vurderingar av kva prioriteringar som er viktige for å realisere strategien, gjeld risikovurderinga heile verksemda. Risikovurderinga omfattar alle kjerneområde og administrasjonen på både kort og lang sikt.

Covid-19-pandemien har i nærmere to år skapt vesentleg endra føresetnader og rammevilkår for verksemda til NTNU. I løpet av 2021 har auka vaksinedekning ført til at smitteverntiltaka gradvis har blitt bygd ned. Covid-19-nedstenginga og uvisse om moglege nye smitteutbrot påverka risikovurderingane i 2021. Framover ønskjer vi å identifisere risikoar for verksemda i ein meir normalisert situasjon i kombinasjon med risikoar som kjem av etterverknader av perioden med nedstenging.

På mange område ser vi at det ikkje er mogleg å gå tilbake til «den gamle kvardagen», både fordi det er etterslep i aktivitetar og fordi pandemien har endra verksemda. Pandemisituasjonen har gjeve oss nye arbeidsmetodar og løysingar som må vidareutviklast. NTNU er derfor på mange måtar i ein overgangsfase. Å etablere ein ny normalkvartdag vil ta tid og krevje ekstra ressursinnsats, og dette blir speglia i risikovurderingane.

Risikoar av meir overordna og langsiktig art er med på å danne bakteppet for risikobiletet som blir presentert i årsplanen. Dette knyter seg særleg til auka politisk styring av sektoren og i kva retning dette vil endre rammevilkåra til NTNU. Uvisse om og endring av rammevilkår vil føre til meir krevjande strategi-, verksemde- og økonomistyring.

Ein meir usikker makroøkonomisk situasjon i kjølvatnet av koronapandemien gjev også auka risiko for framtidige økonomiske rammer. Dette gjeld særleg situasjonen med skjerpa konkurranse om forskingsmidlar, og dette kan også forsterkast av

at rammevilkåra for samarbeidsaktørane våre blir endra.

Årsplanen skildrar risikoområde innanfor områda

- utdanning, forsking, nyskaping og formidling
- administrasjon, økonomi og forvaltning

I styresak 59/21 om årsplan 2022, la rektor ved ei liste med konkrete tiltak som NTNU har planlagt i 2022 for å redusere desse risikoane. Tiltakslista er eit verktøy for å handtere risiko kontinuerleg, og ho blir endra ved behov. Tiltaka som blir skildra, er på overordna nivå og kan innehalde fleire element, aktivitetar eller ordningar. Dette er tiltak som blir settet i verk frå sentralt hald ved NTNU, og som gjeld for heile organisasjonen. Lista gjev altså ikkje att tiltak i regi av dei enkelte fakulteta, og som kjem i tillegg.

Utviklinga i risikoar og effekt av tiltak blir følgd kontinuerleg.

### 6.3.1 Utdanning, forsking, nyskaping og formidling

#### Risiko for dårlegare læringsmiljø - pandemirelatert

Læringsmiljøet omfattar psykososialt og fysisk læringsmiljø, organisatorisk, digitalt og pedagogisk. Risikoen blir vurdert å vere redusert ved inngangen til 2022, men det er framleis risiko knytt til psykososialt læringsmiljø, og det er særleg uro for dei langsigtige verknadene for den psykiske helsa til studentane og ph.d.-kandidatane etter nedstengingane under pandemien.

#### Risiko for redusert utdanningskvalitet - pandemirelatert

På grunn av pandemisituasjonen er det framleis risiko knytt til utdanningskvalitet sjølv om risikoen blir vurdert som redusert. Det er ein risiko for at nye løysingar som skal bidra til innovative og utforskande læringsprosessar, ikkje oppfyller krava til personvern. Dette kan føre til nedstenging av sentrale digitale verktøy. Det er vidare risiko knytt til manglende ressursar til nødvendig utvikling av dei digitale løysingane.

Pandemisituasjonen gav høve til mykje utvikling og læring, men ved retur til normalsituasjonen er det ein risiko for at NTNU ikkje i tilstrekkeleg grad fører dette vidare og utviklar det.

For ph.d.-kandidatar er det risiko for framleis lågare utdanningskvalitet på grunn av forseinking som skriv seg frå redusert tilgang til utstyr, laboratorium, faglege nettverk og svakare integrering i fagmiljøet.

#### Risiko for manglende måloppnåing om auka ekstern finansiering

Vurderinga er at det er risiko for at mål om auka eksternfinansiering ikkje blir oppnådd framover på grunn av auka konkurransen om midlane. Det er meir krevjande å vinne fram i konkurransen på grunn av vekst i sektoren utan at omfangset av tilgjengelege midlar aukar tilsvarende.

#### Risiko for at mangelfulle bidrag til omstillinga i samfunnet kan gjøre NTNU mindre relevant

Samfunnet står overfor krevjande omstillingar innanfor ei rekke område. Tema som berekraft, grønt skifte, sirkulærøkonomi, digitalisering, tverrfagleg arbeid og etter- og vidareutdanning får stadig meir å seie og er førande for samfunnsutviklinga, og endringstakta er aukande. I kva grad evnar NTNU å omstille seg slik at universitetet klarer å innfri krav og forventningar og sikre sin sterke posisjon? Det skjer mykje banebrytande forsking og fagleg utvikling ved NTNU, men risikoen er knytt til om krafta og organiseringa av utviklingsarbeidet er tilstrekkeleg til å ta hand om dei forventningane samfunnet har til leveransar innanfor forsking, utdanning og nyskaping. Risikoen er knytt til kapasitet og evne til å gjøre strategisk gode val og tøffe prioriteringar, og til om organisasjonen blir mobilisert til endring og tverrfagleg samarbeid, både internt og med eksterne.

#### Risiko knytt til redusert internasjonalt samarbeid og redusert mobilitet

Tilgang til faglege nettverk og mobilitet er i ferd med å bli betre og nærmar seg ein normalsituasjon sjølv om det framleis er redusert reiseverksemdu. Veletablerte vitskapleg tilsette med godt nettverk kan greie å halde oppe nettverket gjennom digitale verktøy, medan yngre forskarar, spesielt ph.d.-kandidatar, framleis risikerer å bruke lengre tid på etablering av nettverk på grunn av redusert mobilitet.

#### Risiko knytt til magasinforholda i Vitskapsmuseet

Den samla risikoen knytt til den ordinære verksemdu ved museet blir vurdert som noko redusert ved inngangen til 2022. Unntaket er risikoen for magasinforholda for dei vitskaplege samlingane. Magasina treng oppgraderingar for å oppnå nødvendig kapasitet, funksjon og modernisering.

### 6.3.2 Administrasjon, økonomi, forvaltning

#### Risiko for at høgt endringstrykk og mangelfull koordinering skaper stor belastning og slitasje blant tilsette og fører til manglende måloppnåing

Endringstrykket frå prosjekt som er sette i gang, og anna endringsarbeid har auka under pandemien, og det er blitt tydeleg at den samlande belastninga kan vere stor også utan covid-19. Det er ein risiko for overbelastning på tilsette og for låg kapasitet/tilgang i leiing og støtteapparat. Det er varierande grad av risiko for dette i ulike delar av verksemdu, og fleire forhold skaper denne situasjonen. Dei viktigaste er mange parallele utviklingsprosjekt (Campus, BOTT osv.), utskifting av leiarar og utfordringar med overgang til ein endra normalkvardag etter nedstenging. Fleire store oppgåver kan vere avhengige av dei same enkeltpersonane. Mange miljø melder at endringstrykket er krevjande, og at manglende kapasitet fører til slitasje. Dette kan fortrengje viktige oppgåver og føre til manglende måloppnåing i det strategiske arbeidet til NTNU.

#### Risiko for at uønskte hendingar kan føre til brot på personopplysningslova og at informasjon kjem på avvegar

Det er knytt risiko til manglende innføring av eller brot på styringssystemet for informasjonstryggleik ved NTNU. Fakulteta vurderer risikoen ulikt, og totalt blir risikoen rekna for å vere moderat. Det blir vurdert som lite truleg at uønskte hendingar skjer, men dei kan ha store konsekvensar. Manglende informasjonstryggleik kan føre til hindringar for god og effektiv utføring i kjerneverksemdu.

#### Risiko for at mangefull dokumentforvaltning fører til tap av kunnskap og ineffektivitet

NTNU har ufullstendig dokumentasjon i ePhorte, som gjev ein ikkje tilfredsstillande status for arkivet før overgang til BOTT-løysinga. Opprydding/

registrering i basen før overgangen kan bøte på dette, men er ikkje tilstrekkeleg for å fjerne risiko. Det er behov for eit breiare forbetningsarbeid på området, og det er derfor aktuelt å utvide dette prosjektet til også å gjelde rutinar, opplæring og bevisstgjering om dokumentforvaltning.

#### Risiko knytt til campussamling: Risiko for mangefull tilgang til areal og risiko for sårbarheit i anleggsfasen

Campussamlinga tek ikkje tilstrekkeleg høgd for veksten NTNU har i talet på studentar og tilsette, og dette gjev risiko for at enkelte fakultet ikkje får dekt det faktiske arealbehovet. Situasjonen krev god samhandling mellom campusprosjekta og eigedomsavdelinga, slik at det blir teke omsyn til framtidig vekst der det er nødvendig.

Byggje- og anleggsfasen av campussamling om 3-4 år løyer ut fleire risikoar for lærings- og arbeidsmiljø, forsking og hendingsrisiko (sårbart utstyr og prøver kan gå tapt), som må ha spesielt fokus og planleggjast godt.

#### Risiko for utfordringar med rekruttering av nøkkelpersonell

Enkelte fakultet melder om auka utfordringar med å rekruttere relevant kompetanse. Dette omfattar i større grad administrative stillingar, spesielt prosjektøkonomar, og i mindre grad vitskapleg tilsette. Få kvalifiserte søkerar fører til tider til forseinkingar i nytilsetjingar.



Foto: Thor Nielsen/NTNU



# ÅRSREKNESKAP 2021

7

## 7.1 Leiarkommentarar til rekneskapen for 2021

### Rekneskapsavlegginga

Rekneskapen er avgjort i tråd med gjeldande statlege rekneskapsstandardar og er utarbeidd i samsvar med gjeldande krav om oppstilling og presentasjon. Rekneskapen følger føresegna om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement og med opplysing om eventuelle avvik.

Rekneskapen gir etter styret si mening eit riktig bilet av resultata og den økonomiske situasjonen per 31.12.2021.

### Omtale av vesentlege avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatrekneskap, inkludert ei omtale av den økonomiske drifta

NTNU la i budsjettet for 2021 opp til eit resultatmessig underskot på 201 millionar kroner (nedbygging av ubrukte løvningar). Ved årsslutt syner rekneskapen eit mindreforbruk mot budsjett på 368 millionar kroner, og eit resultatmessig overskot på 167 millionar kroner innanfor den løvingsfinansierte verksamda. Budsjettavviket skuldast i hovudsak lågare kostnader enn planlagt i budsjettet.

Dei viktigaste årsaka til mindreforbruket kan oppsummerast i følgande punkt:

- Forseinkingar i vedlikehaldsprosjekt eigedom
- Kjøp av Fengselstomta forskyvd frå 2021 til tidleg 2022
- Generelt mindre forbrukt til drift enn lagt til grunn i budsjett, samt forseinkingar i rekruttering/tilsettning ved nokre einingar

NTNU si økonomiske drift var også i 2021 prega av pandemien, og pandemien påverka gjennomføringskapasiteten ved einingane i større grad enn man tok høgde for i budsjettet for 2021.

### Omtale av utviklinga i avset del av tilskot til løvingsfinansiert verksam

Summen avsett til løvingsfinansiert aktivitet er pr. 31.12.21 på 874 millionar kroner, tilsvarende ca. 12 % av årets løvning frå Kunnskapsdepartementet.

Avsettingar knytt til ordinær drift er på 352 millionar kroner som er 4,8 % av løvninga frå Kunnskapsdepartementet i 2021. 509 millionar kroner er avsettingar knytt til framtidige investeringar i NTNUs investeringsplan.

### Omtale av gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar

